

**Møtedato:** 20. mai 2011

**Frå:** styreleiaren

---

## Vedtaks sak

### S 34/11 2012-normalen for nynorsk rettskriving

**Sakspapir:** *Ny rettskriving for 2000-talet.* Innstilling frå rettskrivingsnemnda for nynorsk, april 2011 (send styret 4. april)  
Innstilling til styret frå styreleiaren 10. mai  
Fråsegn frå fagrådet for normering og språkobservasjon 29. april  
Oversyn over høyringsfråsegner fram til 1. april  
Brev til styret frå Kristin Fridtun og Arvid Langeland 12. mai 2011  
Brev til styret frå Klaus Johan Myrvoll 13. mai 2011  
Brev til styret frå Erlend Bakke 13. mai 2011  
Brev til styret frå Bjørn S. Søltnæs 16. mai 2011  
Brev til styret frå Tordis Irene Fosse 18. mai 2011

**Saksbehandlar:** Ottar Grepstad

**Framlegg til vedtak:** Side 12–13

Når styret no skal ta stilling og gi sitt råd til Kulturdepartementet, bør det gjerast i form av eit brev der styret oppsummerer og analyserer, vurderer og konkluderer. Brevet vil dermed også klargjere for allmenta kva Språkrådet no tenkjer om saka og kvifor Språkrådet gjer det vedtaket det gjer. Eit slikt dokument bør i størst mogleg grad kunne lesast uavhengig av sjølve innstillinga. Formelt blir innstillinga frå rettskrivingsnemnda levert til departementet saman med eit slikt brev, der fråsegna frå fagrådet for normering og språkobservasjon bør liggje ved.

Styreleiaren har forma saksførelegget med tanke på at dette lett kan gjerast om til brev til departementet med dei endringane som trengst etter drøftinga i styret. Då får brevet også ei nødvendig, kort innleiing.

I innstillinga si gjer rettskrivingsnemnda lite ut av dei mange høyringsfråsegnene. Desse må reknast som ein viktig del av vurderingsgrunnlaget for styret, og saksførelegget inneheld difor eit samandrag av dokument som til saman utgjer bortimot 250 sider. Der det kan tilføre saka viktig informasjon, er også moment frå runden 2001–2003 tekne med.

Saksførelegget bør lesast i samanheng med saksførelegg frå administrasjonen om innføring av 2012-normalen.

## **Brei semje om ei grundig innstilling**

Framlegget til ein 2012-normal for nynorsk rettskriving gjer det lettare å skrive rett, både for den røynde språkbrukaren og for den som er språkleg usikker. Framlegget følgjer dei føresetnadene om saka som ligg føre i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining*, og oppfyller mandatet frå Språkrådet så langt råd er. Etter store reformer i nynorsk rettskriving i 1917, 1938 og 1959 kan eit 14 år langt arbeid no avsluttast med 2012-normalen.

2012-normalen gjer nynorsken lett å kjenne att for den jamne brukaren. Dette er ei rettskriving som skal kunne vare lenge. Difor inneheld den også nokre radikale endringar i kombinasjon med solid vidareføring av tradisjon. Rettskrivinga er eit historisk kompromiss mellom ulike regionale målmerke i Noreg som no får meir likeverdig status.

Stortinget oppheva i 2002 den språklege tilnæringspolitikken mellom bokmål og nynorsk. Framlegget representerer den første rettskrivinga etter dette vedtaket og reverserer i liten grad det som har festa seg i perioden med språkleg tilnæringspolitikk.

Nynorsk blir likevel normert på eigen grunn. Det er lagt større vekt på det som har festa seg i skrift enn i talemål. Meir enn før blir nynorsk dermed normert som eit vanleg skriftspråk. Samstundes blir nynorsk verande eit sterkt talemålsbasert skriftspråk.

Mange eig i språket nynorsk. Framlegget er eit kompromiss der alle har fått noko og gitt noko anna. Meiniane om enkelttiltak er delte både i styre, fagråd, rettskrivingsnemnd og ute blant brukarane. Nokon kvar er blitt overraska over at dei på enkeltpunkt er samde med språkmiljø dei elles plar vere usamde med. Trass all slik meiningsskilnad er nynorskbrukarane likevel nærmare ei viss semje i rettskrivingsspørsmålet enn nokon gong. Dei sentrale nynorskinstitusjonane som har uttalt seg, har då også støtta hovudtrekka i framlegget, og ingen har gått prinsipielt imot. Til skilnad frå den førre debatten om nynorskrettskriving 2001–2003 har eit breitt nynorskmiljø no samla seg om den nye rettskrivinga.

Denne prinsipielle semja rommar ulike vurderingar av enkelttiltak. Framlegget frå nemnda blir både kritisert for å stramme inn for mykje, for lite og på feil måte. Tradisjonelle former blir gjerne avviste som vestnorske, og austnorske former blir gjerne avviste som bokmålsnære. Det krev godt skjøn å handtere ein slik situasjon. Nemnda har lytta til både kritikk, kommentarar og endringsframlegg og teke omsyn til høyringa på ei rekkje punkt i innstillinga, på same måten som nemnda undervegs tok til seg ymse innspel i den opne prosessen.

Nemnda har først og fremst rydda og forenkla. Når tonivåsystemet med hovudformer og sideformer også fell bort, gir alt dette eit tydelegare rettskrivingssystem for nynorsk. I den grad nemnda har stramma inn, er det gjort frå den vidare rettskrivinga, ikkje frå læreboknormalen. Talet på former i rettskrivingsframlegget er såleis mindre enn det samla talet på hovud- og sideformer i dagens rettskriving, men valfridomen blir på ein god del område like stor eller større enn i dagens læreboknormal.

Rettskrivinga blir enklare, på mange punkt tydelegare, men ikkje så mykje strammare. Som det verbale språket nynorsk er, har det særleg mykje å seie at det no blir lettare å bøyje verba rett. Generelt blir det fleire eineformer der nemnda har funne det forsvarleg. Der innstramming ikkje viste seg å gi enkle løysingar, valde nemnda å utvide valfridomen. Generelt har nemnda stramma inn i bøyingsverket og vore rausare med valfrie former av ord. Formene som alt står sterkt i skriftleg nynorsk, blir førte vidare. Der to former er om lag like mykje brukte, blir desse valfrie. Nemnda har også vurdert forholdet mellom tradisjonelle og nyare former, og har alt i alt stroke meir i bøyingsverket enn i lydverket.

Stor valfridom kan vere til størst glede for den sikre språkbrukaren, og eit hinder for den usikre. Ein rettskrivingsnormal som skal vere lett å lære, må difor ha system som kan samanfata i reglar. Det er ikkje lett å skrive for nokon, men nemnda har lagt stor vekt på at den nye rettskrivinga skal vere lettare å lære og å lære bort. Den rikdomen som språkleg

talemålsvariasjon representerer i Noreg, set skriftspråket nynorsk på ein særleg prøve. Mykje tyder på at den nye rettskrivinga vil gjere den nynorske kvardagen enklare for både born og vaksne, elevar og lærarar, medarbeidarar og leiarar. Den nye rettskrivinga vil vere tenleg og slitesterk for kvardagsprosa så vel som for skapande kunst.

Der er ikkje noko dominerande eller klart normsenter for nynorsk i dag. Den nye rettskrivingsnormalen gjer det nødvendig å etablere eit slikt normsenter. Dette skal ikkje gå ut over den individuelle valfridomen eller den regionale krafta i nynorsk, men gi ein ferdig pakke og eit trygt kvalitetstilbod for alle dei som ønskjer eller treng det.

I det mandatet styret vedtok første gongen i 2007 og i endeleg form i 2009, gjaldt det å få fram ei enkel, tydeleg og stram norm etter ein open og inkluderande prosess. Med det markerte Språkrådet både ei arbeidsform og ei retning for innhaldet.

Med 2012-normalen kan dei fleste skrive nynorsk som før og framleis skrive rett. Slik sett har det vore gjort større endringar i nynorskrettskriving tidlegare. Til gjengjeld inneber framlegget at eit hundreårgammalt system med fleire nivå i rettskrivinga blir avvikla frå 2012.

Rettskrivinga representerer utan tvil også den mest demokratiske reforma i nynorsk. Alle viktige synspunkt har kome fram, både om dei prinsipielle spørsmåla ei normering reiser, og om dei mange enkeltframlegga. Ingen kan gjere krav på å bli trudd som hevdar at dei ikkje fekk sagt det dei ville ved dette høvet.

Proessen har truleg involvert godt over 1000 personar. Svært mange og ulike grupper av språkbrukarar har fått ta del i den kontinuerlege høyringa, både i møte og gjennom skriftlege innspel. Rettskrivingsnemnda drøfta saka på 38 møte med institusjonar, verksemder og organisasjonar. Undervegs fekk nemnda 502 blogginnlegg og e-postar. På eit ope høyringsmøte 21. februar 2011 var 79 til stades, om lag 300 følgde høyringa direkte på nett-tv, og mange har sett på opptaket etterpå. Det kom inn heile 78 høyringssvar; medrekna eitt etter fristen.

Rettskrivingsnemnda har lagt fram ei innstilling som er oversiktleg, pedagogisk redigert og som inneheld mykje verdfull kunnskap om utviklinga i nynorsk rettskriving gjennom heile 1900-talet. Det er all grunn til å vere imponert over krafta og soliditeten i det arbeidet som er utført, som får ros for fagleg soliditet frå svært mange hald. Framlegget har den faglege tyngda og den breie politiske legitimiteten det må ha.

Rettskrivingsnemnda har til punkt og prikke følgd den stramme framdriftsplanen styret fastsette i desember 2009. Arbeidet med 2012-normalen kan gjerne bli eit lærestykke i moderne samfunnsending om korleis prosessar av dette slaget tener til å finne fram til kloke avgjerder i vanskelege spørsmål der meiningane er svært delte. Det er all grunn til å takke dei mange hundre som har engasjert seg i arbeidet med ny rettskriving for nynorsk, og då aller mest den nemnda som så solid og tillitsvekkjande har gjort det tyngste arbeidet: å ta stilling.

## **Bakgrunn**

Den nynorske rettskrivinga har vore revidert mange gonger, med særleg store endringar i 1917, 1938 og 1959. Norsk språkråd tok på årsmøtet i 1997 til på arbeidet med å endre den nynorske rettskrivinga. Det er eit 14 år langt arbeid som no kan avsluttast med 2012-normalen.

Eit normhierarki med hovudformer (seinare kalla læreboknormal) og sideformer var sett i system for nynorsk rettskriving frå 1917. Utover i 1960- og 70-åra konsoliderte nynorskbruken seg rundt det som er blitt kalla ei midtlinje innanfor læreboknormalen. Dette representerte den viktigaste formaren av ei språknorm for nynorsk.

Norsk språkråd la i 1997 til grunn at systemet med hovud- og sideformer skulle først vidare. Læreboknormalen skulle vere trong og basert på skriftradisjon, medan den samla rettskrivinga skulle ha stor valfridom, der aktuelle former skulle dominere i minst eitt av dei fire dialektområda. I åra som følgde, gjorde Norsk språkråd fleire viktige vedtak om

ordtilfang og normering av importord. Eit samla vedtak om nynorsk rettskriving i 2000 blei avvist av Kulturdepartementet, som mellom anna bad Norsk språkråd vurdere om skiljet mellom hovud- og sideformer skulle takast bort.

Med 10 mot 7 røyster vedtok nynorskseksjonen i Norsk språkråd i mai 2002 å ta bort sideformene. Usemje om kor mykje av sideformene som skulle kome med i den nye rettskrivinga, førte til slutt til at dei nådde fram som ville ha ei heller vid form. Alt i november same året la ei nemnd fram *Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*. Ambisjonen var å få til ei rettskrivingsreform på linje med dei store på 1900-talet. Høyringsrunden om utgreiinga gav 45 fråsegner. Om lag halvparten ville halde på det dåverande systemet med hovud- og sideformer, og berre fem instansar støtta det som hadde vore fleirtalsvedtaket eit halvt år tidlegare. Tanken om ei stor reform grunnstøytte mot det organiserte grunnfjellet i nynorskmiljøet. Debatten desse åra kunne tyde på at avstanden var stor mellom den nynorsken den organiserte målrørsla ville fremje og den nynorsken språkbrukarane faktisk skreiv.

Etter vedtak på årsmøtet i 2003 gjekk framlegg til ny rettskriving for både nynorsk og bokmål frå Norsk språkråd til Kultur- og kyrkjedepartementet 16. juni 2003. I brev 16. februar 2005 godkjende departementet i all hovudsak framlegget for bokmål. Derimot kom departementet til at framlegget for nynorsk ikkje var ”avklarande nok til at det i denne omgangen er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer”.

Både Det Norske Samlaget og fleire andre høyringsinstansar framheva i 2002 at den nynorske rettskrivinga var for komplisert. Tida er inne for å ”skjera ned på det forvirrande store formmangfaldet”, skreiv NFF. Saman med kulturministerens klare avgjerd i 2005 gjorde dette det nødvendig for styret i det nye Språkrådet å ta opp att saka. Sommaren 2007 bad styret administrasjonen førebu saka. Styret vedtok 17. september 2007 samrøystes å setje i gang arbeidet med ein revisjon av nynorsknorma og formulerte eit mandat for arbeidet.

Seinare viste det seg at regjeringa Stoltenberg ville ta opp nynorskrettskrivinga i den språkmeldinga som då var i arbeid. Styret utsette då saka til Stortinget hadde handsama språkmeldinga våren 2009. Stortinget slutta seg til framlegget om at arbeidet med ei ny rettskriving for nynorsk burde setjast i gang. Kultur- og kyrkjedepartementet følgde opp dette i brev 17. september 2009. I møte 16. desember 2009 vedtok styret samrøystes det endelege mandatet for arbeidet, oppnemnde ei arbeidsgruppe og fastsette prosess og framdriftsplan.

Styrevedtaket hausten 2007 utløyste ein brei og intens debatt der meiniane var skarpt delte og mange var kritiske til det Språkrådet no ville gjere. Debatten stadfesta det styret hadde meint om kor viktig det var å få til ein demokratisk prosess. Den prosessen ville vere ein av dei kritiske faktorane for at eit framlegg til ny rettskriving skulle ha legitimitet. Då styret førebudde endeleg vedtak hausten 2009, var det tydeleg at stemning og posisjonar var endra. Det som i 2007 verka som ein tydeleg motstand mot å gjere noko vesentleg med rettskrivinga, var no blitt til ei ganske brei, men ikkje samrøystes tilslutning til ei reform. Det kom også uventa tydeleg til uttrykk på det opningsseminaret som Språkrådet arrangerte 20. januar 2010.

## **Mandat**

Styrevedtaket om mandat og prosess heng nøye saman. Det språkfaglege arbeidet skulle kombinerast med brei deltaking både i nemnd og arbeidsform.

Den grunnleggjande tankegangen var den same i styrevedtaket hausten 2009 som den hadde vore to år tidlegare. Samstundes viste både merknader frå fagrådet for normering og språkoobservasjon, brevet frå Kultur- og kyrkjedepartementet og drøfting i styret at mandatet frå 2007 burde få nokre viktige tillegg. I det endelege mandatet gjeld punkta 1–3 det språkfaglege arbeidet. Tillegga frå 2009 står i kursiv:

**1** På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003, *seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av denne i Stortinget våren 2009* set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.

**2** Målet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. *Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse.*

**3** *Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreing og skriftspråktradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.*

**4** *Grunnlagsmaterialet frå arbeidet med normering 2001–2003 er eit fagleg hovudgrunnlag for arbeidet med den nye norma.*

Tillegget i punkt 2 var ein direkte konsekvens av debatten hausten 2007 og markerer at språket er til for alle og skal kunne brukast av alle. Tillegget i punkt 3 er identisk med ein viktig føresetnad i brevet frå departementet om at nynorsknormalen skal vere landsgyldig, og der det heitte ”at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar”. Med punkt 4 klargjorde styret det faglege grunnlaget for nemnda og framheva samanhengen med det arbeidet som var utført tidlegare på 2000-talet.

Styret var på det reine med at mandatet inneheldt omsyn og faktorar som kunne stri mot kvarandre. Det har då også mange peikt på i høyringsfråsegnene til rettskrivingsnemnda, likeins nemnda i innleiinga si. Dette kunne styret ha løyst gjennom eit omfattande utgreiingsarbeid før arbeidet blei sett i gang. Då hadde styret føregripe debatten og lukka prosessen. I staden gjorde styret det klart at alle omsyn verken skulle eller burde vege like tungt. Det måtte vere opp til nemnda å balansere mellom interessene og motsetnadene på eit fagleg grunnlag. På denne måten kunne også den opne prosessen påverke ikkje berre vurderingane av enkeltframlegg, men også dei overordna, prinsipielle og strategiske vurderingane. Det var også det som skjedde.

### **Nemnd med solid kunnskap og typiske språkbrukarar**

Noreg er langt på veg blitt eit land med ein språkdelt kultur gjennom debatt og avgjerder mellom ekspert og veljar, representasjon og folkevald. Den er denne tradisjonen også Språkrådet har bygt på i denne saka. Det gjaldt å lage ein møteplass mellom kvalifiserte språkbrukarar og solide fagfolk, og mellom nemnd og brukar.

Språkrådet føresette at nemnda skulle byggje på det arbeidet som blei gjort 2001–2003, i nært samspel med fagrådet for normering og språkobservasjon. Då kunne også rettskrivingsnemnda setjast saman på eit friare grunnlag. Styret la særleg vekt på å kombinere språkforskarar og språkbrukarar, sikre legitimitet i vide krinsar – ikkje berre hos dei som alt var samde i sak, og som ville trivast med den opne prosessen. Difor fekk nemnda medlemmer både frå språkvitskap, offentleg forvaltning, skule og massemedium.

Med ei slik organisering av arbeidet gav Språkrådet frå seg styringa over arbeidet utover det som følgde av mandatet. På førehand var uvissa stor om korleis dette ville gå, men på ny viste det seg at når partsinteressene får kome til orde tidleg nok og blir inkluderte på alvor, blir også ordskiftet meir prega av respekt og forståing for andre sine synspunkt. Prosessen fekk då også mange til å skifte meining i store og små spørsmål. Av slikt står det respekt.

### **Open prosess, grundig dokumentasjon, brei deltaking**

Å lage eit godt gjennomtenkt framlegg til ei samla rettskriving kan éin person gjere åleine. Fleire høyringsfråsegner er langt på veg slike framlegg. Det mest krevjande er å vinne tilslutning. Difor la Språkrådet stor vekt på at prosessen skulle vere så open som det var praktisk mogleg å få til.

Nemnda har spelt med opne kort heile vegen både i framgangsmåte, kjeldebruk, framlegg, førebels vedtak og endelege vedtak. Alle som ønskte å møte nemnda, fekk høve til det, og nemnda tok også sjølv initiativ. I alt hadde nemnda 33 slike møte; i seg sjølv imponerande på så kort tid.

Nemnda har hatt tilgjenge til store mengder digital dokumentasjon av skrivepraksis innanfor nynorsk. Det dreiar seg om dei store arkiva til Norsk Ordbok, Nynorskordboka og ei stor digital samling av nynorsk tekst frå alle sjangrar og tidsperiodar, eit såkalla tekstkorpus som inneheld på nær 86 millionar ord. Om lag 75 % av materialet i tekstkorpuset var mindre enn ti år gammalt. Fleire har hevda at mykje av tekstkorpuset er tekstar som er skrivne innanfor læreboknormalen, men materialet inneheld få læreboktekstar og lite tekstar frå statsinstitusjonar. NRK skriv i si høyringsfråsegn at ikkje noko frå dei er med, men tekstkorpuset har også eit visst innslag av materiale frå NRK.

Verdien av slike undersøkingar blei kritisk kommentert i 2001–2003. Skriftleg praksis målt i frekvens er ikkje noko demokratisk uttrykk for ein folkevilje, heiter det i saksførelegget om normering til årsmøtet i Norsk språkråd i 2002: ”Storparten av belegga for frekvensmålingane er resultat av fastsette normer hos relativt få personar”. Det tekstmaterialet nemnda hadde tilgang til denne gongen, representerer ei så stor breidd at det ikkje kan avvisast ut frå ein slik argumentasjon. Fråværet av eitt eller to tydelege normsenter viser tydeleg att i dei store tekstmengdene. Utan dette materialet hadde arbeidet teke meir tid, og det hadde vore vanskeleg å kontrollere faktagrunnlaget for mange vurderingar, som geografisk utbreiing av former og kor mykje ei form er brukt. Samstundes har nemnda brukt materialet med stor varsemnd.

Nemnda møtte stor velvilje i arbeidet sitt. Berre på eitt punkt skar det seg, og det var eit viktig punkt. Nemnda fekk avslag på førespurnad til Utdanningsdirektoratet om innsyn i anonymiserte kopiar av eksamenssvar. Det var ei uheldig avgjerd, og den var merkeleg all den tid eit tilsvarende materiale frå eksamenskull kring 2000 blei frigitt for undersøking i førre runden. Som ventande kunne vere synte den undersøkinga at slike upubliserte tekstar er mindre einsarta enn tekstar som er redigerte og publiserte. Avslaget hindra ein utdjupande analyse over tid av dette fenomenet.

Rettskrivingsnemnda har brukt 15 månader. Dette høge tempoet var forsvarleg av to grunnar. For det første var det grundige forarbeidet i åra 2001–2003 med omfattande dokumentasjon av språkbruk og tendensar ein nødvendig føresetnad for å lage eit kunnskaps- og forskingsbasert framlegg til ny rettskriving, og nemnda slapp då å ta til på eit nullpunkt. For det andre skulle prosessen vere open og inkluderande. Dreg det ut, misser prosessen momentum, engasjementet falmar, og berre dei mest meiningssterke held ut. Det som skulle vere ein open prosess, kunne dermed ende udemokratisk og lukka.

Vår tids digitale kontakt- og omgangsformer gjorde at kven som helst når som helst kunne stille spørsmål eller seie si meining om arbeidet i nemnda. Djupast sett er dette også i

tråd med den grunnfesta tradisjonen i norsk språkpolitikk gjennom meir enn hundre år om at språkbruk i kommune, kyrkje og skule blir avgjort lokalt.

### **Høyringsmøte og høyringsfråsegner**

Den opne prosessen innebar ei kontinuerleg høyring. Difor kunne den formelle høyringsrunden gjerast kort. Institusjonar og organisasjonar som hadde meint noko i den førre runden 2001–2003, fekk alt i august 2010 brev frå rettskrivingsnemnda med informasjon om den vidare prosessen. Dermed kunne alle førebu seg i tide. Nemnda avklara også denne sida av saka med Difi. Nokon meinte likevel høyringsfristen var for kort.

På den opne høyringa 21. februar 2011 kom det innlegg frå 19 institusjonar, organisasjonar og enkeltpersonar. Det kom inn 78 høyringsfråsegner frå heile landet. 20 av desse kom frå institusjonar og verksemder, 21 frå organisasjonar – dei fleste i målrørsla. 37 fråsegner kom frå enkeltpersonar – den yngste 16 år gammal, og frå Lesja har heile 15 privatpersonar signert eit brev.

20 av dei som gav høyringsfråsegn i 2011, hadde også levert fråsegn i 2002; då kom det 45 høyringsfråsegner. Den gongen sende berre eit fåtal privatpersonar inn merknader.

I høyringsbrevet bad nemnda særskilt om svar på ti spørsmål. Berre to høyringsinstansar svara likt på dei ti spørsmåla. Sett på spissen kunne dei 78 høyringsfråsegnene i sin konsekvens gi 77 ulike rettskrivingsnormalar. Det viser kor stor spennvidda er i nynorskmiljøet, og kva oppgåve nemnda har stått overfor. Likevel framhevar svært mange at dei er samde i mykje av det nemnda har føreslått, og endå fleire ville ha meir å vere samde om i den endelege innstillinga.

Alle dei sentrale nynorskinstitusjonane og -organisasjonane gav i høyringsfråsegner prinsipiell støtte til hovudlinjene i framlegget frå nemnda. Kvar for seg er ikkje desse representative, men samla har dei kontakt med svært ulike grupper av nynorskbrukarar. Ei enkel jamføring av høyringsfråsegnene i 2002 og 2011 syner at mange har skifta mening. Ikkje minst gjeld det nynorskinstitusjonane og -organisasjonane. Såleis målber både Det Norske Samlaget, Noregs Mållag, Norsk Målungdom og Nynorsk kultursentrum andre synspunkt no enn dei gjorde sist.

Utanom universitet og høgskular sende uventa få statsinstansar høyringsfråsegner. Av departementa kom det ei frå EØS-sekretariatet i Utanriksdepartementet, og ei frå Justis- og politidepartementet. Medan Utanriksdepartementet har valt bort ”mange av dei bokmålsnære formene i våre retningslinjer”, distanserer Justis- og politidepartementet seg – på bokmål – frå tanken om ”fjerning av enkelte bokmålsnære former for å hindre at de brukes. Det kan vanskelig tale mot godkjente former at de har vist seg populære i enkelte sammenhenger”.

Få medieverksemder sende formell fråsegn, men nemnda hadde møte med fleire slike. Blant dei store tekstprodusentane har NRK, Det Norske Samlaget og Nynorsk pressekontor sagt sitt, medan berre ei avis har levert høyringsfråsegn.

Høyringa var reell og fekk følgjer; rettskrivingsnemnda endra innstillinga i både store og små spørsmål etter høyringsrunden. Det endelege framlegget er dermed endå meir i tråd med dei nyanserte synspunkta blant språkbrukarane.

### **Faglege perspektiv i høyringsfråsegnene**

Dei fleste høyringsfråsegnene støttar hovudtrekka i framlegget, men knapt nokon er samde i alt. Det går att i fråsegnene at ein er svært takksam for det arbeidet nemnda har gjort, sjølv om ein ikkje deler synspunkta fullt ut. Jamt over blir framlegget oppfatta som ei positiv endring og forenkling, men til dømes Leikanger Mållag meiner framlegget er ”meir rotete og inkonsekvent enn nynorsken nokon gong har vore”. Nynorskbrukarane er verken samde om situasjonsanalyse, strategi eller tiltak. Tilhengjarane av klassisk nynorsk – som

Høgnorskringen, Ivar Aasen-sambandet og Målmannen – avviser framlegget på prinsipielt grunnlag.

Svært mange av høyringsfråsegnene er grundige og gjennomarbeidde kommentarar. Fleire har jamvel utforma egne, nokså heilskaplege framlegg. Såleis viser prosessen at nynorsk skriftkultur i dag har mange språkbrukarar som med eller utan formell utdanning har stor innsikt i saka. Engasjement er sterkt, diskusjonen er konstruktiv og spissformuleringane mange. ”Ikkje snør lufta ut av språkglede og nynorsktilhørsle”, skriv Margit Ims. ”Ei ordliste i seg sjølv gjev ikkje støe målbrukarar”, skriv Noregs Lærarmållag. ”Nynorsken må vere enkel og grei og brukarvennleg, slik at det går an å lære han skikkeleg for folk flest. Då kan vi ikkje ha eit heilt hav av valfridom”, skriv Språkverkstaden.

Normhierarkiet med *hovud-* og *sideformer* har vore ein del av nynorsk rettskriving like frå Kyrkjedepartementet fastsette den første rettskrivinga i 1901 og sette det i system frå 1917. I høyringsrunden i 2002 gjekk tre av fire høyringsinstansar inn for å føre vidare normhierarkiet med hovud- og sideformer. I 2011 er det få som hevdar dette synspunktet. At mandatet føresette éi rettskriving utan nivåinndeling, har nok hatt sitt å seie.

Synet på normhierarki i nynorsk har altså endra seg. Meiningsane er likevel framleis delte i 2011; systemet blir kalla både ei ulykke og ei pedagogisk velsigning. Ivar Aasen-sambandet skriv at systemet er eit ”bolverk mot altfor stort formspråk”. Andre høyringsinstansar framhevar at variasjonen i nynorsk er for stor og meiner systemet altså ikkje har verka, eventuelt at det har vore ein del av den tilnæringspolitikken som ikkje lenger skal først. Rolf Theil skriv at ”dei færreste skriftspråka i verda” har eit slikt system.

Framlegget inneber at nynorsk framleis får regionale fargar og har ein *valfridom* som er meir enn stor nok for dei som maktar å spele på denne. Nynorsk blei forma som eit skriftspråk bygt på dialektane som ein samnemnar. Det var programmet, men røynda var ei anna alt då Ivar Aasen utførte det store arbeidet sitt. Han henta mest frå dei talemåla som bar i seg mest av det eldre norrøne språket.

I arbeidet med ei rettskriving blir dette utfordra frå to kantar. Særleg frå 1970-åra har dialektane fått ein heilt annan status og bruk enn tidlegare, og dei pregar i større grad skriftspråket enn før, særleg i nokre sjangrar og medium. At dialektane står så sterkt, har endra skriftspråket nynorsk, men i liten grad bruksmønsteret for nynorsk. Ivar Aasen-instituttet skriv at ”omfanget av dialekt- og talemålsnær tekst er truleg større enn nokon gong i skrifthistoria”. Universitetet i Tromsø skriv at det er positivt ”for den språklege identiteten om ein kan ta med seg trekk frå talemålet sitt inn i skriftspråket”.

Samstundes har nynorsk som skriftspråk no eksistert i 150 år. Det gir skriftspråket ei eigentyngd, og ein stad går der grenser for kor talemålsnært eit skriftspråk kan vere. ”Vi må godta at det er skilnader på det sams, nasjonale skriftmålet og det lokale talemålet vårt. Skriftmålet kan ikkje elles bli ein samnemnar”, skriv Rolf Theil. Einskap i rettskrivinga må til ”for at nynorsken skal kunna stå seg som eit sjølvstendig mål jamsides med bokmålet”, skriv Arvid Langeland.

Skriftspråk inneber krav om konsekvens, medan talemål krev rom for variasjon. Denne spenninga kjem til uttrykk i ei rekkje høyringsfråsegner, og konklusjonane varierer med språkpolitisk ståstad. Tilhengjarane av klassisk nynorsk og høgnorsk framhevar med presise argument skriftspråket, medan dei som legg mest vekt på ein landsgyldig normal, framhevar talemålsgrunnlaget.

Ei anna spenning er *det systemrette kontra det individuelle*. Mange undersøkingar syner at dei som skriv eller er positive til å skrive nynorsk, er mindre villige til å tilpasse seg det nøytrale og dominerande. Å skrive nynorsk blir for mange jamvel eit uttrykk for motstand mot tilpassing og ei personleg erklæring om språkbruk. Ein nynorskbrukar som Vegard Storsul Opdahl frå Oslo skriv i si fråsegn at han er usamd i fleire viktige framlegg frå nemnda, men er likevel stort sett nøgd og hadde framleis ”valt å legge om til nynorsk dersom han såg



ut som framlegget til nemnda”. I den tidlege debatten om rettskrivinga tok mange til orde for verdien av stor individuell valfridom og gjorde denne ofte overordna det kollektive eit skriftspråk alltid må representere. Slike synspunkt blei det færre av etter kvart.

I høyringsrunden blei framlegget kritisert for å vere både *for lite vestlandsk og for mykje vestlandsk*. ”Eg tykkjer nemndi på ein del punkt nedprioriterer kjerneområdet”, skriv 16 år gamle Bjørn Sandvik Sølsnæs i Sogn. Østfold Mållag og andre les derimot ”ei kraftig ’vestlandifisering’” ut av framlegget. Denne kritikken mot det vestlandske har vore der nær sagt like lenge som nynorsk har vore skrive. Samstundes var der ein viss tendens i høyringsfråsegnene til at det er frå dei områda der nynorsk blir brukt mest, at ønska kjem om ein trong nynorsknormal.

Slike motsetnader gjer at både nemnda og høyringsinstansar må kome til kort i spørsmålet om konsistent argumentasjon. I eitt tilfelle kan utbreiing i talemål vere det viktigaste, i eit anna kan det vere avgjerande kor mykje ei form er brukt i skrift. Nokre gonger avviser ein bruk som avgjerande argument, andre gonger skal nettopp bruken få avgjere. Likevel, med den store tekstsamlinga kunne nemnda i større grad enn før ta kunnskap om *faktisk bruk* med i vurderingane. Ein høyringsinstans som Høgskolen i Bergen legg vekt på at det ”må vere bruk av formene som skal avgjere, ikkje om formene fell saman med bokmålsformene”, og minner om at ”bokmålsnær” ikkje er det same som ”nynorskfjern”. Dette er likevel eit springande punkt, for spørsmålet blir då kva mekanismar som har gjort ei form vanleg i nynorsk. Her peikar mellom andre Noregs Mållag på at utgangspunktet for framlegget er ”ei rettskriving som er prega av tilnærmingspolitikken som er ført i Noreg dei siste 70–80 åra”. På den andre sida kan det vere ein fare for at ”ein gjer bokmålet til ein usynleg normeringsinstans”, skriv Jon Peder Vestad, der enkelte former blir avviste fordi dei blir oppfatta som resultatet av påverknad frå bokmål.

Høyringsfråsegnene syner nokre klare *skilnader mellom dei profesjonelle og dei andre språkbrukarane*. Obligatorisk samsvarsbøying er i dag obligatorisk i læreboknormalen. Dei profesjonelle språkbrukarane, som språkrettarar, Høgskolen i Hedmark og Høgskolen i Oslo, vil halde på denne regelen, likeins lærarar med språkleg grunnlag for det frå Vestlandet. Mange av dei andre som meiner noko om dette, stør framlegget frå nemnda om ei endring. Her sprikjer elles situasjonsanalysen frå at obligatorisk samsvarsbøying er lettast å lære til at få meistarar samsvarsbøying. På dette punktet kan det sjå ut til at meiningane er like delte i 2011 som dei var for ti år sidan.

*Forfattarane* er blant dei mest synlege språkbrukarane. Særleg dei skjønnlitterære forfattarane skriv innanfor ein hevdvunnen tradisjon for fri omgang med rettskrivingsnormalen. Same kva endringar som måtte kome, ville det altså få lite å seie for nynorsk rettskriving i skjønnlitteraturen. På den andre sida ønskjer nok også desse å skrive innanfor normalen, og dei bør alle kunne ha dei same aksjane i det som gjeld. Truleg skriv dei skjønnlitterære forfattarane meir lik nynorsk enn nokon gong før i historia, men dei fleste har sine særtrekk.

Instansar som dataprogramprodusenten Nynodata peikar på at nemnda har gjort lite ut av *det digitale perspektivet*. Digitale språkverktøy er i dag sjølvsgade for nær sagt alle som skriv nynorsk. Skiljet mellom hovud- og sideformer har lenge vore fråverande i dei vanlege stavekontrollane; her kjem rettskrivingsnormalen på høgd med røynda. Større valfridom representerer ikkje noko prinsipielt problem for utforminga av språklege datareiskapar, med mindre det dreiar seg om ord som er stava likt, men har ulik meining. Ut frå ein digital tankegang meiner Nynodata det ikkje kan forsvarast å bruke frekvens som kriterium for normering. I eit digitalt perspektiv har frekvens lite å seie fordi dei aktuelle programma ikkje vil trenge å ta omsyn til om ei form er mykje eller mindre brukt. I den endelege innstillinga presiserer nemnda noko av dette, og nemnda har lagt til grunn at ordbilete ein sjeldan møter på i skrift, festar seg dårleg hos brukarane.

Då Språkrådet sette i gang arbeidet med 2012-normalen, var det ein grunnleggjande premis at den vidare utviklinga i bruken av nynorsk handlar mykje meir om politikk, demografi og økonomi enn om rettskriving. Dette framhevar fleire i høyringsrunden. ”Vi er dei siste femti åra blitt færre, ikkje fleire nynorskbrukarar, og bruken av nynorsk har gått sterkt tilbake i dei områda av landet der argumenta for den vide norma har vore målborne sterkast”, skriv Nynorsk kultursentrum. ”Eit stort problem for unge nynorskbrukarar er at dei i altfor liten grad vert eksponerte for nynorsken”, skriv Ivar Aasen-instituttet. ”Rettskrivinga bergar ikkje nynorsken”, skriv Øyvind Fenne i ei høyringsfråsegn. ”Hovudskulda”, skriv Guri Vesaas, ”har den elendige nynorskundervisninga som har dominert i ættled etter ættled”.

Samstundes er det eit gjengangarargument for mange enkeltframlegg at desse er nødvendige for at nynorsk skal ha nasjonal legitimitet. Margit Ims med fleire forsvarar austnorske former i sine høyringsfråsegner. Likevel er det eit faktum at nynorsk er under sterkt press på Austlandet, sjølv om også dagens rettskriving gir eit stort rom for austnorske former i praksis. Rettskriving åleine gir ingen endringar, men må heller ikkje gjerast til store hindringar. Difor er den gode geografiske balansen i framlegget viktig: Kanskje kunne noko av det nynorsk manglar i sosial status, kompensast gjennom geografisk dekning.

### **Språkrådets tilrådde norm**

2012-normalen er eit tilbod til alle som ønskjer å skrive korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal. Språkbrukarar lærer i større grad skriftleg språkføring etter føredøme enn etter talemål. I praksis bruker nær sagt alle stavekontrollar, mange også omsetjingsprogram. Dei stilkontrollane som måtte bli laga, gir då rom for trongare og brukardefinerte normer. Dette er alt tilfelle i dag.

Den sterke og aukande bruken av dialekt nær skrivemåte i nye medium gjer det enklare for nynorskbrukarane å slutte opp om ei slik tilrådd norm. Dialektbruken i tekstmeldingar, på bloggar og pratesider dokumenterer på eit vis at nynorsken sjølv i si vidaste form ikkje er dialekt nær nok for slike medium. Det aktualiserer behovet for ei tilrådd skriftspråkleg norm.

Både det kollektive einskapsprinsippet og prinsippet om individuell valfridom blir førte vidare med den nye rettskrivinga. Valfridomen er på plass; einskapsprinsippet kan bli meir utsett enn det som godt er. Fagrådet for normering og språkoobservasjon skriv at ”det er mogleg å ønskja seg eit endå tydelegare fokus enn nemnda har hatt” på dette. Mange institusjonar, organisasjonar og verksemder kjem til å gjere mange val innanfor normalen og fastsetje eigne husnormer. Slike husnormer skal brukast av personar med ulike språklege og kulturelle føresetnader, og dei må vere fagleg godt funderte for at dei skal dekkje dei daglege behova som følgjer av særleg mållova og arbeidet med klarspråk i offentleg forvaltning.

Nynorskrettskrivinga blir verande vid, men på ein annan og tydelegare måte enn før. Det er også bokmålsrettskrivinga, men der set fleire private og offentlege normsenter sitt tydelege preg på praksis. Skriftspråk treng slike normsenter, ikkje minst nynorsk, som totalt sett blir mindre brukt enn bokmål. Dei store regionavisene utgjer nok ei viss normerande kraft, likeins NRK og Det Norske Samlaget. Ingen av desse representerer ei open normfastsetjing.

Rettskrivingsnemnda viser at statsforvaltninga skriv mange typar nynorsk og har avdekt fleire tilfelle av at ein ønskjer husnormer og omsetjingar ”så bokmålsnært som mogleg”. Dette kjem til uttrykk i høyringsfråsegna frå Justis- og politidepartementet. I mange tilfelle er det miljø prega av bokmålsbrukarar som tingar slike husnormer. Dei tek for lite omsyn til at nynorsk skal normerast og utviklast på sjølvstendig grunnlag, og dei kan ha dårlege føresetnader for slike vurderingar.

Som skriftspråk er ikkje nynorsk tent med så vilkårleg utføring. Det vil ikkje vere heldig at det veks fram ein stor underskog av husnormer som ikkje er synlege eller tilgjengelege for omverda. Staten er i praksis eit tydeleg normsenter for bokmål, men ikkje for

nynorsk. Det manglar i det heile tydelege normsender i nynorsk skriftkultur. Framlegget frå rettskrivingsnemnda gjer det aktuelt for Språkrådet å bli eit slikt normsender. Dermed tek staten eit initiativ som elles vil bli teke av mange private interessentar.

Det omfattande arbeidet til rettskrivingsnemnda, dei mange høyringsfråsegnene og den språkfaglege kompetansen i administrasjonen set Språkrådet i stand til å lage ei tilrådd norm for nynorsk. Språkrådets tilrådde norm skal vere ope tilgjengeleg og eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan også gjere det lettare for privatpersonar å finne sin nynorsk. Formelt representerer ikkje dette eit nytt tonivåsystem, og det skal heller ikkje vere slik at Språkrådets tilrådde norm er rettare eller betre nynorsk enn andre husnormer. Derimot kan alle språkbrukarar vere sikre på at norma held høg fagleg kvalitet.

Språkrådet har tradisjon for og solid røynsle med å vedta tilrådde normer, til dømes om skrivemåten av geografiske namn og transkribering frå slaviske språk. At det er nettopp er Språkrådet som lagar ei slik norm, strekar under at nynorsk er og skal vere eit nasjonalspråk, normert på eige grunnlag.

Språkrådets tilrådde norm må haldast innanfor dei formene som det store fleirtalet av nynorskbrukarar nyttar og dermed i hovudsak liggje trygt innanfor dagens læreboknormal, med dei tilpassingar som følgjer av 2012-normalen. Valfridomen bør vere avgrensa for at norma skal vere mest mogleg funksjonell, men til dømes a- og e-infinitiv må vere sjølvskrivne delar. Denne tilrådde norma skal vere eit sjølvstendig tilbod og ikkje på noko vis markerast i ordlister eller ordbøker.

Det kan vere nødvendig å avklare om nokon som er tilsett i statsforvaltninga, kan forpliktast til å følgje ei slik tilrådd norm. Sjølv om statstilsette eventuelt står fritt til å skrive som dei vil berre dei er innanfor rettskrivingsnormalen, blir det ikkje annleis med Språkrådets tilrådde norm enn om etaten sjølv tingar og utformar ei husnorm. Språkrådet vil i alle høve stimulere flest mogleg offentlege institusjonar, produsentar av digitale språkreskappar, forlag og aviser, og andre viktige normpåverkarar til å bruke norma.

Sekretæren for rettskrivingsnemnda, Aud Søyland, vil ha dei beste føresetnader for å gjere eit slikt arbeid, og ho har sagt seg interessert i eit slikt oppdrag. Etter at fagrådet for normering og språkoobservasjon har gitt si tilråding i saka, kunne Språkrådets tilrådde norm for nynorsk vonleg bli fastsett i styret seinast i februar 2012.

### **Strategi for innføring av den nye nynorsknynormalen**

Dette blir drøfta meir utførleg i saksførelegg frå administrasjonen til sak 35/11.

Då styret fastsette framdriftsplanen, var ein viktig føresetnad at *Nynorskordboka* skal kunne liggje føre i ny utgåve til rettskrivinga blir teken i bruk. Behovet for dette blir også understreka av fagrådet for normering og språkoobservasjon. Rettskrivingsnemnda har lagt arbeidet godt til rette for dei som skal redigere nye utgåver av ordlister, ordbøker og ymse digitale språktenester. Framlegget gjer det også nødvendig å revidere grammatikkar både for skulebruk og for allmenta.

I høyringsrunden la både Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum vekt på at det er nødvendig å styrkje nynorskkompetansen i mange yrkesgrupper. Det står dårleg til sjølv hos mange norsklærarar. Osterøy Mållag strekar i si høyringsfråsegn under at den store valfridomen er krevjande for både lærarar og elevar. Behovet for opplæring og oppfølging gjeld særleg tilsette i skuleverket, frå barnehage til universitet, og tilsette i offentleg forvaltning, frå departement til kommune. Dette føreset eit omfattande samarbeid mellom særleg Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Både tilsette i skuleverket og dei som frå no av utdannar seg for slikt arbeid, må få gode opplæringsprogram for nynorsk rettskriving. Til slike opplæringstilbod må eitt fagleg moment avklarast: Kor langt kravet om konsekvens bør gjelde i opplæringa. Nemnda har sagt

sitt om dette på eit par punkt, til dømes om former med og utan *j* etter *g* og *k*. Som både Universitetet i Bergen og fagrådet for normering og språkobservasjon har peikt på, trengst det her fleire avklaringar.

Ordtilfanget i seg sjølv var ikkje tema i 2011. Det var det heller ikkje i 2001–2003. Nemnda peikar på at eit stort arbeid ventar for å avklare valfridomen for kjønn på nynorsk. Styret bør be fagrådet for normering og språkobservasjon gå i gang med eit slikt arbeid snarast råd. Arbeidet vil ta tid og må gjerast uavhengig av at 2012-normalen blir innført.

Det er aktuelt å be fagrådet førebu mogleg følgjeforskning om innføringa av den nye rettskrivinga.

### **Grunnlag for avgjerd**

Innstillinga frå nemnda er formelt samrøystes. Ein av medlemene kom i ettertid med nokre eigne framlegg, trykt som vedlegg til innstillinga. Fagrådet for normering og språkobservasjon har samrøystes slutta seg prinsipielt til innstillinga. Fagrådet gjer samstundes framlegg om nokre få endringar. Der er faglege grunnar for å følge iallfall nokre av råda deira, men der er også faglege grunnar for å følge nemnda. Di færre endringar vi gjer no, di større blir sjansen for at det heilskaplege systemet som rettskrivingsnemnda har etablert, faktisk er i bruk 1. august 2012.

Språkrådet har først og fremst styrt denne prosessen gjennom mandat, samansetjing av nemnd, knapp frist og organisering av arbeidet. Undervegs i arbeidet har det vore så tett kontakt mellom nemnda og styret som styret har ønskt. Dette bør styret ta omsyn til no. Samstundes står styret fritt til å gjere dei endringane ein vil i framlegget.

Det kunne vere freistande for nokon kvar endeleg å få setje sitt preg på rettskrivinga for nynorsk. Styreleiaren har såleis ei rekkje punkt som ville bli annleis viss det var han som skulle avgjere dette. Slik vil det nok vere for mange i eit styre med brei samansetjing av språkfagleg, politisk og allmenn kompetanse. I respekt for det arbeidet som er utført, bør slike endringsframlegg vere like godt funderte som dei konklusjonane nemnda har kome til. Elles risikerer vi at element av personleg synsing får urimeleg mykje å seie etter at den opne prosessen er avslutta. Nemnda kom ofte til at det dei trudde er vanleg og uvanlege former, viste seg å samsvare noko lite med den nynorsken som faktisk blir skriven. Då er det sannsynleg at ein del av det styret eller andre tenkjer om typisk nynorsk, også kan ha skiftande nærkontakt med røynda. Difor bør styret la vere å gjere endringar i innstillinga med mindre ein meiner innstillinga reiser prinsipielle spørsmål som krev andre konklusjonar eller at nemnda ikkje har følgt mandatet.

Styreleiaren kan ikkje sjå nokon slike problem og er innstilt på å rå til at Kulturdepartementet følgjer innstillinga frå nemnda utan endringar. Ei samrøystes innstilling frå rettskrivingsnemnda med prinsipiell tilslutning frå eit samrøystes fagråd og eit mogleg samrøystes vedtak i styret vil i så måte vege tungt.

### **Framlegg til vedtak**

1 Framlegget til ny rettskriving for nynorsk gir nynorsk ei moderne, landsgyldig rettskriving. Det systemet med hovud- og sideformer som blei formalisert frå 1938, blir med dette avvikla, og nynorsk blir eit språk meir på linje med andre språk, normert på eige grunnlag.

2 Den nye nynorsknormalen balanserer godt den store talemåls- og skriftspråklege variasjonen som er særmerkt for nynorsk. Framlegget kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar, er tydelegare for alle som bruker nynorsk som sidemål, og gjer det enklare å skrive nynorsk rett uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse. Den nye nynorsknormalen fører vidare former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar og sikrar at nynorsk framleis kan appellere til språkbrukarar over heile

landet. Med dette framlegget kan dei aller fleste nynorskbrukarar skrive nett som dei gjorde før, og det blir enklare for nye generasjonar å ta til seg dette skriftspråket.

3 Den opne prosessen har sikra brei deltaking i arbeidet. Dette har gitt eit godt grunnlag for å vurdere kva endringsframlegg som har brei støtte, og kva det ikkje er mogleg å vinne tilslutning til no. Den sterke posisjonen talemål har fått i Noreg dei siste tiåra, den store variasjonen i skriftspråkleg praksis og den breie debatten har gjort at framlegget i all hovudsak er så tydeleg, enkelt og stramt som det no kunne bli om det samstundes skulle bli akseptert av breie brukargrupper. Mange har strekt seg langt for å oppnå semje. Den semja markerer eit tidvende i arbeidet med nynorsk rettskriving.

4 Språkrådet sluttar seg på alle punkt til innstillinga frå rettskrivingsnemnda og rår til at Kulturdepartementet godkjenner framlegget til ny rettskriving for nynorsk med verknad frå 1. august 2012. Av omsyn til det arbeidet som må gjerast før den nye normalen blir teken i bruk, bed Språkrådet om at departementet tek stilling før 1. september 2011.

5 Den nye rettskrivinga viser kva som er korrekt nynorsk og gjeld for alle som pliktar å skrive innanfor ein normal. Den store valfridomen inneber at mange institusjonar, organisasjonar og verksemder i praksis kjem til å gjere mange val og fastsetje eigne husnormer. Slike husnormer skal brukast av personar med ulike språklege og kulturelle føresetnader, og dei må vere fagleg godt funderte for at dei skal dekkje dei daglege behova som følgjer av særleg mållova og arbeidet med klarspråk i offentleg forvaltning.

6 Språkrådet vil difor fastsetje ei tilrådd norm for nynorsk. Den norma blir eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert. Språkrådet vil stimulere flest mogleg offentlege institusjonar, produsentar av digitale språkreiskapar, forlag og aviser og andre viktige normagentar til å bruke norma. Språkrådets tilrådde norm blir seinast fastsett på styremøtet i februar 2012. Denne norma blir tilgjengeleg som eit sjølvstendig digitalt dokument frå Språkrådet, men skal ikkje på noko vis markerast i ordbøker eller ordlister.

7 Styret bed fagrådet for normering og språkoobservasjon utgreie og gi sine råd om meir overordna spørsmål som rettskrivingsnemnda ikkje kunne prioritere å ta stilling til, særleg valfridomen i kjønn på substantiv og fuge i samansetjing. Dette arbeidet må gjerast uavhengig av innføringa av den nye rettskrivingsnormalen. Likeins bed styret fagrådet om ein plan for mogleg følgjeforskning som kan syne korleis den nye rettskrivingsnormalen verkar over tid.

8 Rettskriving i seg sjølv endrar ikkje språkbruksmønster og utbreiinga av eit språk. Språkrådet vil difor halde fram og forsterke arbeidet med tiltak som kan fremje bruken av nynorsk, med særleg vekt på nye og positive tiltak som kan verke.

9 Styret takkar rettskrivingsnemnd, sekretær, administrasjon og fagråd for framifrå arbeid, likeins alle som gjennom synspunkt, innlegg og framlegg har vore med og lagt grunnlaget for ei rettskriving som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

10 Styreleiaren får fullmakt til å forme oversendingsbrev til Kulturdepartementet på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

# Fråsegn til styret i Språkrådet frå fagrådet for normering og språkobservasjon (fagråd 3) om arbeidet til rettskrivingsnemnda for nynorsk

## *1 Innleiing – prosess til no, utfordringar og resultat*

Styret i Språkrådet vedtok 16.12.2009 (S 15.5/09) mandatet for ei nemnd som skulle laga framlegg til ny rettskriving for nynorsk, utan sideformer, jf. *Ny rettskriving for 2000-talet* (NR2000) s. 27. Under same punkt vart det oppnemnt ei prosjektgruppe for arbeidet med nynorskrettskrivinga, heretter «nemnda». Samansetninga av nemnda vart kunngjord 5.1.2010. Nemnda skulle levera si innstilling 1.4.2011, etter eit ope høyringsmøte i februar 2011. Målsetjinga for perioden etter nemndarbeidet er å få gjennomført vedtaksprosessen slik at den nye rettskrivinga er publisert i ordbøker og ordlister og dermed operativ frå 1.8.2012.

Nemnda har vore uendra i arbeidsperioden, og har haldi alle tidsfristar. Rapporten om arbeidet med framlegg om revisjon av nynorskrettskrivinga ligg føre i NR2000. Det er gjort eit omfattande arbeid både når det gjeld sak (gjennomgang av nynorskrettskrivinga) og form (mandatet pkt. 6 og 7). Nemnda gjer greie for korleis dei har arbeidd utetter i NR2000 punkt 1.1 og 1.6.

Fagrådet for normering og språkobservasjon (F3) har hatt tett kontakt med arbeidet i nemnda, dels gjennom tilgjenge til alle dokument og dels gjennom møte. F3 har delteki ved følgjande arrangement i samband med arbeidet til nemnda: oppstartseminar 20.1.2010, open høyring 21.2.2011. Nynorskrettskrivinga har vori fast sak på alle F3-møte i arbeidsperioden til nemnda. Representantar for nemnda (Riise og Søyland (3 gonger), Røyneland (1 gong)) har møtt på tre F3-møte (23.8.2010, 11.11.2010, 12.1.2011). Drøftingane mellom F3 og nemnda er dekte i utførlege eigne referat (ved Søyland).

I høve til nemnda har F3 rekna seg som «ballvegg», der nemnda har kunna ta opp og få ei open drøfting av faglege spørsmål som oppstår undervegs. F3 har også teki opp prinsippspørsmål etter eiga vurdering, mellom anna var det ei tidleg drøfting mellom F3 og nemnda om prinsipp for arbeidet (jf. NR2000 pkt. 1.6.1). Referata syner at drøftingane har hatt eit vidt spenn, frå fortolking av mandatet til detaljar om einskildord. Nemnda har i kontakten med F3 særleg ønskt å forsikra seg om at dei har teki for seg alle dei sidene ved nynorskrettskrivinga som burde handsamast.

F3 har sagt frå til nemnda at ein ikkje ventar at nemnda skal koma med framlegg til endra praksis når det gjeld somme større spørsmål, som til dømes fuge i samansetningar, eller genus på substantiv. Både desse felta er store og treng ein eigen gjennomgang med ei breiare kartlegging enn det var høve til innanfor ramma av arbeidet til nemnda.

Medlemene i F3 har vori opptekne av at nemnda skulle arbeida på eige grunnlag og har gjennomgåande valt å gje eigne synspunkt på einskildspørsmål i etterkant av nemnddrøftingane. Alle nynorskmedlemene i F3 har levert individuelle skriftlege merknader til innstillinga. Grønvik la fram sine siste merknader for nemnda før siste nemndmøte, og nemnda har såleis hatt høve til å ta omsyn til dei. Brunstad og Særheim har levert sine siste merknader etter at innstillinga kom, og dei vert refererte til nedanfor.

## 2 Generelle merknader til ideal for rettskriving

Rettskrivingsnemnda har fått i oppgåve å ta for seg heile den noverande rettskrivinga, koma med framlegg til korleis ein kan skjera ned den totale valfridomen, og koma med naudsynte tillegg. I det mandatet som nemnda har arbeidd etter, er det formulert krav til det produktet styret ønskjer seg. Rettskrivinga for nynorsk skal vera «tydeleg, enkel og stram ... , utan sideformer» (punkt 1), «tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og ... stabil over tid» og «lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse» (punkt 2).

Punkt 3 nemner ei rad med omsyn som må vegast mot kvarandre i høve til dei einskilde tilrådingane.

Fagråd 3 si oppgåve no er å gje styret ei fagleg vurdering av framlegga frå rettskrivingsnemnda, i tråd med det som er vårt mandat, nemleg å arbeida for at norma i bokmål og nynorsk vert halden i hevd og utvikla i samsvar med etablert normeringspraksis og stabile utviklingstendensar i språkbruken.

I normeringa av nynorsk skriftmål ligg det ei særskild utfordring i å oppnå ei rettskriving som er «tydeleg, enkel og stram». Denne utfordringa består i at innlæringa av nynorsk skriftmål (særleg som førstespråk, men også som sidemål) tradisjonelt er sterkt knytt til eigen (lokal) talemålskunnskap og tilhøyrande identifisering med det heimlege. Denne tradisjonen legg vekt bak kravet om regional tilpassing av rettskrivinga, med mange variantar. Tonivåsystemet i norsk rettskriving frå 1917 og utetter, med hovudformer og sideformer, og jamstelte former innanfor båe nivå, gav ei ramme for å skilja mellom det alle som skriv nynorsk i offentleg samanheng, må kunna, og ei meir personleg rettskriving til ikkje-offisiell bruk.

Vi har såleis to konkurrerande hovudprinsipp for normeringa av nynorsk, til dels med grunnlag i ulike ideal for kva roller eit skriftspråk skal fylla:

- 1 *Einskapsprinsippet*, der skriftspråket først og fremst vert sett som noko som tilhøyrer fellesskapet, og der den individuelle språkbrukaren kjem meir i bakgrunnen. Under einskapsprinsippet kan ein skilja mellom ytterlegare underprinsipp for normeringa: (1a) *Ususprinsippet*, som legg etablert skriftspråkpraksis hos sentrale skriftprodusentar i samtida til grunn ('operativ norm'), og (1b) *Skriftradisjonsprinsippet*, som legg til grunn kontinuiteten med språkhistoria og kanoniske skriftstykke frå fortida, og koplinga til Ivar Aasen.
- 2 *Valfridomsprinsippet*, som ser på valfridom innanfor normalen som eit gode, bl.a. på grunn av omsynet til språkleg identitet. Dette inneber eit syn på skriftspråksnorma som først og fremst eit forråd av moglegheiter som tillet den einskilde språkbrukaren å forma sitt eige skriftspråk etter sine eigne preferansar. Dette heng for mange saman med *Talemålsprinsippet*, der ein legg vekt på at skriftnormalen skal ha eit breitt talemålsgrunnlag.

Mandatet til nemnda gjev rom for båe desse hovudprinsippa, men prinsipp 1 står klårt sterkast i motivasjonen for reforma.

Tonivåsystemet er eit kompromiss mellom dei to normeringsprinsippa, og mange nynorskbrukarar har funni seg vel til rette med dette systemet, men har òg sett pris på at hovudform-systemet sikra ei etter måten trong offentleg skriftnorm. Samstundes er det dokumentasjon på at valfridomen skapar uvisse hos somme (jf. NR2000:37).

Undersøking av norsk tekst syner at skriftbiletet både for bokmål og nynorsk på mange måtar har sett seg dei siste to generasjonane. Den moglege rettskrivingsvariasjonen vert i liten grad realisert i det som er komi på prent. Dersom ein vil følgja Ususprinsippet (1a ovanfor), talar dette for å skjera ned på valfridomen i rettskrivinga, slik at ein kan stø opp om utviklinga mot ein fastare skriftnormal.

Vidare gjer den tekniske utviklinga det mogleg å laga gode hjelpeprodukt til språkproduksjon og språkkontroll, men føresetnaden for at dei skal vera effektive, er at sjølve rettskrivinga er overskodelig. For bokmål har ein teki konsekvensen av dette og avskaffa tonivåsystemet for rettskrivinga. Det er uttrykt gjennom bokmålsrettskrivinga frå 2005. Det vil i denne stoda vera vanskeleg å halda oppe eit tonivåsystem for nynorsk skriftmål. Dette er uttrykt i punkt 1 i mandatet som nemnda har arbeidd under.

Den nære normeringshistoria for nynorsk skriftmål er elles skildra i St.meld. 35 (2007–2008) *Mål og meining* punkt 8.4.2 og 9.2.1 og kort rekapitulert (utan referanse) i NR2000 punkt 1.5.

Utfordringa for nemnda har difor vori å laga eit framlegg til rettskriving som (1) gjev ei preskriptiv skriftnorm med ei handterleg mengd variantar (som svarar til dei operative normene i moderne skriftleg nynorsk i den mon Ususprinsippet (1a ovanfor) vert lagt til grunn), og (2) tek rimeleg omsyn til dei sterke krava om talemålsspegling, valfridom og tradisjonstilknytning som mange nynorskbrukarar stiller til rettskrivinga (prinsippa (2a) og (1b) ovanfor).

Den rettskrivinga som ein kunne koma fram til, måtte såleis bli vidare enn den gamle læreboknormalen (hovudformene), men snevrare enn heile rettskrivinga for nynorsk (hovudformer og sideformer under eitt). F3 ser at nemnda har lati omsynet til faktisk språkbruk i skrift (usus) vega tyngst i svært mange tilfelle, slik at resultatet ligg nær det ein kan kalla «midtlinjeynorsken». Nemnda har også lagt vekt på å gjera tydeleg bruksreglane for skriftleg nynorsk, som i punkt 3.4.1 om blanda bøyning av verb med både *e-* og *a-*bøyning.

F3 merkjer seg at omsynet til kravet om talemålsspegling ser ut til å ha fått auka vekt medan nemnda har vori i arbeid. Såleis er spørsmålet om gjennomslagskraft for nynorsk skriftmål i høve til andre skriftmålsval lite drøfta i NR2000. Somme av nemndframlegga (sjå nedanfor), og tilleggsfråsegna frå ein nemndmedlem (jf. vedlegg 7) styrkjer dette inntrykket.

Det er mogleg å ønskja seg eit endå tydelegare fokus enn nemnda har hatt på prinsipp (1a), Ususprinsippet. Særleg gjeld dette dersom ein ser det som eit mål for reforma at færrest mogleg opp dagar at det er skjedd endringar i den preskriberte norma. Vi kan her visa til at F3 går mot nemndinnstillinga på eit par punkt, fleirtal av hankjønnsord på *-nad* og *-a*, og pronomenformene *dokker – dokker*, jf. punkta 3.2 og 3.3 nedanfor. Samstundes er NR2000 mellom anna resultat av eit omfattande kontaktarbeid frå og samarbeid innanfor ei breitt samansett nemnd. Somme endringar er komne til som resultat av høyringsresponsen på slutten (jf. pressemelding 1.4.2011). Nemnda gjev uttrykk for at det har vori vanskeleg å koma fram til ei samla innstilling (NR2000:4). F3 ønskjer ikkje å rokka ved den semja som trass alt er oppnådd, og vil nedanfor avgrensa seg til å kommentera nokre få einskildspørsmål der gjennomføringa vil by på særskilde utfordringar.

Valfridom i bøyingssystemet kan tolkast slik at det føreset krav til konsekvens hos den individuelle språkbrukaren. Spørsmålet er kor strenge konsekvenskrav ein kan stilla gjennom offentleg språknormering. Innanfor bøyingssystemet er det fire moglege nivå. Ein kan (1) la vera å krevja konsekvens (og godta til dømes både presensform *ropar* og *roper* i same tekst), (2) krevja konsekvens når det gjeld einskildord (til dømes same genus på substantiv el. same bøyning på verb gjennomført i heile teksten), (3) krevja konsekvens i delsystem (til dømes val av infinitivstype), (4) kopla saman fleire delsystem med sams drag og krevja konsekvens



innanfor ein slik heilskap (til dømes *i*-målet). Det er vel rimeleg å tru at ein til vanleg føreset konsekvens i ein tekst etter nivå 1 og 2, medan det er meir variabelt i høve til 3. Krav om gjennomføring av konsekvens av type 4 er ikkje vortne stilte gjennom offentleg språknormering.

Nemnda tek opp konsekvensspørsmål i val av delsystem i fleire samanhengar. Det gjeld m.a. bruk eller ikkje av *j* (pkt. 2.3), adjektivendinga *-e/-ent*, som i *ope/opent* (3.2.1) og blanda bøyning av verb (pkt. 3.4.2). Andre drag som kan krevja konsekvens, er mellom anna val av infinitivsending, samsvarsbøyning (to system tilrådd, jf. s. 208 f.), bruken av *bli* eller *verta*, kort eller lang infinitivsform av verb som *fø(da)*, *gli(da)* og fleire.

Når det gjeld bruk av kløyvd infinitiv, har nemnda formulert eksplisitte krav til konsekvens, elles ikkje. Dette er såleis spørsmål som må avklarast der det er aktuelt med val mellom delsystem, slik at språkbrukarane veit kva dei har å halda seg til.

F3 vil peika på at ei rettskriving med mange alternativ på system-nivå, og store krav til personleg konsekvens, dreg i retning av at det veks fram undernormer. Det vil seia at språkbrukarar (t.d. institusjonar) vel ut eit smalare sett med rettskrivingsdrag og fastset desse som gjeldande norm på sitt språkbruksområde. Undernormer er alt velkjende frå privat næringsliv, og blir truleg praktisert i ein viss grad også i det offentlege. Det er lett å sjå at dette kan verka forenklande i kvardagen. For eit så pass lite skriftspråk som nynorsken er det likevel mange problem knytte til kløyving i undernormer. I samband med implementeringa av den nye nynorskrettskrivinga vil det såleis vera viktig å følgja nøye med i rettskrivingsbruken, særleg blant dei større tekstprodusentane.

F3 er samd i at ein bør unngå å sensurera ordtilfanget i nynorsk. Det tilseier også at ein avviklar ein tidlegare normeringspraksis med å handsama parallelle lemma som er tilnærma fullsynonym (t.d. *drynja/drønna* eller *lege/lækjar*) som rettskrivingsvariantar, der ein kan tillata eller forby den eine eller den andre i rettskrivinga. Når det er ulike lemma, vert det ikkje tale om alternativ som norma skal velja mellom.

### **3 Merknader til framlegget til revisjon av nynorskrettskrivinga**

Revisjon av ei rettskriving inneber ein gjennomgang av heile eller delar av systemet for lydverk og formverk i ei skriftnorm, uttrykt gjennom dømeord. Systemdelane grip inn i kvarandre, slik at ei endring i t.d. attgjeving av lydssystemet kan føra til at til dømes verb eller substantiv kjem i ei anna gruppe, og såleis blir underlagd andre bøyingsreglar enn før. Dette gjeld til dømes verbet *tre* el. *treda*, som no står på lista over verb som skal ha *-a* dersom ein bruker kløyvd infinitiv, men der langforma er føreslegen sløyfa (3.4.8.c). Dermed går verbet ut av lista (kløyvd infinitiv føreset to stavingar).

Det er umogleg for ei rettskrivingsnemnd å gjennomarbeida all rettskriving og alle formreglar på ordnivå for eit skriftspråk innanfor eit drygt år. Det vil difor vera bruk for eit omfattande etterarbeid i form av ordbok- og ordlisterevisjon, føresett at rettskrivingsendringane blir sanksjonerte.

Samstundes er det viktig at endringsframlegga kviler på eit solid førearbeid, slik at nemnda har tilstrekkeleg oversyn over slike følgjer av delvedtak til at dei kan treffa eit medvete val mellom å ta omsyn til følgjene eller sjå bort frå dei. Difor var det rett av nemnda å investera i mellom anna korpusutbygging som styrking av materialgrunnlaget for arbeidet (NR2000 pkt. 1.7.2).

Når det gjeld disponering og framstilling av tilfanget, har nemnda i stor grad haldi seg til tidlegare normeringsarbeid, særleg *Nynorskrettskrivinga* (2002). Dette lettare lesinga og gjer det lettare å jamføra nye og tidlegare framlegg.

F3 meiner at nemnda alt i alt har treft rett presisjonsnivå i framlegga sine. Oppsettet av einskildpunkt med dei mange tabellane, som syner status, normhistorikk og nemndframlegg, er førebiletleg utførde og gjer mykje til å letta nødvendig etterarbeid, jf. punkt 3 nedanfor.

### 3.1 Alternative oppslagsformer versus alternative bøyingsmønster

Generelt er det lettare for språkbrukarane å handtera variasjon i skrivemåten av einskildord enn det er å handtera bøyingsvariantar av einskildord, altså det at same ord kan bøyast på fleire måtar (som i sin tur kan inngå i meir omfattande system). Dette har nemnda teki til følge, og F3 er samd. Framlegga om dei største nedskjeringane i formriksdomen i gjeldande nynorsk rettskriving ligg innanfor bøyingsystemet. Det gjeld til dømes framlegga om å ta det såkalla *i*-målet ut or rettskrivinga (pkt. 3.1.3, 3.2,1, 3.4.5) og fleirtalsbøyning med *-or*, *-one* av svake hokjønnsord (pkt. 3.1.5).

I laupande tekst blir formriksdom minska mest effektivt om det mest frekvente ordtilfanget har ei og berre ei form. Nemnda har lagt til rette for dette særleg under handsaminga av lydverket, særleg vokalismen.

I det følgjande kommenterer F3 dei få punkta der F3 er usamd med eller har vesentlege atterhald til innstillinga.

### 3.2 Fleirtal av hankjønns substantiv på *-nad* og *-a*

Nemnda gjer i punkt 3.1.1 framlegg om å sidestilla fleirtal på *-er* (noverande hovudform) med fleirtal på *-ar* (sideformer sidan 1995) for hankjønns substantiv på *-nad* og *-a* (typene *dugnad*, *sofa*). Dette vil F3 rå sterkt ifrå. Fleirtalsbøyning på *-er* for desse to tydeleg avgrensa gruppene er godt innarbeidd og lett å praktisera. Framlegget vil gje former av typen *villaar*, noko som innbyr til feillesing av *aa* for *å*. Tilfanget (NR2000:101) syner at førekomsten av dei føreslegne nye formene er svært liten, og det er såleis ingen grunn til å ta inn alternative bøyingsmønster for desse to produktive gruppene.

### 3.3 Forma *dokker* – *dokker* i 2. person fleirtal

Dette framlegget er teki med etter høyringsresponsen i februar-mars.

F3 vil peika på at dei personlege pronomena høyrer til den mest frekvente delen av ordtilfanget, og ein skal ha svært godt grunnlag å byggja på for å gjera framlegg om å føya nye former til den eksisterande rettskrivinga for nynorsk skriftspråk. Vanskar med det eksisterande systemet er ikkje god nok grunn. Framlegget om å føya til *dokker* – *dokker* som 2. person personleg pronomen (pkt. 3.3.1) og *dokkar* som eigedomspronomen (pkt. 3.3.2) til ei nynorsk rettskrivingsnorm som skal gjelda for alle, er etter F3 si vurdering for dårleg underbygd – både det å innføra nye former i seg sjølv, og valet av former. Ei slik endring krev eit grundigare førearbeid. Vi rår difor til at dette framlegget ikkje blir teke til følge.

### 3.4 Kløyvd infinitiv ved sida av *a*-infinitiv og *e*-infinitiv

Dette framlegget er teki med etter høyringsresponsen i februar-mars.

Nemnda ønskjer å halda på kløyvd infinitiv ved sida av *a*-infinitiv og *e*-infinitiv. Det er tydeleg at dette er ei stor sak for dei som er opptekne av talemålsspegling i den offentlege rettskrivinga.

F3 vil ikkje gå mot nemnda på dette punktet, men må peika på at å halda på tre infinitivsvariantar som obligatorisk undervisningsgjenstand i skulen ikkje er i samsvar med punkt 1 i mandatet om ei enkel, stram og tydeleg norm. Det er bortimot uråd for lekfolk utanfor dialektområdet med kløyvd infinitiv å læra seg eit så komplisert system som kløyvd infinitiv representerer. Kløyvd infinitiv vil måtte visast fram på lemmanivå i språklege hjelpemiddel, det held ikkje å visa til ei separat liste, som i til dømes *Nynorsk ordliste* frå Samlaget. Spørsmålet om kløyvd infinitiv kan såleis relaterast til valet mellom normeringsprinsipp (1) og (2) på s. 2, der valet å halda på kløyvd infinitiv vektlegg prinsipp (2), og dermed tonar ned synet på skriftspråket som ei fellesnorm som alle skal kunna meistra.

Å jamstella kløyvd infinitiv med *e*-infinitiv og *a*-infinitiv vil krevja ein del etterarbeid frå normeringshald, ettersom lista i vedlegg 4 (NR2000: 223) ikkje er heilt tilfredsstillande (dette kan inngå i den planlagde revisjonen av Nynorskordboka). Lista i NR2000 (vedlegg 4 s. 223–224) utelet samansetningar og avleiingar, men somme av verba på lista er svært produktive (til dømes *gjera*, *draga*, jf. *avgjera*, *inndraga* ofl.). F3 må peika på at også dette framlegget dreg i retning av at det oppstår undernormer innanfor offisiell nynorsk rettskriving, også innanfor undervisning og offentleg målbruk. F3 går ut frå at desse omsyna er vurderte av nemnda.

### 3.5 Blanda bøyning

Nemnda går inn for å halda på høvet til å nytta såkalla blanda bøyning av verb som kan ha både *e*-bøyning og *a*-bøyning, jf. punkt 3.4.2. Det vil seia at alle tre variantar nedanfor skal kunna brukast utan å gje feil:

<i>e</i> -bøyning:	<i>bruka – bruker – brukte – brukt</i>
blanda bøyning:	<i>bruka – brukar – brukte – brukt</i>
<i>a</i> -bøyning:	<i>bruka – brukar – bruka – bruka</i>

Blanda bøyning står sterkt i talemålet i nynorskområda og i det nynorske skriftmålet. F3 går ikkje imot det, men vil peika på at dette er eit kompliserande systemdrag dersom ein tenkjer seg at reglane for blanda bøyning skal gjerast eksplisitte i undervisningssamheng eller språkverky for einskildverb. Blanda bøyning blir då eit ekstra bøyingsparadigme for alle verb med både *e*-bøyning og *a*-bøyning, ettersom det ikkje er tale om fri blanding av dei to andre paradigma. Dette er difor også eit framlegg som dreg i retning av at det oppstår undernormer.

## 4 Veggen vidare

Nynorskrettskrivinga skal no handsamast i styret i Språkrådet og deretter i Kulturdepartementet.

F3 vil her nøya seg med å peika på at operasjonisering av den nye nynorskrettskrivinga berre kan skje ved at *Nynorskordboka* blir revidert og publisert i ny utgåve både på nettet og som papirutgåve. Dette er ein omfattande prosess som vil ta tid. Dersom ny utgåve skal liggja klar til 1.8.2012, må arbeidet koma i gang tidlegast mogleg hausten 2011. Kjem arbeidet i gang først i 2012, må ein skuva på datoen for iverksetjing av den nye rettskrivingsnorma.

Implementeringa av rettskrivinga, utan klammeformer, vil reisa spørsmål om kva slags rettskrivingsformer som vert dei dominerande blant dei store tekstprodusentane (t.d. innanfor offentleg forvaltning, og i læremiddelproduksjon). Som nemnda sjølv peikar på, er det ein fare for at slike tekstprodusentar, som er plasserte i Oslo, vil føretrekkja former som er mest mogleg lik bokmålsformer, jamvel om desse formene ikkje er utbreidde i nynorskområda. Det vil difor vera naudsynt at Språkrådet følgjer nøye med på skriftbruken blant store tekstprodusentar i tida framover.

## ***5 Merknader til einskildord***

F3 vil be om at nokre einskildord blir normerte som følgjer:

*køyra* el. *kjøra* v. (og avleiingar og samansetningar til *køyr/kjør*) (pkt. 2.1.2)

*berre* el. *bare* adv. (pkt. 2.1.1)

*han* el. *honom* (objektsform til pronomenet *han*) (pkt. 3.3.1)

Dei to første einskildorda er vel innarbeidde og har solid talemålsgrunnlag i båe former. Forma *honom* står sterkt i nynorsk skriftradisjon og er viktig for mange nynorskbrukarar, og som samleform representerer ho den oblike forma av *han* i svært mange målføre.

## **Høyringsfråsegner** *Ny rettskriving for 2000-talet* februar 2011

\* Leverte også høyringsfråsegn i 2002

Austafor, Olav J.  
Bakke, Erlend  
Bjørkum, Andreas  
Bø, Ola E.  
Donali, Ingeborg\*  
Fenne, Øyvind  
Fosse, Tordis Irene  
Hagelia, Olav  
Halbjørhus, Aslaug  
Harstad og omland mållag  
Hoem, Edvard  
Høgnorskringen  
Høgskolen i Bergen, Avdeling for lærarutdanning, Norskseksjonen  
Høgskolen i Hedmark, Avdeling for lærarutdanning og naturvitskap, norskmiljøet  
Høgskolen i Oslo, Avdeling for lærerutdanning og internasjonale studier  
Ims, Margit  
Ivar Aasen-instituttet\*  
Ivar Aasen-sambandet\*  
Julien, Marit  
Justis- og politidepartementet  
Kleiva, Turid  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Langeland, Arvid  
Leikanger Mållag  
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget\*  
Mehlum, Aksel Torsnes  
Mosleth, Joakim  
Målmannen  
Naumdøla Mållag\*, Nordmøre Mållag, Nynorsklaget (også eiga fråsegn) og Trønderlaget\*  
Nelvik, Nikolai  
Noregs Lærarmållag  
Noregs Mållag\*  
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening\*  
Norsk Lektorlag  
Norsk Målungdom\*  
NRK, språkutvalet\*  
NTNU, Program for lærarutdanning\*  
Nynodata  
Nynorsk kultursentrum\*  
Nynorsk pressekontor  
Nynorsklaget\*  
Nynorsksenteret  
Opdahl, Vegard Storsul  
Osterøy Mållag  
Ranheim, Ingar  
Riksmålsforbundet  
Romsdal Mållag

Sølem, Erik Bråthen  
Språkverkstaden  
Steinbru, Kjell Erik  
Strømme, Ove  
Studentmållaget i Oslo  
Sætre, Vidar  
Søfteland, Olav  
Sølsnæs, Bjørn Sandvik  
Sørumgård Botheim, familien  
Tandberg, Andreas  
Tengesdal, Eirik (og Victor Berrjod)  
Theil, Rolf  
Toten dialekt- og mållag  
Ulvik mållag\*  
Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium\*  
Universitetet i Oslo, Institutt for lingvistik og nordiske studium, faggruppe nordiske språk  
v/Svein Lie\*  
Universitetet i Tromsø\*  
Universitets- og høgskolerådet\* [skriv berre at dei ikkje vil sende fråsegn]  
Utanriksdepartementet, EØS-sekretariatet  
Vassenden skule  
Vestad, Jon Peder\*  
Vest-Telemark Blad  
Vesaas, Guru  
Vigestad, Kåre  
Vigestad, Øystein  
Vikør, Lars S.  
Vinje Mållag  
Voss Mållag\*  
Worren, Dagfinn  
Østfold Mållag  
Aars, Ivar  
Aaserud, Frank

## Vedlegg:

Fråsegn frå Kristin Fridtun og Arvid Langeland  
Fråsegn frå Klaus Johan Myrvoll  
Fråsegn frå Bjørn S. Søltnæs  
Fråsegn frå Erlend Bakke  
Fråsegn frå Tordis Irene Fosse

Arvid Langeland  
Øvrebøvegen 3  
5710 Skulestadmo

Voss, den 12. mai 2011

Styret i Språkrådet

## FRÅSEGN OM FRAMLEGGET TIL NY NYNORSKRETTSKRIVING

Me viser til tilrådinga frå rettskrivingsnemnda frå 1. april i år.

Me tek ikkje opp alle framlegga frå nemnda til drøfting, berre nokre representative punkt. Grovt sett meiner me at dei aller fleste strykingane av tradisjonell skrivemåte i ordrøter bryt med måten nynorsken elles er normert på og soleis er normeringsfeil. Ortografisk dobbeltmoral som hekk att frå samnorsktida er no opphøgd til norm. Orda som nynorsken har sams med bokmål, er normerte snart på nynorskgrunn, snart på bokmålsgrunn og snart på begge delar. Orda som i praksis er sers for nynorsk, heng framleis att i landsmålsnormeringa om dei ikkje finst i to variantar. Når dei gjer det, slår det ut i tilfeldige leier ut frå eit korpus med lite tradisjonstilfang. Dette korpuset byggjer attpåtil òg på tekstar som er dårleg omsette frå bokmål.

## LYDVERKET

### 2.1 Vokalisme

Om lag 110 tradisjonelle former vert tekne ut, til dømes *skerama*, *serskild* og *lippe*. *Skremme*, *sarskild* og *leppe* står då att som eineformer og gjev **fullt samanfall med bokmål**.

### *øy – ø*

*drømme*, *dø*, *gjømme*, *glømme*, *høre*, *kjøre*, *lønsk*, *rør*, *røst*, *strømme*, *trøst*, *trøtt*, *ør*, *øre* vert tekne ut or norma. *Høre*, *kjøre*, *rør*, *trøtt*, *lønsk* har vore jamstelte hovudformer til no. Det er eitt av få tilfelle der nemnda tek bort mogleg samanfall med bokmål.

### **o – u**

Nemnda føreslår *sommar* el. *sumar*. Skal *sumar* vera eit minnesmerke over ei rekkje former som er falne under bokmålstilpassinga, ein meningslaus konsesjon til symbolsk tradisjonisme? Å rettferdigjera *komle* /kåmle/ med tilvising til det alt feilnormerte *lompe*, utan å ta med i rekninga at det framleis heiter *humle* o.l. i samsvar med det som er hovudregelen, er å bryta med alt som heiter normeringsprinsipp. Det er likt til at nemnda ikkje har nokon idé om korleis skrift skal representera tale, og det ser heller ikkje ut til at dei har nokon konsistent idé om samanheng korkje mellom tale og skrift eller internt i skriftspråket.

### **o – ø**

*Gørr* vert eineform, *gør* går ut. Skal spelemennene no spela på *gørrlaus bas*? Samanhengen med *gorn* vert òg sundsliten. Skal *gørkjerringane* verta *gørrkjerringar*? *Mol* går tradisjonelt som *bol* i dialektane; bruken av *mott* slører til det; nemnda kan endeleg meina at *møll* bør lånast inn frå bokmål, men slik slumpesam fjerning av ord som nemnda trur er lite brukte, riv opp indre samanhengar i nynorsken og gjer det umogleg å halda seg til heilt grunnleggjande prinsipp hjå Ivar Aasen.

### **o – å**

Skrivemåten *brote* vert teken ut; *bråte* vert eineform. Samanhengen med verbet: *bryta* – *har brote* vert sliten av. Tilsvarande vert skrivemåten *flôte* teken ut, *flåte* vert eineform, samanhengen med *flyta* – *har flote* vert fjerna. Resultat: **samanfall med bokmål**. Derimot vert *drøpe* eineform, skrivemåten *dråpe* vert teken ut. Forklaring gjev ikkje nemnda; kan det vera statistikk frå nynorskkorpuset som har avgjort? Resultatet vert so innfløkt som noko kan vera: *flåte*, *drope*, *bråte*, *tola*. Sjansen til å rydda opp er skusla bort.

### **y – ø**

Når det gjeld *y/ø*, skriv nemnda: Sidan det er svært mykje variasjon i dialektane når det gjeld orda med *y* og *ø*, er det vanskeleg å finna eit system som alle greitt kan retta seg etter. Ho innfører difor valfridom med eit par unntak. Resultat: **samanfall med bokmål vert mogleg i alle dei aktuelle orda**:

*bølge, følge, først, førstning, gløtt, grøppe, grasse, kløpper (eineform), løgn, nøkkel, mørje, nøkk, sørge, sølje, sølv, tørst, totte, vørde, ønske*

Nemnda vel å sjå bort frå det som professor Rolf Theil so tydeleg har peika på i fråsegna si: «Når former med *ø* har blitt innførde i nynorsk, er det vanskeleg å sjå det som ein freistnad på å koma målføra i møte. I staden er det ei tilnærming til bokmål: *ø* har – med svært få unntak, så vidt eg kan sjå – berre blitt innført der bokmål har *ø*.»



På s. 42-43 nemner nemnda at «mykje av dokumentasjonen og argumentasjonen i *Nynorskrettskrivinga* (heretter kalla 2002-innstilinga) er brukt i denne innstillinga.» Men nemnda må ha oversétt dette:

«*Framlegg til læreboknormal 1957* rår til at nynorsk går over til *ø* i dei fleste ord som er sams for begge måla, og der bokmål har fast tradisjon med *ø*. [...] Men framlegget ser på reguleringa av skrivemåten med *y – ø* som eit vanskeleg punkt, og peikar på at omsynet til systematisk skrivemåte ville kravd *y*. Og om ein såg nynorsk isolert, ville det ikkje vore grunn til endring.»<sup>1</sup>

Nemnda tykkjest ikkje ha nokon idé om at trong vokal representerer både trong og open uttale: *glytt*, som ein kan uttala *glytt* eller *gløtt*, *dum*, som ein kan ein uttala både *dum* og *dom*. Difor får me dei parallelle rekkjene med to skrivemåtar og i røynda to nynorsk-variantar normerte på ulikt vis. Det beste hadde vore: tronge vokalar utan omsyn til bokmål og med valfri uttale, det verste er spegling av bokmål og/eller tilfeldige hol i dei to rekkjene.

På s. 69 vert det nemnt at det måtte innspel til for at dei skulle ta vare på samanhengen *drøn – drynja* (Aasen skreiv *Dryn*); dei hadde tenkt å setja opp *dronn* som eineform. Det ser rett og slett ut til at nemnda ikkje har det faglege oversynet som trengst.

I det heile: Mange stader har nemnda skift meining etter tilfeldige innspel frå folk som peikar på kva dei har i hjartemålet sitt. Det som var viktig for nemnda på eitt tidspunkt, viste seg altså ikkje å vera viktig likevel. Avslag er viktig i ein demokratisk prosess, men det er ille når det er prinsipielt uråd å sjå kva fagleg karakter endringane frå utkast til utkast har. Skort på tankar om samheng er ei årsak til at nemnda står i alle moglege slags spagatar, men den viktigaste er at dei har byrja ovanfrå med ein fiks og stendig meir desperat idé om at eit tal skal skjerast meir eller mindre ned, i staden for å byrja nedanfrå og identifisera røynelege problem.

## 2.2 Konsonantisme

### 2.3.1 Verb og linne hokjønnsord med stomnutgang på *g* eller *k*

Nemnda føreslår at det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kej* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kej* som hovudform, og former utan *j* som klammeform.

Døme: *bygga/byggja, tenka/tenkja*  
*brygge/bryggje, rekke/rekkeje*

---

<sup>1</sup> Nynorskrettskrivinga, Språkrådet, 31.12.02, s. 35.

Det dreier seg om ca. 130 verb. Med samansetningar og avleiingar femner dette om fleire hundre verb. Mellom dei er sume av dei mest frekvente og produktive verba i norsk. Det dreier seg vidare om mellom 20 og 30 usamansette linne hokjønnsst substantiv på *-gje* og *kje-*. (Dei nynorske ordsamlingane har om lag 80.) Dette handlar ikkje berre om ein *skrivemåte*, men om markering av palatal *uttale*. Det er eit drag som skil nynorsk frå bokmål både i skrift og uttale.

Dette framlegget gjer det mogleg med **samanfall med bokmål i stort omfang**. Det er det mest dramatiske einskildframlegget frå nemnda. Det stakar ut ein samnorsk kurs. På eit svært og iaugefallande omkverve vil nynorsken verta meir rotut enn nokon gong. Ein kan ikkje snakka om stram norm med eit slikt framlegg. Endå mykje verre vert det av di nemnda meiner at ein ikkje kan stilla krav om gjennomført bruk av *j* i desse ordgruppene i ein tekst, ev. det motsette, men at språkbrukarane må kunna blanda dei to mønster (s. 76).

Dette er *normoppløysing*, ikkje normendring.

### 2.3.2 Verbalsubstantiv med stomnutgang på *g* eller *k*

Her vil me sitera frå eit notat<sup>2</sup> av Helge Sandøy:

Den regelen vi har fått om at ein ikkje skal skrive *j* framom *-ing* er svært uheldig, og ein kan sjå på han som ein systemfeil.

Eine følgja av denne skriveregele er at mange blir usikre på korleis dei skal uttale f.eks. *nedsøkking*, *oppfølging*, *uthenging* når dei les nynorsk høgt. Det mest nærliggjande er å seie at ein skal uttale 'hard *g* og *k*' i desse tilfella likeins som i andre orde med *-ing*, f.eks. *baking* og *draging*. Det vil nok mange reagere mot, for den klassiske uttalen er med *j* i dei orda som har *j* i infinitiv.

Dei som har *j*-lydane i dialekten sin likeins som i klassisk nynorsk, kan komme bra frå dette. I alle fall i *oppfølging*, for her kan det berre heite følge i den tilsvarande infinitiven. Men i andre ord er det ikkje så enkelt, for ein må finne ut om substantivet er knytt til det transitive eller intransitive verbet, f.eks. til *søkje* og *hengje* eller til *søkke* og *henge*. Den noverande regelen har oppheva forskjellen på parverba i slike tilfelle, og det skulle vise systemfeilen godt nok.

Systemet i norske dialektar med palatalisering (altså *j*-uttale), er at uttale med *ke* og *g* eller *kej* og *j* følgjer forma i infinitiv, f.eks. slik:

bake	baking
tekkje	tekkjing
byggje	byggjing
hogge	hogging

Dette er nett som ved andre verb: *telje* – *teljing*, *rome* – *roming*. Systemet i dialektane er enkelt: Ein tek bort infinitivsendinga og føyer til *-ing*, og får verbalsubstantivet.<sup>3</sup> Nynorsken har rota til dette.

I *Framlegg til læreboknormal 1957* er dette «gamle» spørsmålet diskutert s. 61f. Her blir *ing*-formene drøfta saman med spørsmålet om palatalisering i andre ordgrupper som f.eks. *veggjer*, *bakkje*, *vyrkje* osv. Men dette er ei uheldig samanblanding, for desse andre gruppene blir i

<sup>2</sup> Helge Sandøy: *Revisjonen av nynorskrettskrivinga*, Merknader og framlegg, 15.11.99, s. 5-6.

<sup>3</sup> Helge Sandøy: *Revisjonen av nynorskrettskrivinga*, Merknader og framlegg, s. 5, fotnote 1: Berre nokre bygder i Hallingdal vik av frå dette ved å ha palatalisering av *g* og *k* framom *-ing*: *bakjing* osv.

palataldialektane omfatta av ein regel om palatalisering som gjeld heile bøyingsklassen. Det vil seie at i dialektar som har uttalen *sekkejer*, også har *j*-uttale i dei andre orda som går etter hankjønnsklassen som skal har *-er* i fleirtal: *benkjejer*, *leggjer* osv. Og har ein uttalen *bakkeje*, har ein også *j*-uttale i dei andre svake hankjønnsorda: *tankeje*, *haje* osv. Ein tilsvarande regel kan ein ikkje bruke for *j*-uttale i infinitivar og substantiv på *-ing*. Derfor bør norma her forbeholdt.

Det er også blitt ført fram som argument at ein ikkje skal ha *gj* og *kj* framom *i*, *y* osv. Ein slik eventuell regel føreset at lesaren da kan slutte seg automatisk til at uttalen ved slike skrivemåtar er med *j*. Men det går slettes ikkje, som vi såg i tabellen ovafor. Dessutan finst det ingen slik regel om skrivemåten framom *i*, for dei som skriv i-mål, må skrive *alle fylgji* (av *eit fylgje*). Regelen frå 1959 er unaturleg og skaper problem, og derfor finn vi stadig tilfelle der skribentar bommar. Sjølv dei flinkaste av oss går i fella av og til. Under *oppfølging* i frekvensordboka finn vi desse tala:

- 1 oppfylging
- 3 oppfylgjing
- 4 oppfølging
- 3 oppfølgjing

● Framlegg: Ein lagar verbalsubstantiv på *-ing* med å føye suffikset til stammen i infinitiv (dvs. forma ein får når ein tek bort infinitivsendinga).

So langt Sandøy. Etter 70 års utestengjing er det framleis ikkje vanskeleg å finna former som *tenkjing* og *planleggjing* i nynorskkorpuset, som nemnda elles brukar som eit viktig avgjerslegrunnlag.

Nemnda skriv at ho har fått fleire innspel om å ta inn att denne *j*-en (s. 77):

Nemnda ønskjer likevel ikkje å gjera det, av to grunnar: For det fyrste har formene utan *j* vore gjeldande rettskriving i over sytti år og er godt innarbeidde. For det andre er palatal uttale på vikande front både i verb og verbalsubstantiv som har hatt det, og likeins palatal skrivemåte av verbet.

Ein vert her sitjande att med inntrykk av at nemnda meiner at reglane i sjølve språket ikkje er so viktige. Hadde nemnda vore tru mot sitt eige system med valfridomen *tenkja/tenka*, måtte ho ha føreslege *tenkjing/tenking*. Indre samanheng og systematikk i sjølve målet ser ikkje ut til å interessera nemnda.

### **Dobbel eller enkel konsonant**

Nemnda føreslår å ta bort om lag 30 tradisjonelle former med enkelkonsonant samstundes som dei held oppe valfridom i om lag 30 tilfelle. Dette dreier seg om mange frekvente ord.

Den tradisjonelle forma *doma* vert oppgradert til jamstelt form, slik at ein vil kunna skriva *doma* eller *domma*. Derimot vert *roma* og *toma* tekne ut or norma, slik at *romme* og *tomme* vert eineformer. Dette er døme på at nemnda vaklar frå eit normeringsgrunnlag til eit anna. Hadde ho vore tru mot seg sjølv her, so hadde ho sett opp full jamstelling. Men ein slik truskap vert problematisk for nemnda; valfridomen ville berre ha auka og auka. Nynorsken sitt eige grunnlag er enkel

konsonant her. So kunne dei heller ha vurdert nokre få unnatak. Mangelen på oppgjer med samnorskpolitikken gjer at rotet og inkonsekvensane held fram.

### 2.5.1 Førefestet *føre-/for-/fore-*

Nemnda ynskjer at bruken av *føre-* og *fore-/for-* skal vera valfri som i dag. Det vil seia at ei handfull ord kan ha *føre-* eller *fore-*, og om lag tretti ord kan ha *føre-* eller *for-*. I tillegg fører nemnda inn *forbilde* som jamstelt form til *førebilete*, og ho nemner *foregå*

som aktuell form jamsides *foregå*. Vidare hevdar nemnda at *foredrag* var eineform fram til 1984, og at *foredrag* kom inn fyrst då. Det er upresist, eller beint fram gale: Forma *fyledrag* finst i uteljande mengd i skrifter frå 1800-talet og tidleg 1900-tal.<sup>4</sup> Det skulle vera ei kjend sak at dagsens *føre-* svarar til det tradisjonelle førefestet *fyre-* (norr. *fyrir-*, *fyri-*). Dessutan hadde det vore ryddigare om nemnda drøfte *fore-* kontra *føre-* for seg, og *for-* kontra *føre-* for seg, i staden for å leggja det fram som ei og same sak.

Verst er det at nemnda ikkje grunnjev kvifor ho vil halda fast ved *fore-* og *for-*. Ho meiner rett nok at det «er lettast for språkbrukarane» om denne valfridomen er som før, men det er uklårt kva «lettast» tyder i denne samanhengen. Er *fore-* og *for-* «lettast» fordi orda får same skrivemåte som på bokmål? Slike spørsmål vert ikkje drøfte i det heile.

Nemnda presiserer visseleg at *fore-* og *for-* er innlånte former, medan *føre-* er det tradisjonelle førefestet i målføra og i det nynorske skriftmålet. Her kunne me venta at nemnda fylgde opp med ei drøfting av lånord og tradisjon i nynorsken, og at ho eventuelt valde anten *fore-/for-* eller *føre-*, men i staden konkluderer nemnda – som ut or lause lufta – med at me bør halda på både *fore-/for-* og *føre-*. Dimed er valfridomen som før, men me veit ikkje *kvifor* det skal vera valfridom.

Stendige samanfall med bokmål gjer nynorsken utydeleg, og i dette tilfellet kunne nemnda greitt ha strama inn. Det lettaste (for språkbrukarane) og rettaste (jf. prinsippet om at «nynorsken skal normerast på eigen grunn») hadde vore å gjera *føre-* til eineform. Slik kunne nynorsken verta enkel, stram og fylgjerett – og klårt åtskild bokmålet. *Føre-* er òg «rettast» frå ein språkhistorisk synsstad.

Merknad: Tradisjonelt har førefestet *for-* tydinga ‘usædvanlig Grad eller en Overdrivelse’, jf. *fordriva* (norr. *fordrifa*) og *fordrukken* (norr. *fordrukkin*).<sup>5</sup> Verbet *foreta* (*seg*) tyder fylgjeleg ‘eta for mykje’, til skilnad frå (bokmåls)verbet *foreta* (*seg*) (‘gjera’). I staden for å gjera spørsmålet om *føre-*

<sup>4</sup> Sjå til dømes *Fedraheimen* 20.11.1878 (<http://www.aasentunet.no/default.asp?id=5285&menu=3937>) og Lars Eskeland: *Norsk rettskrivings-ordbok*, tredje utgåva, Oslo 1924.

<sup>5</sup> Ivar Aasen: *Norsk Grammatik*, Universitetsforlaget, Oslo 1965, s. 263.

og *føre-* (jf. *føregå/føregå* s. 96) til ein uløyselig floke, kunne nemnda lett gjort vanden til inkjes ved å velja *føre-* som einaste førefeste.

## FORMVERKET

### SUBSTANTIV

#### 3.1.1 Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal

Om lag femti hankjønnsord har i dag uregelrett fleirtal på *-er* og *-ene* og klammeform på *[-ar]* og *[-ane]*. Døme: *gjester – gjestene* [*gjestar – gjestane*].

Rettskrivingsnemnda føreslår jamstelling her *gjester/gjestar*.

Resultat: Eit system som har vore med i den offisielle nynorsken frå Aasen til i dag vert her skipla – **mindre stabilitet**. Det ser ut til at nemnda har vanskar med å godta den faktiske kompleksiteten i språket, at ikkje alt kan forklarast ut frå «synkrone, moderne system» (s. 41).

#### 3.1.2 Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal

Om lag førti hokjønnsord har obligatorisk uregelrett fleirtal på *-ar* og *-ane* og klammeform på *[-er]* og *[-ene]*. Døme: *reimar – reimane* [*reimer – reimene*].

Rettskrivingsnemnda føreslår jamstelling her *reimar/reimer*.

Resultat: Eit system som har vore med i den offisielle nynorsken frå Aasen til i dag vert her skipla – **mindre stabilitet**.

#### 3.1.15 Substantiv på etterfestet *-sle/-sel*

Nemnda vil gjera substantiv med etterfestet *-sel* til hankjønnsord (og i sume tilfelle inkjekjønnsord), medan substantiv med *-sle* skal vera hokjønnsord som før. I innstillinga hevdar nemnda at *-sel* kom inn i rettskrivinga i 1938 (med hokjønnsbøying), men det er òg nemnt at forma *-sel* er finnande i landsmålet til Aasen. Med andre ord ser det ut til at nemnda nyttar *rettskriving* i svært so trong tyding. Den historiske bakgrunnen til formene *-sle/-sel* er ikkje drøft i det heile.

I tradisjonell norsk er orda med *-sla/-sle* (*køyrsla, forsla*) eller *-sl* (*fødsel, blygsel*) hokjønnsord.<sup>6</sup> I *Norske Grammatik* § 64 skriv Aasen at ord på *-sl* ofte er uttala med ein *e* mellom *s* og *l*, so at *Høyrsl* (f.) vert *Høyrsel*. Han kallar dette ei «uægte» utviding av *-sl*, og han gjer merksam på at denne innskotne halvstavinga helst fell bort når

---

<sup>6</sup> Nokre fåe ord på *-sl* er inkjekjønnsord, som *skræmsl* og *rensl*.

me legg til ei ny staving (til dømes ved bøyning). Difor meiner han me bør skriva *Høyrsl*, ikkje *Høyrsel*.

I *Norsk Ordbog* fører Aasen opp sume hankjønnsord på *-sel* (*Førsel*, *Ferdsel*). Desse formene står ofte i parentes, og Aasen lèt det koma tydeleg fram att dette er «afvigende» former, og at hovudforma på *-sla* eller *-sl* er betre. Eit døme er *trengsla*, som finst i alle formene: «**Trengsla** [...] Ogsaa i Formen **Trengsl**, f. og mindre riktigt: **Trengsel**, m.»<sup>7</sup>

Med andre ord er ikkje hankjønnsord på *-sel* noko nytt og «gale» i nynorsk, men det er svært lite gjennomtenkt å gjera alle ord på *-sel* til hankjønnsord, slik rettskrivingsnemnda no tek til ords for. Det beste hadde vore å undersøka bakgrunnen til kvart ord, og vurdera kjønn og bøyning på grunnlag av det, i staden for å busa fram og gjera gamle hokjønnsord (som *høyrsl* og *blygsel*) til hankjønnsord.

Nemnda skriv ikkje *kvifor* ho vil gjera *-sel* til hankjønnsuffiks. Ho viser til at det er «ganske vanleg å oppfatta suffikset *-sel* som hankjønnsuffiks», men er dét grunn nok til å endra kjønn på so mange og so frekvente ord? Handsaminga av *-sle/-sel* synest å vera eit hastverksarbeid, og det er talande at sluttorda til nemnda er at «[d]et trengst ei opprydding i substantiv som endar på *-sle* eller *-sel*» (s. 135). Beint ut sagt: Nemnda vedgår at ho ikkje har sett seg høve til å gjera dette arbeidet. Men om nemnda ikkje gjer det no, når skal denne oppryddinga skje?

### 3.1.18 Kjønn på substantiv med etterfestet *-skap*

Nemnda ynskjer å gjeva ei rad ord med etterfestet *-skap* valfritt kjønn (m. el. n.). Grunngevinga for denne endringa er tunn og held ikkje mål fagleg sett. I innstillinga heiter det at *-skap* tradisjonelt er eit «hankjønnsuffiks», men at det «ikkje [er] uvanleg å sjå ein del av desse orda bli bøygde som inkjekjønnsord i dag». Nemnda drøfter ikkje *kvifor* desse orda ofte vert bøygde rangt. Årsaka er openbert påverknad frå bokmål, men nemnda hoppar bukk over det faktumet og gjer i staden (den galne) bruken og statistikken til rettesnor for normeringa.

Det utrulege er at nemnda prøver å nytta Aasen som alibi for framlegget sitt (s. 141). Aasen skriv at jamvel om *-skap* i regelen har hankjønnsbøyning, er sume nyare ord på *-skap* inkjekjønnsord (t.d. *borgarskap*, *formannskap*).<sup>8</sup> Med det hevdar nemnda å prova at *-skap* greitt kan vera inkjekjønn på nynorsk, og ho freistar jamvel setja opp nokre «reglar» for når det er hankjønn og/eller inkjekjønn (s. 139):

<sup>7</sup> Ivar Aasen: *Norsk Ordbog*, Det Norske Samlaget 2003, s. 762.

<sup>8</sup> Ivar Aasen: *Norsk Ordbog*, Det Norske Samlaget 2003, s. 612.

- *-skap*-ord som er laga av eit adjektiv eller verb, er hankjønnsord. Det er ofte ord for ein tilstand eller ein eigenskap: *edruskap, gjev mildskap, vrangskap*.
- Ord som beskriv eit organ eller ein institusjon, er inkjekjønnsord: *ekteskap, forstandarskap, presteskap, selskap*.
- Ord som er laga av substantiv og beskriv ei rolle eller eit fenomen, er hankjønns- eller inkjekjønnsord: *farskap, fellesskap, naboskap*.
- Tre ord med eit substantiv som føreledd skal vera berre hankjønnsord: *buskap, donskap* (doning) og *vitskap*.

Desse «reglane» har ikkje rot i målføra og den nynorske skriftradisjonen. Tvert imot samsvarar dei jamt over med den skiftande og heller usystematiske bøyinga på bokmål. Her er ikkje nynorsken normert på eigen grunn, men på eiga overflate, og nemnda tykkjast ikkje sjå kvar denne overflata flyt over bokmåls grunn.

Handsaminga av etterfestet *-skap* er i det heile vildrande og rangsnudd: I samband med *-skap* skriv nemnda at det er viktig å «formulera ein tydeleg regel for nynorskbrukarane», og at det er «sterkast tradisjon» for at *-skap* har hankjønnsbøying. Likevel vil nemnda taka inn valfri inkjekjønnsbøying her og der – i røynda **etter mønster frå bokmål**. Det er alt anna enn «ein tydeleg regel for nynorskbrukarane».

### 3.2.1 Adjektiv på *-en*

Nemnda vil jamstella endingane *-e* og *-ent* (tidlegare klammeform) i inkjekjønns av adjektiv på *-en* (som *open*). Nemnda viser til at språkbrukarar flest vel endinga *-ent* i adjektiv som *gebrokken* og *guffen*. Det er rett, men spørsmålet er kvifor ei avgrensa mengd med innlånte ord skal skipla mønsteret som adjektiv på *-en* har sams med partisipp av sterke verb. Jamvel her freistar nemnda å nytta Aasen som ryggstø: Han fann sume former på *-ent* og *-int* i målføra.<sup>9</sup>

Granskinga til nemnda syner at den tradisjonelle bøyinga med *-e* står sterkast i arveord som *open*. Like fullt vil nemnda jamstella *-e* og *-ent* (*ope/open*) i desse orda. Partisippbøyinga skal derimot vera som før, med *-e* som eineform (*kjærkome*, ikkje \**kjærkoment*). I staden for å setja opp eit ulogisk skilje mellom liknande ord – adjektiv på *-en* og partisipp av sterke verb – som tradisjonelt har same bøying, kunne nemnda ha gjort inkjekjønnsendinga *-e* til hovudregel, og *-ent* til eineform i dei få adjektiva som helst har det. Berre ei handfull ord høyrer til den sistnemnde flokken, som *beskjeden, gebrokken, gedigen, kristen, ueffen* og *ullen*.

<sup>9</sup> Ivar Aasen: *Norsk Grammatik*, Universitetsforlaget, Oslo 1965, s. 160.

Me nyttar ofte verbformene i perfektum partisipp som adjektiv, og fylgjeleg hadde det vore best om adjektiv på *-en* og adjektiviske partisipp på *-en* vart bøygd likt. Her har nynorsk tradisjonelt eit ryddig og fast system, medan bøyginga på bokmål er alt anna enn konsekvent. Der kan jamvel sume – men ikkje alle – partisipp få *-ent* i inkjekjønn: et *voksent* brev; et *velkomment* brev; et *\*skrevent* brev; et *\*forsvunnet* brev. Når nemnda gjer *-ent* til valfri form i alle adjektiv på *-en*, tek ho eit steg i retning bokmålet, men ho stoggar på halvvegen: Partisippa skal av einkvan grunn ha *-e* som eineform. Det verkar upedagogisk og kompliserande. Heller ikkje denne gongen grunngjev nemnda framlegget sitt.

Dette framlegget, med både *-e* og *-ent* i inkjekjønn, er korkje nynorsk eller bokmål, men noko midt imellom. Når *-ent* vert jamstelt med *-e*, kjem (den kunstige) skilnaden mellom adjektiv på *-en* og partisipp på *-en* truleg til å verta styrkt. Mange vil nok nytta forma *-ent* oftare enn før, når ho er jamstelt form og ikkje klammeform. Dessutan er det bortkasta å jamstella *-e* og *-ent* i ord som alltid vert skrivne med *-ent* (som *beskjeden* og *gedigen*). Her bør *-ent* vera eineform.

Med andre ord har dette framlegget frå rettskrivingsnemnda to stygge hakar: 1) Det skiplar systemet og samanhengen mellom adjektiv og partisipp på *-en*; 2) Det opnar for valfridom der valfridom ikkje er naudsynt, og den offisielle nynorsken, som skal vera mønstergjevande, kjem til å vakla og vildra på eit stort og synleg felt.

## VERB

### Infinitivsendinga

I målføre som har e-infinitiv eller kløyvd infinitiv, er a-en vorten ståande i refleksiv infinitiv (*brukast*) og i presens partisipp (*brukande*). Dei som har kløyvd infinitiv, har a-infinitiv i mange vanlege verb. A-en står òg i ord som *skrivar* (nomen agentis – dvs. ord for den som utfører ei handling).

Infinitivsendinga var -a frå Aasen og fram ny læreboknormal 1959.

Rettskrivingsnemnda gjev her opp tanken om ei nasjonal norm og vil tillata a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv.

Etter at e-infinitiven vart tillaten, er han vorten einerådande i lærebøkene; **altso samanfall med bokmål på eit viktig punkt.**

### 3.4.3 bli/verta

Nemnda vil tillata fire bøyingsmønster:

*verta – vert – vart – vorte*

*bli – blir – vart – vorte*

*bli – blir – blei – blitt*



*bli – blir – vart – blitt*

Nemnda skriv (s. 178):

*Verta* har tradisjonelt stor utbreiing på Vestlandet, men *bli* er i ferd med å trengja unna *verta* i mange dialektar.

Her saknar me ein diskusjon. Er dette ein konsekvens av overrisling frå bokmål? Kva strategi kan ein bruka for at nynorsken ikkje skal *verta* heilt unnatrengd av bokmål?

Dette er eit overlag viktig verb. Attmed det tradisjonelle *verta – vert – vart – vorte* bør ein òg kanskje kunna bruka *bli – blir – vart – vorte*, som har svært stor utbreiing. Dette er tydeleg og på eigen grunn. Valfridomen bør ikkje gå lenger enn det, elles vil det skapa inntrykk av rot i det sentrale ordtilfanget.

Bokmålsvenlege normagentar vil nok velja bøyingsmønsteret som **fell saman med bokmål** *bli – blir – blei – blitt* og soleis setja nynorsken under press. Bokmål vil nok helst bruka forma *ble* i preteritum.

### 3.4.5 Supinum på *i* av sterke verb

Inkjekjønnspartisippet og supinum på *-i* vert teke ut or norma. Dette gjeld sjølvsgagt òg for refleksive verb: *Det har funn**est***.

Me stør dette. Supinum på *-i* skiplar trekjønnsystemet i *i*-målet, og me meiner at *i*-målet bør halda fram å vera ein del av norma. Det vil ingen skade gjera. Det er ein viktig del av tradisjonen, og so kan framtida avgjera lagnaden til *i*-målet no når nynorsken skal dyrkast på sitt eige grunnlag.

### 3.4.7.b

Nemnda føreslår denne valfridomen for verba *dra(ga)*, *la(ta)* og *ta(ka)*:

*dra(ga) – dreg – drog – drege* el. *dra – drar – drog – dradd/ dratt*

*la(ta) – lèt – lét – late* el. *la – lar – let – latt*

*ta(ka) – tek – tok – teke* el. *ta – tar – tok – tatt*

Dette inneber at det vert mogleg med **fullt samanfall med bokmål**. Dette er svært viktige og frekvente verb. Dei tradisjonelle formene bør vera eineformer. Det gjev best indre samanheng òg, jf. *drag*, *deltakar*, *arbeidstakar*.

### 3.4.7.d *gje(va)*

Nemnda føreslår to bøyingsmønster:

*gje(va) – gjev – gav – gjeve* el. *gi – gir – gav – gitt*

Frekvent og viktig verb. Framlegget frå nemnda gjer fullt **samanfall med bokmål mogleg**. Bøyingsmønsteret *gje(va) – gjev – gav – gjeve* er tydeleg, har lengst tradisjon og gjev best indre systematikk, jf. *gjevar, grunngeving*.

### 3.4.8 Nokre tradisjonelle verbformer

Nemnda føreslår:

*få – får – fekk – fått*  
*gå – går – gjekk – gått*  
*slå – slår – slo – slått/ slege*  
*slåst – slåst – slost – slåst/ slegest*  
*stå – står – stod – stått*

Bøyingsmønster/-formene nedanfor bør òg vera tillatne av di dei er ein viktig del av tradisjonen. Dei har dessutan eit godt nasjonalt grunnlag<sup>10</sup>:

*få – fær – fekk – fenge*  
*ganga/ gå – gjeng – gjekk – gjenge* (imperativ: *gakk*)  
*slå – slær – slo – slege*  
*slåst – slæst – slost – slegest*  
*standa/ stå – stend – stod – stade* (imperativ: *statt*)

### 3.4.9 Verb med preteritum på **-de** eller **-te**

Nemnda føreslår at linne verb med stomnutgang på *-m(m)* og *-enn* skal få valfritt *-de* eller *-te* i preteritum. Dette gjeld nokre frekvente verb som *døma, toma, brenna, kjenna*.

**Etter framlegget frå nemnda vert fullt samanfall med bokmål mogleg:**

*dømme – dømmer – dømte – dømt*  
*tømme – tømmer – tømte – tømt*  
*brenner – brenner – brente – brent*  
*kjenne – kjenner – kjente – kjent*

Dessutan skal ein del verb som tradisjonelt har hatt *-de*, no få obligatorisk *-te*, mellom andre:

tora – torte  
føra – førte  
klara – klarte  
læra – lærte

---

<sup>10</sup> Sjå: Kjell Venås: *Sterke verb i norske målføre*, Universitetsforlaget, Oslo 1967

styra – styrte  
svara – svarte

**Resultat: tilnærming til eller samanfall med bokmål vert obligatorisk.**

### 3.4.10.a Supinumsformer av verb på *-0, -d, -g, -v*

Nemnda held oppe valfridomen i supinum i:

- verb som endar på vokal: *sydd/sytt*
- verb som har stomnutgang på *-d, -g, -v*: *arbeidd/arbeidt, bygd/bygt, levd/levt*

Bokmål har her *sydd, arbeidd/arbeidet, bygd/bygget, levd*. **Samanfall med bokmål vert mogleg.**

### 3.5.1 Samsvarsbøying av perfektum partisipp av linne verb i predikativ og attributiv stilling

Nemnda føreslår at denne samsvarsbøyinga skal vera valfri.

*Pakken er løynd/løynt.*

*Resultatet er løynt*

*Dei er løynde/løynt.*

*Ein løynd/løynt pake.*

*Løynde/løynte pakkar.*

Eit system som har fylgt nynorsken so lenge han har eksistert, vert her gjort valfritt og **samanfall med bokmål vert mogleg**. Den pedagogiske vinsten er tvilsam, sidan sjølve systemet må lærast for dei sterke verba likevel. I og med at det blir to system, og det mest innfløkte må lærast, er vel vinsten i røynda eit tap. Delforenklinga kompliserer i heilskapen. Å omtala samsvarsbøyinga i nynorsk som innfløkt er forresten ei sterk overdriving. Der er *unnataka* frå samsvarsbøyinga som har gjort henne uturvande komplisert. Ei konsekvent samsvarsbøying bør heller omtalast som interessant. Og det bør peikast på at det finst parallellar til dette i andre europeiske språk, til dømes i spansk.

### 3.2.4 Etterfeste i adjektiv og adverb

Nemnda føreslår at etterfestet *-et/-ete/-ut* skal reduserast frå tre til ein variant: *-ete*.

*-ut* har fylgt nynorsken so lenge han har eksistert. Lat *-ut* få stå attmed *-ete*, ta *-et* ut. Då har me variasjon på eigen grunn, ein tostavings- og ein trestavingsvariant. *-ut* er ein god representant for *-at* og *-åt* – og nytta i t.d. *Trønderordboka*.

## OPPSUMMERING

I kortversjon er mandatet til nemnda slik:

- 1 Nemnda skal laga ei tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer.
- 2 Norma skal vera lett å bruka.
- 3 Norma skal appellera til språkbrukarar over heile landet.

For å gjera det lettare å setja desse prinsippa ut i livet har nemnda prøvt å bruka fire prinsipp:

Me vil samanlikna funna våre ovanfor med mandatet og prinsippa.

### **Prinsipp 1**

#### **Nynorsken skal normerast på sin eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).**

I referatet frå det fyrste møtet i rettskrivingsnemnda, den 10. februar 2010, heiter det:

Det må koma fram at ein no normerer nynorsken på eigen grunn for fyrste gong på svært lenge [...].

Ein skulle tru at nemnda ut frå dette ville ta ut dei elementa som i samnorskperioden var tekne inn med det overordna målet at nynorsk skulle smeltast saman med bokmål.

Men i føreordet i den endelege tilrådinga seier nemnda:

Det har ikkje vore noko mål for oss å fjerne alle spor av tilnæringspolitikken på 1900-talet, og vi har valt dagens nynorsk som utgangspunkt for normeringsarbeidet. Med dagens nynorsk meiner vi gjeldande rettskriving, med hovudformer og sideformer.<sup>11</sup>

Element som tidlegare vart definerte som bokmål, definerer nemnda om til nynorsk. Ho viskar soleis delvis ut grensa mellom nynorsk og bokmål.

Omgrepet om nynorsk vert utydeleg. Kva som er nynorsk og nedervd dialekt og kva som er bokmålspåverknad vert ikkje diskutert.

Fenomenforståinga til nemnda, eller snarare mangelen på slik forståing, vil, dersom ho skulle verta ålment akseptert, føra til at nynorsken ikkje lenger er tydeleg avgrensa frå bokmål. Bokmålet på hi sida er konsolidert i ei konservativ form og tydeleg avgrensa frå nynorsk, det syter private normagentar for. Under presset frå det dominerande og hegemoniske bokmålet vil denne mangelen på klår definisjon av kva nynorsk er, opna nynorsken opp for stadig tilnærming til bokmål, medan bokmålet held seg konstant.

---

<sup>11</sup> Rettskrivingsnemnda: *Ny rettskriving for 2000-talet*, Språkrådet 01.04.2011, s. 3.

Vi har fleire døme på at dei som bestiller omsetjingar frå bokmål til nynorsk, vel «så bokmålsnært som mogeleg». Dette skjer både i forlag som gir ut lærebøker, og i statsetatar som kjøper nynorskversjonane sine frå profesjonelle omsetjarar for å innfri krava i mållova. (s. 4).

I høyringsutkastet frå januar 2011 stod det (s. 37):

For å demma opp mot at det offentlege og læremiddelprodusentar skal velja dei mest bokmålsnære formene, går nemnda inn for at *skule*, *berr* og *berre* blir eineformer.

*Skole* kom inn att i den endelege tilrådinga, og setninga om *å demma opp mot* vart borte.

På hi sida vil nemnda fjerna nynorsk frå bokmål der nynorsktradisjonen *ikke* tilseier det. Det gjeld samandregne former som *kapitlet* og *teatret* og bøyning av framandord, til dømes *geranien* og *genera*. **Det kompliserer språklæringa for både nynorsk- og bokmålselevar (fleire system) og er bokmålsfjernt i utrengsmål.**

## **Prinsipp 2**

**Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal verta ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).**

Med ei nasjonal norm meiner nemnda ei norm som nynorskbrukarar over heile landet oppfattar som akseptabel, fordi ho inneheld eit formsett som ikkje knyter henne spesielt til ein særskild landsdel (s. 40)

Dette er ein definisjon som anten må prøvast i ei uravrøysting eller som fyrst kan prøvast om nokre år, dersom norma vert vedteken.

Dersom eitt talemålstrekk er typisk for ein stor landsdel og eit anna for ein annan stor del av landet, har det gjerne vore eit argument for å behalda begge som valfrie former (s. 40).

Når nemnda samstundes går inn for valfridom i frekvente ord, legg ho opp til å kløyva nynorsken opp i regionale variantar. Gjennomgangen ovanfor stadfester dette. Ei framlegg som legg opp til so mykje sprik, kan ikkje kallast nasjonal norm i nokor rimeleg tyding av ordet. Nemnda er ikkje i stand til å skjera gjennom, fordi ho vantar omgrep om korleis nynorsken kan vera samnemnar for norsk mål.

## **Prinsipp 3**

**Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.**

Me viser her til det som er skrive under punkt 2. Dømet *ynskeja/ynskeje*, *ynska/ynske*, *ønskeja*, *ønska*, *ønskeje*, *ønske* viser til fullnads kvar nemnda legg tyngdepunktet i valet mellom nasjonal norm og regional (eller skal me seia individuell?) variasjon.

## **Prinsipp 4**

**Lite brukte former skal som hovudregel takast ut or norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.**

Nemnda tek til dømes ut *rakel* og *hovold* og lèt *rakkel* og *hovel* stå att. Her må det seiast at *hovold* er hovudoppføringsform i *Norsk Ordbok*, og at den forma kan seiast å dekkja uttalen *hovel*, men ikkje omvendt. Nemnda nemner ikkje *bokel* og *fikel*.

Mykje tyder på at nemnda heller ikkje har noko tilhøve til mange av dei mindre «moderne» orda som dei har endra på.

Dessutan: Dette dreier seg om lite brukte ord, der det statistiske grunnlaget er for lite til å vega det eine mot det andre.

## KONKLUSJON

Det er tydeleg at endringane som nemnda her tek til ords for, i stor grad byggjer på bruk i bokmål og bokmålspåverka talemål. Den endelege tilrådinga er soleis i strid med både mandatet («ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk») og det fyrste prinsippet til rettskrivingsnemnda («[n]ynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål)»).

Det aller meste av nynorsken (den delen som ikkje var valfri) er framleis grunnfest i målføra i si klassiske form. Normeringa av dei valfrie orda heng ikkje saman med normeringa av dei andre orda! Med reformeringa av småplukk, serleg i røtene, overfører ein normeringsgrunnlaget til bokmålsvanar og bokmålspåverka nynorskvanar og stemplar hundrevis av sider i *Nynorskordboka* (med ord som er uendra sidan landsmålstida) som framandspråk.

Dersom framlegget frå nemnda vert vedteke, vil me under presset frå det dominerande og hegemoniske bokmålet kunna koma til å sjå og høyra ein offisiell nynorsk som ligg so nær opp til bokmål at mange nynorskfolk ikkje lenger vil bry seg om å stri for honom. I ei tid der dialektane er utsette for sterk press, kunne ein tydeleg, enkel og stram nynorsk i ei meningsfull tyding av desse orda, vera eit ryggstø for dei norske dialektane. Då ville nynorsken, som ein overbyggnad over dei, kunna gjera dei ei beine att.

Me bed difor Språkrådet leggja tilrådinga til sides og setja ned ei nemnd av nynorsk-kunnige personar som har som mål at nynorsken skal leva vidare som eit sjølvstendig mål.

**Kristin Fridtun**

**Arvid Langeland**

Oslo, 13. mai 2011

Til styret i Språkrådet

### **Notat om framlegget til ny rettskriving for nynorsk**

Eg bed om at vedlagde notat om framlegget til ny rettskriving for nynorsk vert førelagt styremedlemene i Språkrådet før saka vert teken opp på neste styremøte. I notatet vert det sett spørjeteikn ved tolkinga nemnda har gjort av mandatet sitt når det gjeld høvet for å taka inn nye valfrie former i nynorsk. Det vert dessutan synt ved ein gjennomgang av formene som vert tekne ut i ljosverket at framlegget har urimeleg slagside mot bokmål.

Med venleg helsing

Klaus Johan Myrvoll

Kopi til: Kulturdepartementet

## Rettskrivingsnemnda vil føra inn 136 nye former i nynorsk

I mandatet til rettskrivingsnemnda, vedteke av styret i Språkrådet 16. desember 2009, heiter det at ein vil setja i gang arbeidet med «å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk utan sideformer». Mandatet seier ikkje noko eksplisitt om det er høve til å taka inn nye former i rettskrivinga, men sett i ljøs av at det er eit overordna mål å skjera ned på talet på valfrie former, er det heller tvilsamt. Det var då òg soleis ein arbeidde med norma i førre omgang (2001–2003); båe framlegga som det arbeidet resulterte i, gjekk einast ut på å taka ut former, ikkje å føra inn nye.

Det må difor koma som ei overrasking på mange at den tilrådinga som no ligg føre, «Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet», dagsett 1. april 2011, i tillegg til å taka ut former òg gjer framlegg om å føra inn ei rad nye former i nynorsken. Det dreiar seg då ikkje om former som har vore tillatne i tidlegare rettskrivingar, slik tilfellet var i reformene for bokmål i 1981 og i 2005, men heilt nye former som aldri har vore ein del av nynorsk. På grunnlag av mandatet og det overordna ynsket om å skapa ein tydelegare og stramare nynorsk må ein spørja: *Fell det innanfor mandatet til nemnda å føra inn ny valfridom i nynorsk?* Om ein skjer ned på valfridomen i visse ord, men aukar honom i andre, er lite vunne. Ein må òg spørja seg kva ei slik utviding av norma vil få å seia for den ynskte stabiliteten i nynorsk.

Di større grunn til å undrast er det når ein ser kva for nye former nemnda gjer framlegg om: Stort sett alle opnar nynorsken meir opp for bokmålspåverknad. Ein gjennomgang av framlegget syner at nemnda fører inn 136 heilt nye former eller bøyingsmåtar. Om me ser bort frå ord som ikkje finst på bokmål (i minsto ikkje i *Bokmålsordboka*) – som *fit*, *tinar*, *kveiksle* og *skirsle* –, er det berre 16 tilfelle av at den nye forma eller bøyinga ikkje samsvarar med bokmål.

Tabellen nedanfor viser dette i detalj. Der har eg henta ut alle framlegg til nye former i nynorsk og jamført dei med gjeldande norm både for nynorsk og for bokmål.<sup>1</sup> Kjeldene for gjeldande norm er *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*. Merk at samsvaret som vert mælt, gjeld den delen av ordet som vert endra. Til dømes gjev ei innføring av forma *gløymsele* ved sida av *gløymse* ikkje fullt samsvar med bokmål *glemsel*/*glømsel*, men ei «nynorsk» form av det same ordet (med *-øy-* for *-e/ø-*).

Tab. 1. Nye former i nemndframlegget jamført med gjeldande norm for nynorsk (NN) og bokmål (BM).

Punkt i tilrådinga	Gjeldande norm NN	Framlegg til ny norm NN (nye former i feit)	Gjeldande norm BM	Samsvar ny form med BM
2.1.1	<i>fit</i> f. 'grasvoll'	<b><i>fet</i></b>	(finst ikkje)	–
2.1.1	<i>kumle</i> f.	<b><i>komle</i></b>	<i>kumle</i> f./m.	Nei
2.1.1	<i>kumpe</i> f.	<b><i>kompe</i></b>	<i>kump</i> m. el. <i>kumpe</i> f./m.	Nei
2.1.1	<i>skolera</i> v.	<i>skolera</i> el. <b><i>skulera</i></b>	<i>skolere</i> v.	Nei
2.1.1	<i>rysja</i> v. ( <i>rys</i> , <i>ruste</i> , <i>rust</i> )	<i>rysja</i> , <i>rys</i> , <i>ruste</i> , <i>rust</i> ; el. <b><i>røsa</i></b> , <b><i>røs</i></b> , <b><i>røste</i></b> , <b><i>røst</i></b>	(finst ikkje)	–
2.1.1	<i>sølje</i> [ <i>sylgje</i> ] f.	<i>sølje</i> el. <b><i>sylje</i></b>	<i>sølje</i> f./m.	Ja
2.1.1	<i>symja</i> v.	<i>symja</i> el. <b><i>svømme</i></b>	<i>svømme</i> v.	Ja
2.2.1	<i>tinar</i> m. 'hardved'	<b><i>tenar</i></b> el. <b><i>tennar</i></b>	(finst ikkje)	–
2.2.2	( <i>tre</i> ) <i>skurd</i> m.	( <b><i>tre</i></b> ) <b><i>skur</i></b> el. ( <i>tre</i> ) <i>skurd</i>	( <i>tre</i> ) <i>skur</i> el. ( <i>tre</i> ) <i>skurd</i> m.	Ja
2.2.2	<i>strid</i> f. 'hardt strev'	<b><i>stri</i></b>	<i>stri</i> f./m.	Ja
2.2.2	<i>trøde</i> f. 'pedal'	<i>trøde</i> el. <b><i>trøe</i></b>	<i>trøe</i> f./m.	Ja



2.2.2	<i>trøde</i> n. ‘kve’	<i>trøde</i> el. <b>trøe</b>	<i>trøe</i> n.	Ja
2.3.3	<i>bølgja</i> [ <i>bylgja</i> ] v.	<i>bylgja, bølgja</i> el. <b>bølga</b>	<i>bølge</i> v.	Ja
2.3.3	<i>bølgje</i> [ <i>bylgje</i> ] f.	<i>bylgje, bølgje, bølge</i>	<i>bølge</i> f./m.	Ja
2.3.3	<i>elgja</i> v. ‘gjera kvalm’	<i>elgja</i> el. <b>elga</b>	( <i>elge</i> v.) <sup>ii</sup>	(Ja)
2.3.3	<i>følgja</i> [ <i>fylgja</i> ] v.	<i>fylgja, følgja</i> el. <b>følga</b>	<i>følge</i> v.	Ja
2.3.3	<i>følgje</i> [ <i>fylgje</i> ] f.	<i>fylgje, følgje</i> el. <b>følge</b>	<i>følge</i> m.	Ja
2.3.3	<i>følgje</i> [ <i>fylgje</i> ] n.	<i>fylgje, følgje</i> el. <b>følge</b>	<i>følge</i> n.	Ja
2.3.3	<i>svelgja</i> v.	<i>svelgja</i> el. <b>svelga</b>	<i>svelge</i> v.	Ja
2.3.3	<i>sørgja</i> [ <i>syrgja</i> ] v. <sup>iii</sup>	<i>syrgja, sørgja</i> el. <b>sørga</b>	<i>sørge</i> v.	Ja
2.3.3	<i>telgja</i> v.	<i>telgja</i> el. <b>telga</b>	<i>telgje</i> v. ( <i>sic</i> ) <sup>iv</sup>	Nei
2.3.3	<i>ynskja</i> el. <i>ønskja</i> v.	<i>ynskja, ønskja, ynska, ønska</i>	<i>ønske</i> v.	Ja
2.4.1	<i>breidd</i> f.	<i>breidd</i> el. <b>breidde</b>	<i>bredde</i> m.	Ja
2.4.2	<i>høgð</i> f.	<i>høgð</i> el. <b>høgde</b>	<i>høyde</i> m. el. <i>høgde</i> f./m.	Ja
2.4.2	<i>lengd</i> f.	<i>lengd</i> el. <b>lengde</b>	<i>lengde</i> f./m.	Ja
2.4.2	<i>mengd</i> f.	<i>mengd</i> el. <b>mengde</b>	<i>mengde</i> m.	Ja
2.4.2	( <i>skjörte</i> ) <i>vidd</i> f.	( <i>skjörte</i> ) <i>vidd</i> el. <b>vidde</b>	( <i>skjörte</i> ) <i>vidde</i> f./m.	Ja
2.4.2	<i>fråssa</i> v.	<b>frátsa</b>	<i>fråtse</i> v.	Ja
2.4.2	<i>glepp</i> m. ‘mistak’	<i>glepp</i> el. <b>glipp</b>	<i>glipp</i> m.	Ja
2.4.2	<i>okle</i> f./n.	<i>okle</i> f./n. el. <b>ankel</b> m.	<i>ankel</i> m.	Ja
2.4.2	<i>ongel</i> el. <i>ongul</i> m.	<i>ongel</i> el. <b>angel</b>	<i>angel</i> m.	Ja
2.4.2	<i>ongla</i> v.	<i>ongla</i> el. <b>angla</b>	<i>angle</i> v.	Ja
2.4.2	<i>rekkevidd</i> el. <i>rekkjevidd</i> f.	<i>rekkevidd(e)</i> el. <i>rekkjevidd(e)</i>	<i>rekkevidde</i> f./m.	Ja
2.4.2	<i>steins</i> el. <i>steinsens</i> adv.	<b>stein</b> el. <i>steinsens</i>	<i>stein</i> adv.	Ja
2.4.2	<i>streta</i> v. <sup>v</sup>	<i>streta</i> el. <b>stritta</b>	<i>stritte</i> v.	Ja
2.4.2	<i>trekt</i> f.	<i>trekt</i> el. <b>trakt</b>	<i>trakt</i> f./m.	Ja
2.5.2	<i>førestella</i> v.	<b>førestilla</b>	<i>forestille</i> v.	Ja
2.5.2	<i>førestelling</i> f.	<b>førestilling</b>	<i>forestilling</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>bedding</i> f.	<i>bedding</i> m./f.	<i>bedding</i> m.	Ja
3.1.13	<i>bygning</i> m.	<i>bygning</i> m./f.	<i>bygning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>demning</i> f.	<i>demning</i> m./f.	<i>demning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>festning</i> f.	<i>festning</i> m./f.	<i>festning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>forlegning</i> m.	<i>forlegning</i> m./f.	<i>forlegning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>frysning</i> m.	<i>frysning</i> m./f.	<i>frysning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>gjødning</i> m.	<i>gjødning</i> m./f.	<i>gjødning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>kledning</i> m.	<i>kledning</i> m./f.	<i>kledning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>kokning</i> m.	<i>kokning</i> m./f.	<i>kokning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>krusning</i> m.	<i>krusning</i> m./f.	<i>krusning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>ladning</i> m.	<i>ladning</i> m./f.	<i>ladning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>leidning</i> m.	<i>leidning</i> m./f.	<i>ledning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>lysning</i> m. ‘glenne’	<i>lysning</i> m./f.	<i>lysning</i> m.	Nei
3.1.13	<i>munning</i> m.	<i>munning</i> m./f.	<i>munning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>rivning</i> m.	<i>rivning</i> m./f.	<i>rivning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>rydning</i> m.	<i>rydning</i> m./f.	<i>rydning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>spenning</i> m. ‘spennel’	<i>spenning</i> m./f.	<i>spenning</i> m./f.	Ja
3.1.13	<i>strekning</i> f.	<i>strekning</i> m./f.	<i>strekning</i> m./f.	Ja
3.1.15	<i>gløymsle -sla</i>	<i>gløymsle -sla</i> el. <b>gløymsel -en</b>	<i>glemsel</i> el. <i>glømsel -en</i>	Ja
3.1.15	<i>gøymsle -sla</i>	<i>gøymsle -sla</i> el. <b>gøymsel -en</b> <sup>vi</sup>	<i>gjemsel</i> el. <i>gjømsel -et</i>	Ja

3.1.15	<i>høyrse</i> l el. <i>høyrse</i> l - <i>sla</i>	<i>høyrse</i> l - <i>sla</i> el. <i>høyrse</i> l - <b>en</b>	<i>hørse</i> l - <i>sla</i> el. - <i>en</i>	Ja
3.1.15	<i>kveikse</i> l el. <i>kveikse</i> l - <i>sla</i>	<i>kveikse</i> l - <i>sla</i> el. <i>kveikse</i> l - <b>en</b>	(finst ikkje)	–
3.1.15	<i>pløgsel</i> el. <i>pløgsle</i> - <i>sla</i>	<i>pløgsle</i> - <i>sla</i> el. <i>pløgsel</i> - <b>en</b>	<i>pløgsle</i> el. <i>pløgsel</i> - <i>sla</i> el. - <i>en</i>	Ja
3.1.15	<i>skirse</i> l el. <i>skirse</i> l - <i>sla</i>	<i>skirse</i> l - <i>sla</i> el. <i>skirse</i> l - <b>en</b>	(finst ikkje)	–
3.1.15	<i>trenge</i> l el. <i>trenge</i> l - <i>sla</i>	<i>trenge</i> l - <i>sla</i> el. <i>trenge</i> l - <b>en</b>	<i>trenge</i> l - <i>sla</i> el. - <i>en</i>	Ja
3.1.15	<i>tyngse</i> l el. <i>tyngse</i> l - <i>sla</i>	<i>tyngse</i> l - <i>sla</i> el. <i>tyngsel</i> - <b>en</b>	<i>tyngsel</i> - <i>en</i>	Ja
3.1.18	<i>bodskap</i> - <i>en</i>	<i>bodskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>budskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>børnskap</i> - <i>en</i>	<i>børnskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>børnskap</i> - <i>en</i>	Nei
3.1.18.	<i>bøvelskap</i> - <i>en</i>	<i>bøvelskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>djevleskap</i> - <i>en</i>	<i>djevleskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>djevleskap</i> - <i>en</i> el. - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>donskap</i> - <i>en</i>	<i>donskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>eigarskap</i> - <i>en</i>	<i>eigarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>eierskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>endskap</i> - <i>en</i>	<i>endskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>endskap</i> - <i>en</i>	Nei
3.1.18	<i>entreprenørskap</i> - <i>en</i>	<i>entreprenørskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>entreprenørskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>faenskap</i> - <i>en</i>	<i>faenskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>faenskap</i> - <i>en</i> el. - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>fandenskap</i> - <i>en</i>	<i>fandenskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>fandenskap</i> - <i>en</i> el. - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>fantenskap</i> - <i>en</i>	<i>fantenskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>farisearskap</i> - <i>en</i>	<i>farisearskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>farkeskap</i> - <i>en</i>	<i>farkeskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>felagskap</i> - <i>en</i>	<i>felagskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>fiendskap</i> - <i>en</i>	<i>fiendskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>fiendskap</i> - <i>en</i> el. - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>filleskap</i> - <i>en</i>	<i>filleskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>fordingskap</i> - <i>en</i>	<i>fordingskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>forfattarskap</i> - <i>en</i>	<i>forfattarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>forfatterskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>formyndarskap</i> - <i>en</i>	<i>formyndarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>formynderskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>frendskap</i> - <i>en</i>	<i>frendskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>frimurarskap</i> - <i>en</i>	<i>frimurarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>fritenkjarskap</i> - <i>en</i>	<i>fritenkjarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>følgjeskap</i> - <i>en</i>	<i>følgjeskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>førarskap</i> - <i>en</i>	<i>førarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>galningskap</i> - <i>en</i>	<i>galningskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>gledskap</i> - <i>en</i>	<i>gledskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>grendskap</i> - <i>en</i>	<i>grendskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>heimfødingskap</i> - <i>en</i>	<i>heimfødingskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>hjonskap</i> - <i>en</i>	<i>hjonskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>hovdingskap</i> - <i>en</i>	<i>hovdingskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>husbondskap</i> - <i>en</i>	<i>husbondskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>hyklarskap</i> - <i>en</i>	<i>hyklarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>kameratskap</i> - <i>en</i>	<i>kameratskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>kameratskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>leiarskap</i> - <i>en</i>	<i>leiarskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>lederskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>medlemskap</i> - <i>en</i>	<i>medlemskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>medlemskap</i> - <i>et</i>	Ja
3.1.18	<i>meisterskap</i> - <i>en</i>	<i>meisterskap</i> - <i>en</i> el. - <b>et</b>	<i>mesterskap</i> - <i>et</i>	Ja

3.1.18	<i>mågskap -en</i>	<i>mågskap -en el. -et</i>	<i>mågskap -en</i>	Nei
3.1.18	<i>operatørskap -en</i>	<i>operatørskap -en el. -et</i>	<i>operatørskap -et</i>	Ja
3.1.18	<i>partnarskap -en</i>	<i>partnarskap -en el. -et</i>	<i>partnerskap -et</i>	Ja
3.1.18	<i>prakkarskap -en</i>	<i>prakkarskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>sedskap -en</i>	<i>sedskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>sjømannskap -en</i>	<i>sjømannskap -en el. -et</i>	<i>sjømannskap -et</i>	Ja
3.1.18	<i>skaldskap -en</i>	<i>skaldskap -en el. -et</i>	<i>skaldskap -en</i>	Nei
3.1.18	<i>slektskap -en</i>	<i>slektskap -en el. -et</i>	<i>slektskap -et</i>	Ja
3.1.18	<i>syskenskap -en</i>	<i>syskenskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>systerskap -en</i>	<i>systerskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>tjodskap -en</i>	<i>tjodskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>traveskap -en</i>	<i>traveskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>trollskap -en</i>	<i>trollskap -en el. -et</i>	<i>trollskap -en el. -et</i>	Ja
3.1.18	<i>tusseskap -en</i>	<i>tusseskap -en el. -et</i>	<i>tusseskap -en el. -et</i>	Ja
3.1.18	<i>uvitingskap -en</i>	<i>uvitingskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>ven(n)skap -en</i>	<i>ven(n)skap -en el. -et</i>	<i>vennskap -et</i>	Ja
3.1.18	<i>villmannskap -en</i>	<i>villmannskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.18	<i>våeskap -en</i>	<i>våeskap -en el. -et</i>	(finst ikkje)	–
3.1.19	<i>dialekt m.</i>	<i>dialekt m./f.</i>	<i>dialekt m.</i>	Nei
3.2.5	<i>appetittleg adj.</i>	<i>appetitt(e)leg adj.</i>	<i>appetittlig</i>	Nei
3.2.5	<i>opphavleg adj.</i>	<i>opphav(e)leg adj.</i>	<i>opphavlig</i>	Nei
3.2.5	<i>sjukleg adj.</i>	<i>sjuk(e)leg adj.</i>	<i>sykelig el. sjuk(e)lig</i>	Ja
3.2.5	<i>makeleg adj.</i>	<i>mak(e)leg adj.</i>	<i>makelig</i>	Nei
3.3.1	<i>de – dykk pron.</i>	<i>de – dykk el. dokker – dokker</i>	<i>dere – dere</i>	Nei
3.3.2	<i>dykkar pron.</i>	<i>dykkar el. dokkar</i>	<i>deres</i>	Nei
3.4.11	<i>brøyta -er, -tte, -tt</i>	<i>brøyta -er, -tte, -tt; el. -ar, -a, -a</i>	<i>brøyte -er, -et/-a, -et/-a</i>	Ja
3.4.11	[ <i>drønna -er, -te, -t</i> ]	<i>drønna -er, -te, -t; el. -ar, -a, -a</i>	<i>drønne -er, -et/-a, -et/-a; el. -te, -t</i>	Ja
3.4.11	[ <i>dønna -er, -te, -t</i> ]	<i>dønna -er, -te, -t; el. -ar, -a, -a</i>	<i>dønne -er, -et/-a, -et/-a; el. -te, -t</i>	Ja
3.4.11	<i>gremma -er, -de [-te], -t [-d]</i>	<i>gremma -er, -de/te, -t; el. -ar, -a, -a</i>	<i>gremme -er, -et/-a, -et/-a; el. -te, -t</i>	Ja
3.4.11	<i>lada -er, -dde, -dd/-dt</i>	<i>lada -er, -dde, -dd/-dt; el. -ar, -a, -a</i>	<i>lade -er, -et/-a, -et/-a; el. -dde, -dd</i>	Ja
3.4.11	<i>leia -er, -dde, -dd/-tt</i>	<i>leia -er, -dde, -dd/-tt; el. -ar, -a, -a</i>	<i>lede -er, -et/-a, -et/-a</i>	Ja
3.4.11	( <i>har</i> ) <i>note (av nyta)</i>	( <i>har</i> ) <i>note el. nytt</i>	( <i>har</i> ) <i>nytt</i>	Ja
3.4.11	<i>ska(da) ska(de)r, skadde, skadd/skadt</i>	<i>ska(da) ska(de)r, skadde, skadd/skadt; el. -ar, -a, -a</i>	<i>skade -er, -et/-a, -et/-a; el. -dde, -dd</i>	Ja
3.4.11	<i>stønna -er, -te, -t</i>	<i>stønna -er, -te, -t; el. -ar, -a, -a</i>	<i>stønne -er, -et/-a, -et/-a; el. -te, -t</i>	Ja
3.4.11	<i>trena -ar, -a, -a</i>	<i>trena -ar, -a, -a; el. -er, -te, -t</i>	<i>trene -er, -et/-a, -et/-a; el. -te, -t</i>	Ja
3.4.11	<i>voks, pret. av veksa</i>	<i>voks el. vaks</i>	<i>vokse -er, -te, -t</i>	Nei

Nokre av orda er relativt frekvente, som verba *følg(j)a*, *ønsk(j)a*, *leia* og *skada* og substantiva *bølg(j)e*, *lengd(e)*, *mengd(e)*, *bygning* og fleire av orda på *-skap* som *bodskap* og *medlemskap*. Det er soleis grunn til å tru at denne nye valfridomen vil visa att i skrift heller ofte. I eit par

tilfelle går nemnda radikalt til verks og byter ut noverande form med bokmålsforma, utan valfridom. Det gjeld i substantivet *strid* f. ‘hardt strev’, som skal få skrivemåten *stri*, og i verbet *fråssa*, som no skal heita *fråtsa*.

Her skal eg ikkje gå inn på grunngevinga nemnda gjev i kvart einskilt tilfelle, men nøya meg med å slå fast at det er tydeleg kvar den «nye» nynorsken hentar råemnet sitt frå. Bokmål er den store premissleverandøren.

Om dei 16 ordformene som nemnda vil føra inn som *ikkje* samsvarar med bokmål, er det å seia at dei fleste (9) kjem av at nemnda mekanisk fører inn ein valfridom som ikkje bokmål har. Til dømes vil ho gjera *j-en* i verbet *telgja* valfri – ein *j* som er obligatorisk i bokmål *telgje* (som t.d. *bikkje* f.). Og nemnda vil føra inn valfritt kjønn (m./n.) i fire ord på *-skap* der bokmål berre har hankjønn (*børnskap*, *endskap*, *mågskap* og *skaldskap*). Ho vil òg ha inn valfri *-e*-fyre *-leg* i adjektiva *appetit(e)leg* og *opphav(e)leg* (BM berre *appetitlig*, *opphavlig*). Desse nye formene må seiast å vera høgst tvilsame – nemnda kunne spørja seg: Kva kan grunnen vera til at bokmålet har berre éi form her?

Ei sak for seg er dei føreslegne skrivemåtane *komle* og *kompe* for *kumle* og *kumpe* – her har nynorsk og bokmål i dag identiske skrivemåtar (med *-u-*). Nemnda viser til ordet *lompe*, men det er eit unnatak, jf. at det i båe måla heiter t.d. *lump* m., som *lompe* vert sett i samanheng med, og det heiter *rumpe* f., for å nemna eit velkjent ord. Her har nemnda mistydt ortografiske prinsipp som er sams for nynorsk og bokmål.

Dei einaste nye formene som då står att, og som faktisk må seiast å vera normerte «på eigen grunn» (jf. prinsipp 1 åt nemnda, s. 38 f. i tilrådinga), er verbforma *skulera* (analogi med *skule*), hokjønnsbøying av ordet *dialekt*, pronomenformene *dokker* og *dokkar* og preteritumsforma *vaks*. Denne sjølvstendige normeringa er ikkje nett imponerande.<sup>vii</sup>

Det er ei kjend sak mellom dei som arbeider dagleg med nynorsk språkrøkt at eit fleirtal av dei feila eller normbrota som meir eller mindre kompetente nynorskbrukarar gjer, er det ein med eit fagord kan kalla *bokmålsinterferens*. Av di språkbrukarane kjenner bokmål betre enn dei kjenner nynorsk, blandar dei inn språkdrag frå bokmål i den nynorsken dei skriv.

Dette er eit ikkje ukjent fenomen i minoritetsspråk, at brukarane «låner» drag frå majoritetsspråket. Det er difor ikkje overraskande at nye former og skrivemåtar som kjem opp i den nynorsken som vert skriven, er henta frå bokmål eller er ulike slag kompromiss med bokmålsformene. I ein slik situasjon må dei som normerer språket, vera på vakt og unngå at majoritetsspråket får for mykje å seia for normeringa. Ein naturleg del av normeringsarbeidet vert å setja opp merkesteinar mot den uynskte påverknaden.

Det kan ein ikkje seia at rettskrivingsnemnda har gjort. Når ho i staden vel å lyfta opp nye, bokmålspåverka former til norm, gjev det seg sjølv at resultatet vert ein nynorsk som ligg endå tettare opp mot bokmål. Soleis får me ein vond spiral med ein svært bokmålsoppblanda nynorsk som logisk sluttpunkt.

Ei slik utvikling kan snau sameinast med ynsket om ei «tydeleg, enkel og stram norm» for nynorsk.

## Sermerkt nynorske former vert tekne ut – bokmålsformer får stå

Ein kunne tenkja seg at dette – at bokmålet er premissleverandør for normeringa – galdt berre dei nye formene som nemnda vil føra inn i nynorsken. Men nei; om ein jamfører dei formene som nemnda vil *taka ut* or rettskrivinga med bokmål, får ein mykje godt det same resultatet: Ei opteljing i kap. 2, «Lydverket», syner at av i alt 290 tilfelle der valfridomen vert skoren ned, vel nemnda den forma som samsvarar best med bokmål i 234 av dei. Då er ord som ikkje finst i bokmål, og innstraming av ein type valfridom som er sams for nynorsk og bokmål (jf.

merknad nedanfor), haldne utanfor. Dette vert vist i detalj i tab. 2 nedanfor. Eg nøyer meg med dei formene som er nemnde i kap. 2, då det skulle vera nok til å syna tendensen, og dessutan eignar formene som sorterer under ljosverket seg best for samanlikning mellom dei to måla.

Tab. 2. Former som nemnda vil taka ut or nynorsken jamført med gjeldande norm for bokmål (BM).

Punkt i tilrådinga	Form(er) som går ut	Form(er) som vert ståande	Gjeldande norm BM	Samsvar ny norm med BM
2.1.1	[annen] pron.	annan	annen	Nei
2.1.1	austerlendsk adj.	austerlandsk	østerlandsk	Ja
2.1.1	[bar] adj.	berr	bar	Nei
2.1.1	[bare] adv.	berre	bare	Nei
2.1.1	fremmend adj.	framand	fremmed	Nei
2.1.1	hanga v.	henga	henge	Ja
2.1.1	hersk adj.	harsk	harsk	Ja
2.1.1	hedmerking m.	hedmarking	hedmarking	Ja
2.1.1	[hjerte] n. <sup>viii</sup>	hjarta el. hjarte	hjerte	Nei
2.1.1	[valp] m.	kvalp el. kvelp	valp	Nei
2.1.1	[lakan] n.	laken	laken	Ja
2.1.1	leting m.	lating	lating	Ja
2.1.1	massing m.	[messing]	messing	Ja
2.1.1	svarm m. 'flokk'	sverm	sverm	Ja
2.1.1	[ovund] f.	avund	avund el. avind	Ja
2.1.1	holdning f.	haldning	holdning	Nei
2.1.1	horr m. (fisk)	harr	harr	Ja
2.1.1	hank f. 'band, ring til å trø noko innpå'	honk	hank	Nei
2.1.1	longe f. (fisk)	lange	lange	Ja
2.1.1	tall f. 'fure'	toll	tall	Nei
2.1.1	[tonn] f.	tann	tann	Ja
2.1.1	[tropp] f.	trapp	trapp	Ja
2.1.1	[vold] m., [volda] v.	vald, valda	vold	Nei
2.1.1	ær n.	arr	arr	Ja
2.1.1	star m. (augnesjukdom)	stær	stær	Ja
2.1.1	[dråp] n.	drap	drap	Ja
2.1.1	kvæ f.	kvæ	kvæ	Ja
2.1.1	[mån] f.	man	man	Ja
2.1.1	[mala] v.	måla	male	Nei
2.1.1	[fite] m. 'feitleik'	fete	–	–
2.1.1	kleppfisk m.	klippfisk	klippfisk	Ja
2.1.1	lippe f.	leppe	leppe	Ja
2.1.1	sev n.	siv	siv	Ja
2.1.1	smikk adv., smikka v., smikke f.	smekk, smekka, smekke	smekk, smekke, smekke	Ja
2.1.1	[tri] talord	tre	tre	Ja
2.1.1	[vinstre] adj.	venstre	venstre	Ja
2.1.1	[bræ(da)] v.	bre(da)	bre	Ja
2.1.1	[bræk(j)a] v.	brek(j)a	breke	Ja
2.1.1	[brækta] v.	brekta	(finst ikkje)	–
2.1.1	[bræsa] v.	bresa	(finst ikkje)	–

2.1.1	[ <i>dæld</i> ] f. ‘søkk, grop’	<i>deld</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	[ <i>æsa</i> ] v.	<i>esa</i>	<i>ese</i>	Ja
2.1.1	[ <i>æsing</i> ] f. ‘båtripe’	<i>esing</i>	<i>esing</i>	Ja
2.1.1	<i>esj</i> interj.	<i>æsj</i>	<i>æsj</i>	Ja
2.1.1	[ <i>fræsa</i> ] v.	<i>fresa</i>	<i>frese</i>	Ja
2.1.1	[ <i>gjæta</i> ] v.	<i>gjeta</i>	<i>gjete</i>	Ja
2.1.1	[ <i>her</i> ] m.	<i>hær</i>	<i>hær</i>	Ja
2.1.1	[ <i>krækjebær</i> ] n.	<i>krekebær</i>	<i>krekebær</i>	Ja
2.1.1	<i>kræla</i> v. ‘røra seg jamt og seint; krypa’	<i>krela</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	<i>kræmar</i> m.	<i>kremmar</i>	<i>kremmer</i>	Ja
2.1.1	[ <i>kræsen</i> ] adj.	<i>kresen</i>	<i>kresen</i>	Ja
2.1.1	[ <i>kvæde</i> ] n.	<i>kvede</i>	<i>kvede</i>	Ja
2.1.1	[ <i>kvæn</i> ] m., [ <i>kvænsk</i> ] adj.	<i>kven, kvensk</i>	<i>kven, kvensk</i>	Ja
2.1.1	[ <i>kvæsa</i> ] v.	<i>kvesa</i>	<i>hvese</i> el. <i>kvese</i>	Ja
2.1.1	<i>samkvæme</i> n.	<i>samkvem</i>	<i>samkvem</i>	Ja
2.1.1	[ <i>sæte</i> ] n.	<i>sete</i>	<i>sete</i>	Ja
2.1.1	[ <i>sæter</i> ] f.	<i>seter</i>	<i>seter</i>	Ja
2.1.1	[ <i>skræma</i> ] v.	<i>skremma</i>	<i>skremme</i>	Ja
2.1.1	[ <i>spræk</i> ] adj.	<i>sprek</i>	<i>sprek</i>	Ja
2.1.1	[ <i>stræna</i> ] v.	<i>strena</i>	<i>strene</i>	Ja
2.1.1	[ <i>ser, serleg, serskild</i> osb.] adj.	<i>sær (-leg, -skild</i> <i>osb.)</i>	<i>sær</i>	Ja
2.1.1	<i>birkje</i> og <i>byrkje</i> f. ‘bjørkesevje’	<i>bjørkje</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	[ <i>klyppa</i> ] v.	<i>klippa</i>	<i>klippe</i>	Ja
2.1.1	[ <i>bjoda</i> ] v.	<i>by(da)</i>	<i>by(de)</i>	Ja
2.1.1	[ <i>gjosa</i> ] v.	<i>gysa</i>	<i>gyse</i>	Ja
2.1.1	[ <i>gjota</i> ] v.	<i>gyta</i>	<i>gyte</i>	Ja
2.1.1	<i>ljota</i> v.	<i>lyta</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	[ <i>skjota</i> ] v.	<i>skyta</i>	<i>skytte</i>	Ja
2.1.1	<i>sjoda</i> v.	<i>syda</i>	<i>syde</i>	Ja
2.1.1	<i>tjor</i> m.	<i>tyr</i>	<i>tyr</i>	Ja
2.1.1	[ <i>buble</i> ] f.	<i>boble</i>	<i>boble</i>	Ja
2.1.1	<i>bul</i> m., <i>bulung</i> m.	<i>bol, bolung</i>	<i>bol</i>	Ja
2.1.1	[ <i>fumla</i> ] v., [ <i>fumlen</i> ] adj.	<i>fomla, fomlen</i>	<i>fomle</i>	Ja
2.1.1	[ <i>fuma</i> ] v. ‘fumla’	<i>fomma</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	<i>gjurda</i> v.	<i>gjorda</i>	<i>gjorde</i>	Ja
2.1.1	[ <i>grum</i> ] adj.	<i>grom</i>	<i>grom</i>	Ja
2.1.1	<i>kuppul</i> m. ‘liten stein’	<i>koppul</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1	[ <i>muleg</i> ] adj.	<i>mogeleg</i> el. <i>mogleg</i>	<i>mulig</i>	Nei
2.1.1	<i>ukse</i> m.	<i>okse</i>	<i>okse</i>	Ja
2.1.1	<i>skjol</i> n.	<i>skjul</i>	<i>skjul</i>	Ja
2.1.1	[ <i>smolt</i> ] n.	<i>smult</i>	<i>smult</i>	Ja
2.1.1	[ <i>snurka</i> ] v.	<i>snorka</i>	<i>snorke</i>	Ja
2.1.1	[ <i>sumla</i> ] v.	<i>somla</i>	<i>somle</i>	Ja
2.1.1/ 2.2.1	[ <i>sume</i> ] pron.	<i>somme</i>	<i>somme</i>	Ja
2.1.1	<i>stull</i> m. ‘gruvegang’	<i>stoll</i>	<i>stoll</i>	Ja
2.1.1	[ <i>tumsen</i> ] adj.	<i>tomsen</i>	( <i>tomsete</i> )	Ja
2.1.1	<i>blodga</i> v.	<i>bløgga</i>	<i>blogge</i> el. <i>bløgge</i>	Ja

2.1.1	<i>dorg</i> adv.	<i>dørg</i>	<i>dørg(ende)</i>	Ja
2.1.1	<i>gor</i> adj.	<i>gørr</i>	<i>gørr</i>	Ja
	<i>gor</i> n. ‘gjørme; innvolar’	<i>gørr</i>	<i>gorr</i> el. <i>gørr</i>	Ja
2.1.1	<i>mòr</i> og [ <i>mørr</i> ] m.	<i>morr</i>	<i>morr</i>	Ja
2.1.1	<i>møl</i> m.	<i>møll</i>	<i>møll</i>	Ja
2.1.1	<i>snør</i> n.	<i>snørr</i> f./n.	<i>snørr</i>	Ja
2.1.1	<i>sorgmodig</i> adj.	<i>sørgmodig</i>	<i>sørgmodig</i>	Ja
2.1.1	<i>tørst</i> m.	<i>torste</i> el. <i>tørste</i> m.	<i>tørst</i> el. <i>tørste</i>	Nei
2.1.1	<i>tofle</i> f.	<i>tøffel</i> m.	<i>tøffel</i>	Ja
2.1.1	<i>brote</i> m.	[ <i>bråte</i> ]	<i>bråte</i>	Ja
2.1.1	[ <i>dråpe</i> ] m.	<i>drope</i>	<i>dråpe</i>	Nei
2.1.1	<i>drok</i> f., fl. <i>dreker</i> ‘jente’	<i>dråk</i> , fl. <i>dræker</i>	(finst ikkje)	–
2.1.1.	<i>flòte</i> m.	<i>flåte</i>	<i>flåte</i>	Ja
2.1.1	[ <i>tåla</i> ] v., [ <i>tålmod</i> ] n.	<i>tola</i> , <i>tolmod</i>	<i>tåle</i> , <i>tålmod</i>	Nei
2.1.1	<i>byrja</i> v. ‘måtta, skulla’	<i>burda</i>	<i>burde</i>	Ja
2.1.1	[ <i>rudning</i> ] m.	<i>rydning</i>	<i>rydning</i>	Ja
2.1.1	[ <i>skynda</i> ] v.	<i>skunda</i>	<i>skynde</i>	Nei
2.1.1	<i>skutel</i> m.	<i>skyttel</i>	<i>skyttel</i>	Ja
2.1.1	<i>sturt</i> m., <i>sturta</i> v.	<i>styrt</i> , <i>styrta</i>	<i>styrt</i> , <i>styrte</i>	Ja
2.1.1	<i>stutta</i> v.	<i>stytt</i>	<i>stutte</i>	Nei
2.1.1	<i>stutting</i> f. ‘det å stytt	<i>styting</i>	<i>stutting</i> m. ‘stutt slede’	Nei
2.1.1	<i>sudfrukt</i> f., <i>sudlandsk</i> adj., <i>sudlending</i> m.	<i>sydfrukt</i> , <i>sydlandsk</i> , <i>sydlending</i>	<i>sydfrukt</i> , <i>sydlandsk</i> , <i>sydlending</i>	Ja
2.1.1	[ <i>tunn</i> ] adj.	<i>tynn</i>	<i>tynn</i>	Ja
2.1.1	<i>uryggeleg</i> adj.	<i>uruggeleg</i>	<i>uryggelig</i>	Nei
2.1.1	<i>jøtul</i> m.	<i>jutul</i>	<i>jutul</i>	Ja
2.1.1	<i>kluft</i> f., <i>klufta</i> adj.	<i>kløft</i> , <i>kløfta</i>	<i>kløft</i>	Ja
2.1.1	[ <i>klyppar</i> ] m. ‘dugande person’	<i>kløppar</i>	<i>kløpper</i>	Ja
2.1.1	[ <i>styrd</i> ] adj.	<i>støl</i> el. <i>stør</i>	<i>støl</i>	Ja
2.1.1	[ <i>sylgje</i> ] f.	<i>sølje</i> el. <i>sylje</i> (ny)	<i>sølje</i>	Ja
2.1.1	[ <i>tunne</i> ] f.	<i>tynne</i> el. <i>tønne</i>	<i>tønne</i>	Ja
2.1.1	<i>forrådar</i> m.	<i>forrædar</i>	<i>forræder</i>	Ja
2.1.1	<i>læsa</i> v.	<i>låsa</i>	<i>låse</i>	Ja
2.1.1	<i>mæla</i> v.	<i>måla</i>	<i>måle</i>	Ja
2.1.2	[ <i>greive</i> ] m., [ <i>greivinne</i> ] f.	<i>greve</i> , <i>grevinne</i>	<i>greve</i> , <i>grevinne</i>	Ja
2.1.2	[ <i>peka</i> ] v.	<i>peika</i>	<i>peke</i>	Nei
2.1.2	[ <i>tresk</i> ] adj.	<i>treisk</i>	<i>tresk</i>	Nei
2.1.2	[ <i>flom</i> ] m., [ <i>flomma</i> ] v.	<i>flaum</i> , <i>flauma</i>	<i>flom</i> , <i>flomme</i>	Nei
2.1.2	[ <i>tom</i> ] m., [ <i>fortom</i> ] m.	<i>taum</i> , <i>fortaum</i>	<i>tom</i> , <i>fortom</i>	Nei
2.1.2	[ <i>drøm</i> ] m.	<i>draum</i>	<i>drøm</i>	Nei
2.1.2	[ <i>strøm</i> ] m.	<i>straum</i>	<i>strøm</i>	Nei
2.1.2	[ <i>drømme</i> ] v.	<i>drøyma</i>	<i>drømme</i>	Nei
2.1.2	[ <i>flømme</i> ] v.	<i>fløyma</i>	<i>flømme</i>	Nei

2.1.2	[gløm <sup>ma</sup> ] v., [gløm <sup>men</sup> ] adj., [glø <sup>mske</sup> ] f., [glø <sup>msk(en)</sup> ] adj., [glø <sup>msle</sup> ] f.	glø <sup>yma</sup> , glø <sup>ymen</sup> , glø <sup>ymske</sup> , glø <sup>ymsk(en)</sup> , glø <sup>ymsle</sup>	gløm <sup>me</sup> el. glem <sup>me</sup> , gløm <sup>sk</sup> el. gle <sup>msk</sup> , gløm <sup>sel</sup> el. gle <sup>msel</sup>	Nei
2.1.2	[gjøm <sup>ma</sup> ] v., [gjøm <sup>sle</sup> ] f.	gjø <sup>yma</sup> , gjø <sup>ymsle</sup>	gjøm <sup>me</sup> el. gjem <sup>me</sup> , gjøm <sup>sel</sup> el. gjem <sup>sel</sup>	Nei
2.1.2	[strøm <sup>ma</sup> ] v.	strø <sup>yma</sup>	strøm <sup>me</sup>	Nei
2.1.2	hø <sup>ra</sup> v.	høy <sup>ra</sup>	høre	Nei
2.1.2	kjø <sup>ra</sup> v.	køy <sup>ra</sup>	kjøre	Nei
2.1.2	rør f./n.	rø <sup>yr</sup>	rør	Nei
2.1.2	ør f. 'sandbanke'	ø <sup>yr</sup>	ør el. ø <sup>yr</sup>	Nei
2.1.2	ø <sup>ra</sup> v. (om elv)	øy <sup>ra</sup>	(finst ikkje)	–
2.1.2	[ø <sup>re</sup> ] n. <sup>ix</sup>	øy <sup>ra</sup> el. ø <sup>yre</sup>	øre	Nei
2.1.2	trø <sup>sk</sup> m. 'frosk'	trau <sup>sk</sup>	(finst ikkje)	–
2.1.2	rø <sup>st</sup> n. 'takrygg', rø <sup>sta</sup> v.	rau <sup>st</sup> , rau <sup>sta</sup>	rø <sup>st</sup> , rø <sup>ste</sup>	Nei
2.1.2	rø <sup>st</sup> f., rø <sup>sta</sup> v.	røy <sup>st</sup> , røy <sup>sta</sup>	rø <sup>st</sup>	Nei
2.1.2	trø <sup>st</sup> f., trø <sup>sta</sup> v.	trøy <sup>st</sup> , trøy <sup>sta</sup>	trø <sup>st</sup> , trø <sup>ste</sup>	Nei
2.1.2	[kaun] m. 'svull'	kong	kong	Ja
2.1.2	tog n.	tau	tau	Ja
2.1.2	trog n.	trau	trau	Ja
2.1.2	baune f.	bønne	bønne	Ja
2.1.2	laug <sup>sta</sup> v.	løg <sup>sta</sup>	(finst ikkje)	–
2.1.2	[dø] v.	døy	dø	Nei
2.1.2	lø <sup>nsk</sup> adj.	løy <sup>nsk</sup>	lø <sup>nsk</sup>	Nei
2.1.2	trø <sup>tt</sup> adj.	trøy <sup>tt</sup>	trø <sup>tt</sup> el. trett	Nei
2.1.2	ty n.	tøy	tøy	Ja
2.2.1	bed m. 'jordlag; oppbygd pall'	bedd	(finst ikkje)	–
2.2.1	nuddel m.	nudel	nudel	Ja
2.2.1	nagg n.	nag	nag	Ja
2.2.1	brama v. 'sjå godt ut; skryta'	bramma	bramme	Ja
2.2.1	homa v. 'få hest til å ryggja'	homma	homme	Ja
2.2.1	kiming f. 'synsrand'	kimming	kiming el. kimming	Delvis
2.2.1	råma v.	ramma	ramme	Ja
2.2.1	[kramet] n. b.f.	krammet	krammet	Ja
2.2.1	[krame] adj. fl.	kramme	kramme	Ja
2.2.1	[kumar] m. 'knopp; rakle'	kummar	(finst ikkje)	–
2.2.1	[lame] adj. fl.	lamme	lamme	Ja
2.2.1	[lama] v. 'gjera lam'	lamma	lamme	Ja
2.2.1	[plome] f.	plomme	plomme	Ja
2.2.1	[rame] adj. fl.	ramme	ramme	Ja
2.2.1	[rama] v. 'vera ram i smaken'	ramma	(finst ikkje)	–
2.2.1	[râme] f., [råma] v.	ramme, ramma	ramme, ramme	Ja
2.2.1	[romet] n. b.f.	rommet	rommet	Ja
2.2.1	[roma] v. 'ha plass til'	romma	romme	Ja
2.2.1	[røma] v. 'roma; fly'	røm <sup>ma</sup>	røm <sup>me</sup>	Ja



2.2.1	[skumet] n. b.f.	skummet	skummet	Ja
2.2.1	[skuma] v.	skumma	skumme	Ja
2.2.1	[stame] adj. fl.	stamme	stamme	Ja
2.2.1	[stama] v.	stamma	stamme	Ja
2.2.1	[strame] adj. fl.	stramme	stramme	Ja
2.2.1	[strama] v.	stramma	stramme	Ja
2.2.1	[tame] adj. fl.	tamme	tamme	Ja
2.2.1	[tome] adj. fl.	tomme	tomme	Ja
2.2.1	[tøma] v.	tømma	tømme	Ja
2.2.1	dana v.	danna	danne	Ja
2.2.1	lining f./m.	linning	linning	Ja
2.2.1	trin n.	trinn	trinn	Ja
2.2.1	utdana v.	utdanna	utdanne	Ja
2.2.1	[koppar] m.	kopar	kopper el. kobber	Nei
2.2.1	nuppereller fl.	nupereller	nupereller	Ja
2.2.1	papa m.	pappa	pappa	Ja
2.2.1	rap m. (plante)	rapp	rapp	Ja
2.2.1	jås n.	jåss	(finst ikkje)	–
2.2.1	kompas m./n.	kompass	kompass	Ja
2.2.1	gat n. ‘hol’, spygat	gatt, spygatt	gatt, spygatt	Ja
2.2.1	[kot] n.	kott	kott	Ja
2.2.1	lett m. ‘farge’	let	(finst ikkje)	–
2.2.1	[net] n.	nett	nett	Ja
2.2.1	[nòt] f., [nate-]	nøtt, nøtte-	nøtt, nøtte-	Ja
2.2.1	[sett], pres. av setja	set	setter	Nei
2.2.1	[sitt], [satt] (av sitja)	sit, sat	sitter, satt	Nei
2.2.2	speia v., speiar m.	speida, speiar	speide, speider	Ja
2.2.2	vrid m.	vri	vri	Ja
2.2.2	vriar m.	vridar	vridar	Ja
2.2.2	vriden adj. ‘vrang’	vrien	vrien	Ja
2.2.2	flit m.	flid	flid	Ja
2.2.2	mod n., moda v.	mot, mota <sup>x</sup>	mot	Ja
2.2.2	[ratt] adv.	radt	(finst ikkje)	–
2.2.2	slut n.	sludd	sludd	Ja
2.2.2	blei m. ‘hoven person’	bleig	blei	Nei
2.2.2	blei m. ‘kile’	bleig	blei el. bleig	Delvis
2.2.2	bøygning f.	bøying	bøying	Ja
2.2.2	drya v.	dryga	dryge el. drøye	Ja
2.2.2	firføsle og firføtle f.	firfisle	firfisle	Ja
2.2.2	kislen adj.	kitlen	kilen	Nei
2.2.2	lisle adj.	litle	lille	Nei
2.2.2	ratla v.	rasla	rasle	Ja
2.2.2	skutla v.	skusla	skusle	Ja
2.2.2	skruva v.	skru el. skrua	skru	Ja
2.2.2	skruve m.	skrue	skrue	Ja
2.4.1	krønik f.	krønike f.	krønike	Ja
2.4.1	pins f./m.	pinse f./m.	pinse	Ja
2.4.1	premi m.	premie m.	premie	Ja
2.4.1	sjapp f.	sjappe f.	sjapp el. sjappe	Delvis
2.4.2	atterdekk n., atterut adv.	akterdekk, akterut	akterdekk, akterut	Ja
2.4.2	angest m.	angst	angst	Ja

2.4.2	<i>armbøst</i> m.	<i>armbrøst</i>	<i>armbrøst</i>	Ja
2.4.2	<i>babl</i> n.	<i>babbel</i>	<i>babbel</i>	Ja
2.4.2	<i>boso</i> f. ‘halmseng’	<i>bose</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>breiddfull</i> adj. <sup>xi</sup>	<i>breiddfull</i>	<i>breiddfull</i>	Nei
2.4.2	<i>briks</i> m.	<i>brisk</i>	<i>briks</i> el. <i>brisk</i>	Delvis
2.4.2	<i>doktera</i> v. ‘lækja’	<i>dokterera</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>drøpel</i> m.	<i>drøvel</i>	<i>drøvel</i>	Ja
2.4.2	<i>eignelott</i> m.	<i>eignelut</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>ervelott</i> m.	<i>ervelut</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>einaste</i> adv.	<i>einast</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>einøre</i> m., <i>einøring</i> m.	<i>eittøre</i> , <i>eittøring</i>	<i>enøre</i> el. <i>ettøre</i> , <i>enøring</i> el. <i>ettøring</i>	Delvis
2.4.2	<i>eksera</i> v.	<i>eksersera</i>	<i>eksersere</i>	Ja
2.4.2	<i>eksis</i> m.	<i>eksersis</i>	<i>eksis</i> el. <i>eksersis</i>	Delvis
2.4.2	<i>erga</i> v. <sup>xii</sup>	<i>ergra</i>	<i>ergre</i>	Ja
2.4.2	<i>finkel</i> m. (plante)	<i>fenikkel</i>	<i>fenikkel</i>	Ja
2.4.2	<i>forbrøring</i> f.	<i>forbrødring</i> f.	<i>forbrødring</i>	Ja
2.4.2	<i>fyllug</i> adj.	<i>fyldig</i>	<i>fyldig</i>	Ja
2.4.2	<i>fyraben</i> m.	<i>fyrabend</i>	<i>fyrabend</i>	Ja
2.4.2	<i>fyrverk</i> n.	<i>fyrverkeri</i>	<i>fyrverkeri</i>	Ja
2.4.2	<i>fødeflekk</i> m.	<i>føflekk</i>	<i>føflekk</i>	Ja
2.4.2	<i>galenheie</i> f. ‘flokse’	<i>galneheie</i>	<i>galneheie</i>	Ja
2.4.2	<i>galenskap</i> m.	<i>galskap</i>	<i>galskap</i>	Ja
2.4.2	<i>gimber</i> f.	<i>gimmer</i>	<i>gimmer</i>	Ja
2.4.2	[ <i>gjøra</i> ] v.	<i>gjera</i>	<i>gjøre</i>	Nei
2.4.2	<i>gjerug</i> adj.	<i>gjerrig</i>	<i>gjerrig</i>	Ja
2.4.2	[ <i>gjørs(t)</i> ] (på g.)	<i>gjerst</i>	<i>gjørs</i>	Nei
2.4.2	<i>hagfelle</i> f. ‘gjerde’	<i>hafelle</i>	<i>hafelle</i>	Ja
2.4.2	<i>hakepik</i> og <i>hakepig</i> m.	<i>haka</i>	<i>haka</i>	Ja
2.4.2	<i>hannkjønn</i> n.	<i>hankjønn</i>	<i>hankjønn</i> el. <i>hannkjønn</i>	Delvis
2.4.2	<i>hannleg</i> adj.	<i>hanleg</i>	<i>hanlig</i> el. <i>hannlig</i>	Delvis
2.4.2	<i>herbyrge</i> n.	<i>herberge</i>	<i>herberge</i>	Ja
2.4.2	[ <i>hokken</i> ] pron. ‘kva for ein’		(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>hovold</i> f.	<i>hovel</i>	<i>hovel</i>	Ja
2.4.2	<i>huja</i> v.	<i>huia</i>	<i>huie</i>	Ja
2.4.2	<i>huttaheiti</i> subst.	<i>hutaheiti</i>	<i>hutaheiti</i>	Ja
2.4.2	[ <i>idrott</i> ] m.	<i>idrett</i>	<i>idrett</i>	Ja
2.4.2	<i>kaldleg</i> adj.	<i>kaldsleg</i>	<i>kaldslig</i>	Ja
2.4.2	<i>kanevas</i> m.	<i>kanvas</i>	<i>kanevas</i> el. <i>kanvas</i>	Delvis
2.4.2	<i>knips</i> adj. ‘avvisande’	<i>knipsk</i>	<i>knipsk</i>	Ja
2.4.2	<i>knøtrande</i> adj.	<i>knøttande</i>	<i>knøttende</i>	Ja
2.4.2	[ <i>koss</i> ], [ <i>hoss</i> ] og [ <i>hossen</i> ] adv. <sup>xiii</sup>	<i>korleis</i>	<i>hvorledes/hvordan</i>	–
2.4.2	<i>kvark</i> m.	<i>kvarg</i>	<i>kvarg</i> el. <i>kvark</i>	Delvis
2.4.2	<i>kviksølv</i> [ <i>kvikksylv</i> ]	<i>kvikksølv</i> [ <i>kvikksylv</i> ]	<i>kvikksølv</i>	Ja
2.4.2	<i>ledlaus</i> og <i>ledalaus</i> adj.	<i>lealaus</i>	<i>lealaus</i>	Ja
2.4.2	<i>lereft</i> n.	<i>lerret</i>	<i>lerret</i>	Ja
2.4.2	<i>marinykleband</i> og <i>marinøkleband</i> n.	<i>marianykleband</i> og <i>marianøkleband</i>	<i>marianøkleband</i> / <i>-bånd</i>	Ja

2.4.2	<i>marinykleblom</i> og <i>marinøkleblom</i> m.	<i>marianykleblom</i> og <i>marianøkleblom</i>	<i>marianøkleblom</i>	Ja
2.4.2	<i>medel</i> -(klasse)	<i>middel</i> -	<i>middel</i> -	Ja
2.4.2	<i>medels</i> adj.	<i>middels</i>	<i>middels</i>	Ja
2.4.2	<i>mit</i> m.	<i>midd</i>	<i>midd</i>	Ja
2.4.2	<i>mid</i> - prefiks (-gang)	<i>midt</i> -	<i>midt</i> -	Ja
2.4.2	<i>mikkelsbær</i> n.	<i>mikkelsbær</i>	<i>mikkelsbær</i>	Ja
2.4.2	<i>mildleg</i> adj.	<i>mildsleg</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>motig</i> adj.	<i>modig</i>	<i>modig</i>	Ja
2.4.2	<i>moroa</i> v.	<i>mora</i>	<i>more</i>	Ja
2.4.2	<i>mye</i> adj.	<i>mykje</i>	<i>mye</i>	Nei
2.4.2	<i>nashyrning</i> m.	<i>nashorn</i> n.	<i>neshorn</i>	Ja
2.4.2	<i>njos</i> og <i>njosn</i> f.	<i>nysn</i>	<i>nyss</i>	Ja
2.4.2	[ <i>omrøma</i> ] v.	<i>omrømme</i>	<i>omrømme</i>	Ja
2.4.2	<i>ongul</i> m.	<i>ongel</i> el. <i>angel</i> (ny)	<i>angel</i>	Ja
2.4.2	[ <i>openbara</i> ] v.	<i>openberra</i>	<i>åpenbare</i>	Nei
2.4.2	<i>oppstyltra</i> adj.	<i>oppstylda</i>	<i>oppstylt(r)a/-et</i>	Delvis
2.4.2	<i>ostre</i> f.	<i>østers</i>	<i>østers</i>	Ja
2.4.2	<i>pota</i> v.	<i>poda</i>	<i>pode</i>	Ja
2.4.2	<i>polsk</i> m. (dans)	<i>pols</i>	<i>pols</i>	Ja
2.4.2	<i>publikumar</i> m.	<i>publikummar</i>	<i>publikummer</i>	Ja
2.4.2	<i>rakl</i> n.	<i>rakkel</i>	<i>rakkel</i>	Ja
2.4.2	<i>rinskvinn</i> m.	<i>rhinskvinn</i>	<i>r(h)inskvinn</i>	Delvis
2.4.2	<i>rote</i> f. (adm. eining)	<i>rode</i>	<i>rode</i>	Ja
2.4.2	<i>rosekål</i> m.	<i>rosenkål</i>	<i>rosenkål</i>	Ja
2.4.2	<i>sia</i> adv.	<i>sidan</i>	<i>siden</i> el. <i>sia</i>	Nei
2.4.2	<i>sippete</i> adj.	<i>sipete</i>	<i>sip(p)et(e)</i>	Delvis
2.4.2	<i>skjaga</i> v.	<i>sjaga</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>skjeggjete</i> adj.	<i>skjeggete</i>	<i>skjeggjet(e)</i>	Ja
2.4.2	<i>skøyta</i> v.	<i>skjøtta</i>	<i>skjøtte</i>	Ja
2.4.2	<i>skråme</i> f.	<i>skramme</i>	<i>skramme</i>	Ja
2.4.2	<i>skrov</i> n.	<i>skrog</i>	<i>skrog</i>	Ja
2.4.2	<i>skult</i> adj.	<i>skuls</i>	<i>skuls</i>	Ja
2.4.2	<i>slunta</i> v.	<i>sluntra</i>	<i>sluntre</i>	Ja
2.4.2	[ <i>slåsskjempe</i> ] f.	<i>slåstjempe</i>	<i>slåsskempe</i>	Nei
2.4.2	<i>snyltra</i> v.	<i>snylta</i>	<i>snylte</i>	Ja
2.4.2	<i>sponsar</i> m.	<i>sponsor</i>	<i>sponsor</i>	Ja
2.4.2	<i>sprel</i> n., <i>sprela</i> v.	<i>sprell, sprella</i>	<i>sprell, sprell</i>	Ja
2.4.2	<i>spryt</i> f.	<i>spryd</i>	<i>spryd</i>	Ja
2.4.2	<i>spøkri</i> n.	<i>spøkeri</i>	<i>spøkeri</i>	Ja
2.4.2	<i>styltre</i> f. <sup>xiv</sup>	<i>stylte</i>	<i>stylte</i>	Ja
2.4.2	<i>treskel</i> m.	<i>terskel</i>	<i>terskel</i>	Ja
2.4.2	<i>tilfelleleg</i> adj.	<i>tilfeldig</i>	<i>tilfeldig</i>	Ja
2.4.2	<i>tipp</i> n.	<i>tips</i>	<i>tipp</i> el. <i>tips</i>	Delvis
2.4.2	<i>tiritunge</i> f.	<i>tiriltunge</i>	<i>tiriltunge</i>	Ja
2.4.2	<i>tumarsfinger</i> m.	<i>tommelfinger</i>	<i>tommelfinger</i>	Ja
2.4.2	<i>trikk</i> n.	<i>triks</i>	<i>trikk</i> el. <i>triks</i>	Ja
2.4.2	<i>trillebør</i> f.	<i>trillebår</i>	<i>trillebør</i> el. <i>trillebår</i>	Delvis
2.4.2	<i>tyre</i> m./n.	<i>tyri</i>	<i>tyri</i>	Ja
2.4.2	<i>usturteleg</i> adj.	<i>ustyrteleg</i>	<i>ustyrteleg</i>	Ja
2.4.2	<i>utstrakt</i> adj.	<i>utstrekt</i>	<i>utstrakt</i>	Nei
2.4.2	[ <i>vant</i> ] adj.	<i>van</i> el. <i>vand</i>	<i>vant</i>	Nei
2.4.2	<i>vattersott</i> f.	<i>vatersott</i>	<i>vatersott</i>	Ja

2.4.2	<i>vækje</i> f.	<i>veikje</i>	(finst ikkje)	–
2.4.2	<i>vell</i> n. (-foreining)	<i>vel</i>	<i>vel</i> el. <i>vell</i>	Delvis
2.4.2	<i>verde</i> n.	<i>verd</i> n. el. <i>verdi</i> m.	<i>verd</i> n. el. <i>verdi</i> m.	Ja
2.4.2	<i>ødle</i> f.	<i>øgle</i>	<i>øgle</i>	Ja
2.4.2	<i>ørsk</i> adj.	<i>ørsk</i>	<i>ørsk</i> el. <i>ørsk</i>	Delvis
2.5.2	<i>blottstella</i> v.	<i>blottstilla</i>	<i>blottstille</i>	Ja
2.5.2	<i>framstella</i> v., <i>framstelling</i> f.	<i>framstilla</i> , <i>framstilling</i>	<i>framstille</i> , <i>framstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>fristella</i> v.	<i>fristille</i>	<i>fristille</i>	Ja
2.5.2	<i>jamstella</i> v., <i>jamstelling</i> f.	<i>jamstille</i> , <i>jamstilling</i>	<i>jamstille</i> , <i>jamstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>likestella</i> v., <i>likestelling</i> f.	<i>likestille</i> , <i>likestilling</i>	<i>likestille</i> , <i>likestilling</i>	Ja
2.5.2	<i>omstella</i> v., <i>omstelling</i> f.	<i>omstille</i> , <i>omstilling</i>	<i>omstille</i> , <i>omstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>samstella</i> v.	<i>samstille</i>	<i>samstille</i>	Ja
2.5.2	<i>tilfredsstella</i> v., <i>tilfredsstelling</i> f.	<i>tilfredsstille</i> , <i>tilfredsstilling</i>	<i>tilfredsstille</i> , <i>tilfredsstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>oppstelling</i> f.	<i>oppstilling</i>	<i>oppstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>ordstelling</i> f.	<i>ordstilling</i>	<i>ordstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>problemstelling</i> f.	<i>problemstilling</i>	<i>problemstilling</i>	Ja
2.5.2	<i>utstelling</i> f.	<i>utstilling</i>	<i>utstilling</i>	Ja

Merknad: I 18 ord stramar rettskrivingsnemnda inn i ein slik grad at nynorsken vil stå att med berre éi form der bokmål har to. Av di den nye norma for nynorsk får «plass» innanfor bokmålsnorma, har eg kategorisert desse tilfella som «delvis» samsvar med bokmål i tab. 2. Det gjeld m.a. *briks* el. *brisk* m. (NN berre *brisk*), *e(i)nøre* el. *e(i)ttøre* m. (NN berre *eittøre*), *eksis* el. *eksersis* m. (NN berre *eksersis*), *hankjønn* el. *hannkjønn* n. (NN berre *hankjønn*), *kvarg* el. *kvark* m. (NN berre *kvark*), *rhinskvin* el. *rinskvin* (NN berre *rhinskvin*), *tipp* el. *tips* (NN berre *tips*), *trikk* el. *triks* (NN berre *triks*) og *trillebør* el. *trillebår* f. (NN berre *trillebår*). Jamvel om samnorsktida er omme, skulle ein tru at Språkrådet ville vera tent med sams normering av fleire av desse orda.

Som nemnt: Av 290 tilfelle der valfridomen vert skoren ned, vel nemnda den forma som samsvarar med bokmål i 234 av dei («ja»-former i tabellen ovanfor). Det tyder at nemnda berre i 56 tilfelle lét sermerkt nynorske former stå att. Mellom dei sermerkt nynorske formene som nemnda vil taka ut or norma, er mange tidlegare hovudformer i læreboknormalen, som *hanga* v., *massing* m., *lippe* f., *brote* m., *læsa* v., *mæla* v., *baune* f., *ty* n., *dana* v., *skruve* m., *galenskap* m., *skråme* f., *tilfelleleg* adj., *verde* n. og *jamstella* v. Dei einaste reine bokmålsformene i den gamle læreboknormalen som nemnda vil taka ut, er etter det eg kan sjå *holdning* f., *tall* f. ‘fure’, *mye* adj., *sia* adv. og ein del former med -ø- for -øy- (*høra*, *kjøra*, *rør*, *ør*, *røst*, *trøst* og *trøtt*).

Om me så går til dei 56 tilfella der nemnda reint faktisk stramar inn i nynorsklei, ser me at den største gruppa av desse gjeld skrivemåtar med monoftong for diftongane *ei*, *øy* og *au* (pkt. 2.1.2), t.d. [*peka*] for *peika*, [*flom*] for *flaum*, [*drøm*] for *draum*, [*glømme*] for *gløyma* og *høra* for *høyra*. I alt utgjer desse monoftongformene 22 av dei 56 bokmålsformene som nemnda vil stryka. Men nemnda er alt anna enn konsekvent på dette området, t.d. vil ho taka ut tradisjonelle former som *greive*, *baune* og *laugsta*.

Dei bokmålsformene som då står att – 34 i talet – er av ymist slag. Ofte dreiar det seg om tidlegare sideformer med klår samnorskprofil, som t.d. [*annen*], [*bare*], [*hjerte*], [*valp*], [*vold*], [*mala*], [*skynda*], [*gjøra*].

Framlegget gjer det monaleg vanskelegare å skriva det ein kan kalla ein tradisjonsorientert nynorsk innanfor rettskrivinga. Dei etymologiske skrivemåtane, som har vore berande i nynorsken sidan Ivar Aasen, vert færre. Serleg tydeleg er dette i vokalismen, der t.d. den historiske fordelinga mellom *e* og *æ* vert endå meir skipla ved at ei rad skrivemåtar med *æ*

vert tekne ut or norma (*æsa, fræsa, gjæta, sæte* og *skræma*) og dessutan nokre med *e* fyre *r* (*her, ser*). Det er bokmålet, med si uhistoriske fordeling av desse vokalane, som her er premissleverandøren. Fordelinga av *o* og *å* vert likeins rota til når nemnda kneset *drope* m. og *tola* v., men stryk dei tilsvarande *brote* m. og *flote* m. (hovudformer i læreboknormalen). Det opphavlege prinsippet går tydeleg fram av partisippa (*har*) *brote* og *flote*; her har bokmålet *brutt* og *flytt*, og skrivemåtane har soleis alltid fått vera i fred.

Andre gjennomgåande drag er at høge, historiske vokalar vert tekne ut, t.d. *i*-en i ord som *lippe, smikka* og *vinstre*, *u*-en i *fumla, sumla* og *sume* og *y*-en i *styrd* og *sylgje*, og at høvet for einskildkonsonant, serleg *-m-*, forsvinn i ei rad ord, t.d. *romet, røma, tome, tøma* og dei alt nemnde *skræma* og *sume*. Ein skrivemåte som *styrd* kan verka kunstig på mange, men fylger Aasens prinsipp om *rd* for det som i målføra anten har vorte *r* eller «tjukk» *l*; *stør* og *støl* er her ortofone former, som om me skulle skriva *\*gar* og *\*gal* for *gard* eller *\*har* og *\*hal* for *hard*. Slik er det heile vegen; nynorskformene er oftast grunnlagde i ein historisk analyse av tilhøvet mellom dei ulike målføreformene, i motsetnad til i bokmål, der ein gjerne har teke opp norske ord i ei ortofon, uhistorisk form. Døme på det i rettskrivingsframlegget er *stri* f. 'hardt strev', i motsetnad til *strid* m. 'usemje', og *vrien* adj. 'vrang', i motsetnad til *vriden*, partisipp av *vri(da)*. Her favoriserer nemnda altså prinsippa – eller skorten på prinsipp – i bokmålet framfor å styrkja dei prinsippa som ligg til grunn for nynorsken.

Ein peikepinn om i kor stor grad framlegget til ny rettskriving hindrar ein tradisjonell nynorsk, kan me få ved å sjå på språket åt ein av dei fremste attdiktarane til nynorsk i dag, Johannes Gjerdåker. Ein gjennomgang av *Odar av Horats. Tredje samling* (Samlaget 2010) syner at Gjerdåker berre på seksti sider med dikt nyttar ei mengd former som nemnda no vil taka ut or norma: pret. på *-de* i *førde, lærde* og *tolde*, partisipp *bortført*, pres. *fær* og *slær*, adj. *lokkut*, pron. *honom*, talordet *tri, lippa, vinstre, ukse, sturta, herar, skræma, skræmeleg, mælte (opp), hanga, ovund, ovundsjuk, leikety, togverk, mod (livsmod, ovmod), idrott*. Eit snøgt gjennomsyn av tab. 2 kunne lett gjeva det inntrykket at nemnda for det meste tek ut sjeldsynte og lite aktuelle ord, men alle nedslaga hjå Gjerdåker syner at det ikkje er tilfellet; mange av desse orda og formene er heilt sentrale i den nynorske tradisjonen.

Konklusjon: Framlegget til ny rettskriving for nynorsk vil føra den offisielle nynorsken mange hakk i retning bokmål og stengja ute høvet for å skriva ein eintydig og sermerkt nynorsk. Framlegget bør difor avvissast.

Alternativt framlegg: Det som skortar i arbeidet med ny rettskriving, er eintydige prinsipp for utveljinga av former. Det einaste nokolunde objektive prinsippet nemnda held seg med, er frekvensteljing. Men, som me har sett, fører det til at bokmålsformene vert favoriserte i urimeleg høg grad. Det prinsippet burde difor vore «tøymt» av andre, meir tradisjonsorienterte prinsipp. Eg kunne tenkja meg desse prinsippa for ei «tydeleg, enkel og stram» norm for nynorsk:

1. Den nye rettskrivinga skal lagast på grunnlag av den gjeldande norma. Det skal ikkje introduserast nye former.
2. Former som alltid har vore ein del av nynorsken (sidan Aasen), vert «freda».  
(Grunngjeving: Det tek vare på tradisjonen og tryggjar stabilitet.)
3. Former som har kome inn i rettskrivinga med det føremålet å nærma nynorsken til bokmålet, vert tekne ut or norma.  
(Grunngjeving: Det set opp tydelege grenser mot bokmålet, som er naudsynte i den serleg pressa situasjonen som nynorsken er i.)

4. Former som har kome inn i nynorsken etter 1959, skal i regelen takast ut att. (Grunngjeving: Desse formene har ingen skriftradisjon å tala om og har som regel heller ikkje rokke å verta serleg frekvente.)

Unntak frå prinsippa kan gjerast for serskilt frekvente former.

Desse prinsippa favoriserer klårt tradisjonen, men det er òg naudsynt dersom nynorsken skal haldast oppe som eit tydeleg og sjølvstendig språk. Prinsippa har den føremonen at dei gjev etter måten tydelege svar når valet står mellom to eller fleire former.

Oslo, 13. mai 2011

Klaus Johan Myrvoll  
doktorgradsstipendiat i norrøn filologi ved Universitetet i Oslo  
og korrekturlesar i Dag og Tid

---

<sup>i</sup> Eg har sett bort frå formene *austanfrå*, *nordanfrå*, *søranfrå* og *vestanfrå*, som nemnda gjer framlegg om skal løysa av formene *austafrå*, *nordafra*, *sørafra* og *vestafra*. Denne endringa fører berre til ei korrigering av norma (i dette tilfellet ei utjamning), og ikkje til ei utviding av valfridomen. Formene med *-an-* var dessutan gjeldande norm fram til 1938.

<sup>ii</sup> *Bokmålsordboka* har dette ordet berre i tydinga «gå el. løpe med lange steg som en elg».

<sup>iii</sup> Her fører ikkje nemnda opp forma [*syrgja*], men av punkt 2.1.1 (s. 55) går det fram at denne forma skal vera med vidare, men ikkje den potensielle *\*syrga* (men derimot *ynska*).

<sup>iv</sup> Her har me eit døme på at rettskrivingsnemnda er meir katolsk enn paven: I bokmålet er dette ordet teke opp frå (ny)norsk i den historiske skrivemåten *telgje*.

<sup>v</sup> Her fører nemnda opp formi *stritta* i kolonnen for gjeldande rettskriving. Det er feil.

<sup>vi</sup> Her er det ikkje samsvar i kjønnet med bokmål, og forma *gøymselen* synest ha eit tvilsamt grunnlag.

<sup>vii</sup> Bruken av *dokker* som både subjekts- og objektsform gjev samsvar med bokmål på eit meir subtilt plan: Bokmål har heller ikkje skilnad på subjekt og objekt her (*dere*).

<sup>viii</sup> Her har nemnda mistydt gjeldande norm til at forma *\*[hjerta]* òg er tillaten.

<sup>ix</sup> Her har nemnda mistydt gjeldande norm til at forma *\*[øra]* òg er tillaten.

<sup>x</sup> Her synest ikkje nemnda å ha tenkt på at verbet *moda* finst i det samansette *oppmoda*, jf. at eit av døma under verbet *mode* i *Nynorskordboka* er *mode opp*. Det kan ikkje heita *\*oppmota*.

<sup>xi</sup> Her har ikkje nemnda sett at valfridomen mellom *breddfull* og *breiddfull* heng saman med at det finst to ord *bredd* f. og *breidd* f., der det fyrste tyder berre 'øvste kant av eit kar o.l.', medan *breidd* har fleire tydingar, m.a. 'tverrmål'. I røynda dreiar det seg om ei samanblanding av dei to orda.

<sup>xii</sup> Her fjernar nemnda eit heilt ord, noko som visseleg må liggja utanfor mandatet deira.

<sup>xiii</sup> Her stryk nemnda i røynda eit heilt ord. Adverbet *koss* (*hoss*, *hossen*) har eit anna opphav enn *korleis* (norr. *hversu*), og det burde vera mogeleg å føra opp dette ordet på eigen plass i ordboka.

<sup>xiv</sup> Her har ikkje nemnda teke opp det tilsvarende verbet, *stylt(r)a*, som finst med valfri *-r-* både på nynorsk og bokmål.

# Ny rettskriving 2011

## – Ein katastrofe for nynorsken

### **1 Eit dårleg framlegg**

Innstillingi frå normeringsnemndi er eit dårleg framlegg, som kan føra til ytterlegare svekkjing av nynorsken. Eg vil på det sterkaste rå frå å gjera denne rettskrivingi gjeldande! (viser til avsnitt [2 Samla vurdering](#)).

I avsnitt [3 Framlegg til annan valfridom](#) har eg sett opp nokre punkt som eg meiner er sers viktige å få retta opp før den nye rettskrivingi eventuelt kan tre i kraft.

### **2 Samla vurdering**

#### **For mykje samnorsk**

Eg meiner nemndi sin måte å skjera ned valfridomen har vore diskriminerande. I valet mellom ei mykje brukt tilnærmingsform og ei lite nytta tradisjonsform, har oftast den tradisjonelle formi måtta vika. Men når situasjonen er omvend, og det er tilnærmingsformi som er lite nytta, då let nemndi begge formene få stå. Samstundes kjem 136 nokre nye former inn i rettskrivingi (dei aller fleste er tilnærmingsformer), men ikkje ei einaste tradisjonell.

Dette tykkjer eg ikkje svarar til mandatet om å normera nynorsken på eigen grunn. Her ser det meir ut som nemndi satsar på ei vidareføring av samnorskprinsippet, om enn på ein moderat måte.

#### **Ugjennomtenkte «nyformer»**

Nemndi vil at det skal heita *komle* og *kompe* i staden for dei innarbeidde *kumle* og *kumpe*. Eit argument for dette er ein «samanheng» med *lompe* som vert skrive med o. Kva med former som *humle* og *rumpe*? Her bør me halda på dei gjeldande formene.

Når nemndi gjer adjektivet *strid* til eineform (det er bra), er det svært løye at substantivet *strid* (julestrid) vert bytt ut med *stri*.

#### **Vedtak med dårleg bakgrunnsundersøking**

Nemndi vil fjerna former som *oppstella* og *førestella*, til fordel for *oppstilla* og *førestilla*. Det kjem fram av innstillingi at bruken av desse formene ikkje er undersøkt. Ein kan ikkje fjerna ei heil ordgruppa på denne måten, utan at det er grundig undersøkt og gjennomtenkt fyrst.

#### **Eit splittande framlegg**

Om dette framlegget vert ein realitet, vil ikkje nynorsken tena på dette. Nynorsken vil få eit skot for baugen, når former som er viktige i dei nynorske kjerneområdi går ut or rettskrivingi. I tillegg støyter nemndi frå seg språkbrukarar frå alle kantar av landet, som t.d. Østfold Mållag har peikt på i høyringsfråsegni si. Rettskrivingi vil òg splitta målrørsla når viktige serdrag som i-målet går ut or normi.

I det heile teke kan ein seia at framlegget vil føra til ei splitting av målrørsla og målbrukarane. Dette vil på sikt gjera svært stor skade på nynorsken.

### Inkonsekvens

Det nye framlegget er vinglete og minst like inkonsekvent som gjeldande rettskriving. Det vil neppe verta lettare å skriva nynorsk om dette vert normi! Ein kan ikkje basera rettskrivingi på blind statistikk, slik nemndi langt på veg har gjort.

JF. DESSE PUNKTI, ER GJELDANDE RETTSKRIVING LANGT BETRE ENN FRAMLEGGET TIL NY. DET BESTE VIL VERA Å STOPPA DEN NYE NORMI, og ev. ta saki opp att om ti års tid, etter ein grundig debatt om kva veg me ynskjer at nynorsken skal gå.

## 3 Framlegg til annan valfridom

Ein del former og bøygningar er det rett og slett urimeleg og meiningslaust at nemndi vil verta av med. Nokre punkt må i alle høve endrast før rettskrivingi kan gjelda:

### VOKALISME

Fargen viser grad av viktigheit: Raud (■) er aller viktigast!

Gruppe	Former som må få stå
■ e - i	<i>kleppfisk, lippe</i> og <i>sev</i> bør få stå.
■ i - y	<i>[klyppa]</i> er mykje nytta og må jamstellast med <i>klippa</i> .
■ jo - y	<i>sjoda</i> og <i>[skjota]</i> bør òg få stå.
■ o - u	<i>smolt</i> og <i>sume</i> må få stå. Serleg <i>sume</i> er ein del nytta, og stiller i same klasse som <i>sumar</i> (som får stå ifylgje innstillingi).  <i>skule</i> bør verta eineform, medan <i>skole</i> går ut.
■ o - ø	<i>gor</i> og <i>snør</i> må få stå. Likeeins må <i>[nòt]</i> og <i>[nate-]</i> få stå.
■ o - å	<i>brote</i> må vera eineform, medan <i>[bråte]</i> går ut (jf. ljoðlæra og <i>drope</i> ).
■ u - y / u - ø	<i>[rudning]</i> og <i>[tunn]</i> lyt jamstellast. Dette er viktig av omsyn til mange talemål.  <i>[tunne]</i> må få stå, <i>tynne</i> kan heller gå ut.
■ y -ju	<i>spjut</i> må inn att i nynorsken, slik nemndi gjorde framlegg om tidlegare. <i>spjut</i> kan godt gå ut til fordel for denne.
■ y -ø	<i>dryn, dyn</i> og <i>styn</i> bør erstatta <i>drøn, dønn</i> og <i>støn</i> . Dette gjeld alle tre: <i>dryn/drøn</i> kjem av <i>drynja</i> , medan <i>drønn</i> kjem av <i>drønna</i> .



■ æ – å	<i>læsa</i> og <i>mæla</i> må få stå. Desse har god dekning i tale og skrift. Formi <i>mæling</i> lyt i alle fall stå i tydingi "jordstykke som kan slåast på ein dag".
■ au–o	<i>tog</i> og <i>trog</i> må stå! Desse er mykje nytta både i tale og i skrift.

### KONSONANTISME

Alle former med enkel *m* må få stå (t.d. *plome*). Dette er av omsyn til ljodlæra, dialektane og skriftradisjonen.

Nemndi har vore for raus med dobbelkonsonantane, og ein del former som *bønn*, *kjøtt* og *skott* (skot) bør takast ut av normi. Det er farleg for nynorsken å gje forlagi moglegheit til å nytta so mange dobbelkonsonantar i lærebøkene, og ein del av desse har ikkje festa seg i skriftradisjonen enno.

*Strid* må få stå som eineform, og ikkje bytast ut med *stri*.

Eg meiner *bøying* og *bøygning* er to ulike ord. Difor må begge få stå, og dei bør oppførast kvar for seg:

*bøying* = det å bøya;

*bøygning* = måte som eit ord vert bøygd på (språkleg).

### SLÆR/SLÅR

Æ-formene er vanlege i fleire talemål, og vert framleis nytta i skrift. Det er ikkje bra at Språkrådet påbyr oss å flata ut språket vårt.

Desse formene må få stå slik:

*slå* – *slår* el. *slær*

*slåst* – *slåst* el. *slæst*

### DE/DYKK/DOKKER

Når mønsteret *dokker* – *dokker* no kjem inn ved sida av *de* – *dykk*, har eg ein viktig merknad. Det må òg vera lov å nytta mellomtingen *de* – *dokker*. Den finst òg i ein del talemål, og moglegheiti for å nytta dette kan hindra subjektsformi frå ein unaturleg rask tilbakegang.

Slik:

*de* – *dykk* – *dykkar* el.

*de* – *dokker* – *dokkar* el.

*dokker* – *dokker* – *dokkar*.

### PALATAL SKRIVEMÅTE

J-en må ikkje bli valfri i dei ordi som i dag har obligatorisk *j* (t.d. *ynskja*/*ønskja* og *syrgja*/*syrga*).

Det er ikkje logisk at me har lov til å skriva *setjing*, men ikkje *tenkjing*. Former som *tenkjing* og *byggjing* er ikkje sjeldsynte i skrift heller. Nemndi avviste ynsket om å ta j-en

---

inn att i rettskrivingi med at «regelen er enkel å læra». Det er nett det han ikkje er. Dette er eit av dei svake punkti i gjeldande rettskriving, og må rettast opp.

### **HONOM**

Objektformi *honom* må få stå. Denne er framleis i ålmenn bruk, og kan gjera det enklare å skriva tydeleg. Endåtil bokmålet har skilje mellom subjekt og objekt i hannkjønn.

### **I-MÅL OG I-SUPINUM**

Moglegheiti for å nytta i-mål (*bygdi og fjelli*), er eit gode for dei som vel å nytta det, men aldri ei ulempa for dei som ikkje nyttar det. Å fjerna i-målet er ein lettvinnt måte å redusera valfridomen, men det vert ikkje lettare å skriva nynorsk. I-målet er eit viktig nynorsk serdrag, som er vel verdt å ta vare på. Det er ljost levande i fleire dialektar på Sørvestlandet og Austanfjells. I-mål og a-mål må vera jamstelte i ny rettskriving!

På same måte er i-supinum ei viktig form for Austlandet. Denne er til og med jamstelt hovudform i dag. Ogso i-supinum bør få stå.

### **LATT OG TATT**

Det er ingen grunn til å jamstella *lar – latt og tar – tatt*. Desse formene vil øydeleggja skriftbiletet. Formene *lèt – late og tek – teke* må vera eineformer!

### **SAMSVARSBØYGNING**

Skuleverket og statstenesta er viktige førebilete for språkbrukarane. Det er viktig at desse nyttar samsvarsbøygning. Den vanlege språkbrukar vil ofte skriva slik som desse førebileti, og difor er det viktig at dei nyttar samsvarsbøygning. Skulen og staten må ikkje vera dei fyrste til å vraka samsvarsbøygningi! Sidan det er nett desse gruppene som er plikta til å fylgja rettskrivingi, må samsvarsbøygning framleis vera obligatorisk.

Vensam helsing

**Bjørn S. Søltnæs (16)**  
**Hermansverk i Sogn**

---

**Erlend Bakke  
Litle Fauskanger  
5314 Kjerrgarden**

**Styret i Språkrådet**

**Askøy, 13. mai 2011**

**STYRET I SPRÅKRÅDET LYT BRIGDA «INNSTILLING TIL NY RETTSKRIVING FOR DET NYNORSKE SKRIFTMÅLET» AV 1. APRIL 2011 FØR HO KAN GODKJENNAST AV KULTURDEPARTEMENTET**

Rettskrivingsnemnda for nynorsk la 1. april 2011 fram «Ny rettskriving for 2000-talet Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet». Innstillinga skal handsamast av styret i Språkrådet i møte 20. mai 2011. Så skal ho til Kulturdepartementet, som avgjer prosessen med å laga ny rettskriving for nynorsk. Den rettskrivinga Kulturdepartementet godkjenner skal etter planen gjelda frå 1. august 2012.

Eg vonar styret i Språkrådet framleis har bruk for synspunkt på Innstillinga, det vil seia før møtet 20. mai. Eg vonar sjølvstøtt au at dei synspunkta på Innstillinga eg legg fram nedanfor, kan påverka innhaldet i den versjonen av Innstillinga som Kulturdepartementet skal vurdera, det vil seia den versjonen styret i Språkrådet sender frå seg.

Styret i Språkrådet innser vel i alle høve at det ikkje kan levera Innstillinga til Kulturdepartementet slik ho er levert til Språkrådet av Rettskrivingsnemnda.

**Om mandatet for Rettskrivingsnemnda og tolkinga av det**

Mandatet for arbeidet fekk Rettskrivingsnemnda av styret i Språkrådet (Innstillinga s. 27). Eg tuftar synspunkta mine på denne meininga: Innstillinga av 1. april syner at Rettskrivingsnemnda har tolka dette mandatet for arbeidet for vidt og for laust.

Det går an å skjønna at heile spørsmålet om nynorsk rettskriving er lett å tolka for vidt og vanskeleg å tolka for smalt. Det går ikkje an å skjønna at Rettskrivingsnemnda ikkje har løyst opp i slike problem og dilemma, og ikkje har teke retteleg stilling.

Difor er Innstillinga ikkje til å godtaka som ho er. Difor har styret i Språkrådet den vanskelege oppgåva å gjera Innstillinga smal nok.

Eg meiner at Rettskrivingsnemnda ikkje har hatt mandat til å halda på eller innføra så mykje representasjon av ulike talemålsvariantar i rettskrivinga som Innstillinga faktisk gjer framlegg om. Den overdimensjonerte og i ein del tilfelle feildimensjonerte talemålsrepresentasjonen i Innstillinga, vil gjera rettskrivinga for lite stabil, for lite tydeleg og for lite nynorsk. Det vil seia ei rettskriving som er for lite stabilt representiv for ein annan språkleg røyndom enn bokmål.

---

Eg legg ikkje her opp til tanken om at det finst nynorske former som er «betre» eller «finare» enn andre nynorske former, men siktar til at ei *rettskrivingsnemnd* må våga å karakterisera visse folkemålsformer som ueigna innanfor *det offisielle skriftmålet* nynorsk, og dessutan peika ut visse nynorske former som representative for fleire moglege og tenkjelege nynorske formvariantar.

Av di Rettskrivingsnemnda ikkje har vågd dette stort nok, har folkemålstanken på fleire måtar for mykje plass i Innstillinga, jamfør 1.4.2 «Ideologiske retningar», der tradisjonen for folkemålsprinsippet i rettskrivinga er sedd i samanheng med tradisjonen for einskapsprinsippet i rettskrivinga.

### **Korleis er mandatpunkta å forstå?**

Det verkar rimeleg å påstå at mandatpunkta 1 og 2 talar om sjølve hovudoppgåva i Rettskrivingsnemnda. Dei andre mandatpunkta er difor å rekna som presiseringar av mandatpunkta 1 og 2, eller så omtaler dei arbeidsmåtane for å laga ny rettskriving.

Mandatpunkt 1 inneber å setja i gang «... arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.»

Mandatpunkt 2 seier at ein vil «... etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse.

Ein kan sjølv sagt diskutera om mandatpunkta 1 og 2 inneheld element som dreg i ulike retningar, men etter mitt skjøn er det måten Rettskrivingsnemnda har tolka mandatpunkt 3 på, som har leidd til at Innstillinga ikkje er «tydeleg, enkel og stram» nok. Rettskrivingsnemnda har såleis ikkje godt nok fylgd mandatpunkta 1 og 2.

Heile mandatpunkt 3 lyder slik: «Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreiding og skriftspråktradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.»

Det ligg i dagen at mandatpunkt 3 har vore viktig for å kunna operasjonalisera arbeidet med å laga ei ny norm, jamfør 1.6 i Innstillinga, «Retningslinjer for arbeidet i nemnda» (s.38). Dersom mandatpunkt 3 ikkje hadde vore med i grunnlaget for arbeidet, kunne Rettskrivingsnemnda til dømes og i prinsippet ha laga ei norm med i-målet som eineform, eller ei norm berre med e-infinitiv. Mandatpunkt 3 har gjort det umogleg å laga norma med slike urimelege forenklingar og innstramingar.

### **Korleis har Rettskrivingsnemnda balansert skriftmålstradisjonar og talemålsgrunnlag, jamfør mandatpunkt 3?**

---

Styret i Språkrådet kan ikkje senda eit rettskrivingsframlegg til Kulturdepartementet som tek for mykje omsyn til at alle nynorskbrukarane skal få skriva korrekt innanfor eit «breitt talemålsgrunnlag», i alle høve ikkje utan å karakterisera og systematisera kva breitt talemålsgrunnlag er. Då balanserer ikkje Språkrådet omsynet til talemålsgrunnlaget med omsynet til skriftmålstradisjonane.

Dei språksosiologiske opplevingane alle i Noreg har til dagleg i 2011 tyder på at talemålet vårt har bokmål (og engelsk) som mal. Eg treng ikkje syna fram her korleis det bokmålsbaserte talemålet i og ved Oslo når konstant ut til dei tusen heimane. Det veit styret i Språkrådet like godt eller vel så godt som meg.

Dei personane, dei institusjonane og den staten som ynskjer at nynorsken skal overleva og kunne vera ein jambyrdig talemålsmal med bokmålet, lyt difor per definisjon gå med på tanken om at nynorsken må vera «tydeleg, enkel og stram», og dét som eit anna skriftmål enn bokmål.

Difor finst det i 2011 fleire brennande spørsmål å svara tydeleg på i ei rettskrivingsnemnd for nynorsk:

Kva tyder «breitt talemålsgrunnlag» i mandatpunkt 3? Kva inneber svaret på dét for balanseringa med skriftmåltradisjonen? Kva er skriftmåltradisjonen i nynorsk? Er han ikkje sprikjande? Jau. Difor står det då au «skriftspråktradisjonar» i mandatpunkt 3.

Kva har alt dette tydd og innebore for Rettskrivingsnemnda? Har ho lagt ein plan for korleis rettskrivingsframlegget systematisk skal balansera desse tilhøva i den nynorske verda?

Skal alle norske dialektområde få «sine» former godkjende som landsfemnande i ei nynorsk rettskriving? Skal visse talemåtar hjå fleirtalet av norsktalande takast med i rettskrivinga, og sjalta ut eller jamstillast med andre former som har skriftspråkleg tradisjon?

Under 1.3.3 «Kven er normagentane?» i Innstillinga står det mellom anna:

«Forsking viser òg at nynorskbrukarane er mykje meir positive til variasjon enn det bokmålsbrukarane generelt er (Berg 1999, Selback 2001) Likevel har dei fleste nynorskbrukarar ei kjensle av kva som er «markerte» former, og kva som er meir umarkert. Språkformene ein vel i ein gitt situasjon, kan på den måten gi uttrykk for identitet.»

Det kan sjå ut til at Rettskrivingsnemnda har teke med mange «markerte» former i rettskrivinga, for slik å sikra at alle nynorskbrukarane kan skriva korrekt nynorsk med dei formene dei sjølve meiner er umarkerte. Resultatet når ein skal lesa denne nynorsken er at dei markerte formene florerer, akkurat på grunn av ynsket om å innføra former som dei individuelle nynorskbrukarane kvar for seg meiner er umarkerte.

Kvifor tenkjer ikkje desse nynorskbrukarane over at jamvel ordet «jeg» ikkje er så «markert» i skrift for dei fleste norsktalande som ordet «eg»? Fleirtalet av

---

norsktalende over svært store geografiske område i Noreg har jo ei taleform av fyrstepersonpronomenet sitt som minner vel så mykje om «eg» som om «jeg».

Så kvifor tykkjer så mange norsktalende at «jeg» i skrift er mindre «markert» enn «eg»? Kva har Rettskrivingsnemnda meint og avgjort i slike sosiolingvistiske spørsmål?

I eit visst perspektiv er det snodig at Rettskrivingsnemnda gjer eit merkeleg framlegg om å tillata pronomenparet «dokker-dokker» som hovudform jamstilt med det tradisjonelle og hittil einerådande «de-dykk» (Innstillinga s. 160), heller enn å lata folk velja mellom fyrstepersonpronomenformene «eg» og «je».

Trur verkeleg Rettskrivingsnemnda at nynorsken kjem til å verta mindre markert og mindre vanskeleg for folk flest med å jamstilla pronomenpara «dokker-dokker» og «de-dykk», der bokmålet har «dere-dere»?

Fyrstepersonforma «je» vart teken inn som sideform til hovudforma «eg» i rettskrivinga av 1917 (Innstillinga s. 160). Ho kunne difor karakteriserast som ein del av den nynorske skrifttradisjonen – mellom anna mykje nytta i dialektbaserte skriftstykke av austlandske forfattarar som Alf Prøysen og Vidar Sandbeck – og som ei god norsk folkemålsform upåverka av dansk, riksmål og bokmål.

På dét grunnlaget kunne Rettskrivingsnemnda med større rett enn i tilfellet «dokker-dokker» og «de-dykk», finna på å taka inn «je» som jamstilt hovudform med «eg» i det offisielle skriftmålet nynorsk, slik tidlegare rettskrivingsnemnder har gjort det med pronomenformene «me» og «vi».

Likevel er det «dokker-dokker» Rettskrivingsnemnda gjer framlegg om, visstnok av di «de-dykk» er så «markert» og vanskeleg å halda styr på for nynorskbrukarane – jamvel om dette pronomenparet sidan byrjinga av livet med landsmålet/nynorsken har vore eineform – at desse nynorskbrukarane treng endå ei form av den same grammatiske samanhengen å halda styr på. Det er innvikla å skjønna logikken i at Rettskrivingsnemnda innfører folkemålsformer det ikkje er skriftmåltradisjon for i tillegg til dei formene med skriftmåltradisjon, på eit grammatisk område der skrivande folk visst har det vanskeleg nok frå før av.

Slike døme gjer det viktig for styret i Språkrådet å spørja seg slik:

Kva er grunnane til at Rettskrivingsnemnda har valt å balansera dei omsyna mandatpunkt 3 nemner, slik ho faktisk har gjort? Har Rettskrivingsnemnda balansert desse omsyna systematisk? Har ho gjort det etter eitt eller fleire system? Har ho gjort det i samsvar med mandatpunkt 1 og 2?

### **Visse døme på at Rettskrivingsnemnda bryt med mandatpunkta 1 og 2**

Eg har ikkje høve til å presentera synet mitt på alle formene i den rettskrivinga som Innstillinga inneber. Eg reknar med at det heller ikkje er naudsynt for å gjera visse poeng klåre. Styret i Språkrådet er dessutan sjølv i stand til å tenkja seg fram til viktige sider ved Innstillinga, og får vel au både innsyn og innsyn i Innstillinga ved hjelp av andre innspelarar enn meg.

---

### 2.3.1 i Innstillinga «Verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på *g* eller *k*»:

Dei verba som 2.3.1 tek opp skal i infintivsformene variera i offisiell skrift mellom til dømes *bygga*, *bygge*, *byggja* og *byggje*, slik eg her har skriva dei opp i alfabetisk orden. Framlegget innfører fleire nye former innanfor den skriftnormalen som skal gjelda i opplæringa i skulen og i tekstproduksjonen i staten, og skal visst innførast for å byggja bru mellom skriftmålstradisjonane og nyare talemål. Tanken er vel at ein i ei framtidig rettskrivingsreform kan kvitta seg med dei tradisjonelle formene med *byggja* og *byggje*. Det tenkjer så å seia tanken på at den nye rettskrivinga ikkje skal vera stabil.

### 3.1.1 i Innstillinga «Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal»

Det same gjeld framlegget i 3.1.1 om å jamstilla «bunader» med «bunadar». Her au ligg det nært å tru at ei framtidig rettskrivingsreform heilt skal fjerna den uregelrette bøyinga av ord som bunad – det vil seia forma «bunader» – når berre folkemålsforma er vorten til «bunadar», trass i at uttalen i dag liknar «bunader» hjå dei fleste norsktalande.

Dette er berre to døme på at Innstillinga bryt med mandatpunkta 1 og 2. Dei er to viktige døme, men dei kunne supplerast med mange andre døme på at Innstillinga verkar uferdig og usystematisk. Ho verkar ikkje å vera basert på systematiske val.

## **Den nynorske rettskrivinga lyt fremja nynorsken**

Språkrådet og Kulturdepartementet har i oppgåve å peika ut ei nynorsk rettskriving som sikrar at nynorsken som offisielt skriftmål er til å finna ut av som eige skriftmål, og verkeleg er til for dei som ynskjer å skriva dette skriftmålet korrekt og for dei som har plikt til å skriva det korrekt, jamfør mandatpunkt 1.

Innstillinga er karakterisert som rettskriving. Då lyt ho vera og presenterast som ei sjølv sagt «uæveleg», men likevel endeleg rettskriving, og ikkje ei endelaus rettkiving. Rettskrivinga lyt synast fram som rettskriving, som mynster i det mynsterlause.

Har ikkje nynorsken som skriftmål sterkare preg av å vera mynster, kan me gløyma tanken på å gjera nynorsken sterkare gjeldande i den skriftkulturen som verkar inn på det språklege medvitet og kunnskapen hjå born og unge. Me treng ikkje meir folkemålbasert nynorsk i den nynorske rettskrivinga.

Den heilt folkemålbaserte og usystematiske nynorsken finn mange personar på heilt av seg sjølv, gjerne heile tida når dei skriv i sine private samanhengar. Det kan ingen hindra eller fortenkja dei i. Når dei vil, skal eller må ty til det skriftmålet dei meiner er det rette, så tyr dei til malen og mynsteret som er å finna. Det finn dei gjerne i bokmålet. Staten ved Språkrådet og Kulturdepartementet har som offisielle og offentlege språkrøktarar plikt til å lata oss unge og gamle finna den malen og mynsteret i nynorsken au.

---

Difor er det å venta at styret i Språkrådet fyrst sender Innstillinga vidare til Kulturdepartementet når Innstillinga har ei form der balansen mellom talemålsgrunnlaget og skriftspråktradisjonane er systematisert, basert på vilkåret om at systematikken kan kallast nynorsk, og der denne systematiske balansen oppfyller hovudmandatet som mandatpunkta 1 og 2 formulerer.

Med helsing  
Erlend Bakke

Kopi: Kulturdepartementet

Til styret i Språkrådet  
Til Kulturdepartementet

#### **FÆRRE AUSTNORSKE FORMER I NYNORSK**

Som reaksjon på dobbeltsida om nynorskrettskrivinga i siste Dag og Tid har eg laga ein kommentar som kjem i komande nummer. Ettersom saka skal opp i styret i Språkrådet alt på fredag, sender eg kommentaren også til styret. Så går saka visstnok fort til Kulturdepartementet, derfor sender eg han også dit.

I kommentaren til Dag og Tid fekk eg liten plass til atterhald og nyansar, eg måtte konsentrere meg om hovudpoenget. Eg meiner at rettskrivingsnemnda har gjort mye bra, eg er fullt ut klar over at valfridomen skulle innskrenkast, og eg støttar ei opprydding i mengda av valfrie former, men konklusjonen min står ved lag: Eg meiner austlandsnynorsken har fått lide for mye.

Vennleg helsing  
Tordis Irene Fosse

#### **Mange av oss kan bli ulovleg nynorske etter rettskrivingsendringa**

##### **Mindre valfridom og færre austnorske former i nynorsk**

I Dag og Tid fredag den 13. er det ei dobbeltside om framlegget til ny nynorskrettskriving. Klaus Johan Myrvoll konkluderer med at det blir meir valfridom, og at det er "ein klår og eintydig tendens i framlegget til ny rettskriving at bokmålsformene vert favoriserte". Han stiller opp ei rekke med ordformer som skal illustrere dette. Professor Jan Terje Faarlund stemmer i med at nemnda "ikkje har gått langt nok med å luka ut former som er sams med bokmål".



---

Påstanden om bokmålstilnærming er så urimeleg at både styreleiaren i Språkrådet og leiaren i nemnda protesterer. Fokuset i Dag og Tid blir likevel mest på den påståtte store fridomen til å velja bokmålsformer i nynorsk; det blir ikkje snakk om at framlegget trekker nynorsken unna austnorsken. Eg protesterer på det sterkaste mot konklusjonen og vektlegginga frå Myrvoll.

### **Mindre valfridom for oss austnorske på systemnivå**

Myrvoll nemner einskildord og ordgrupper som får valfrie former. For meg som skrivar er det avgjort meir inngripande at heile store kategoriar av former fell ut. Dette blir noko eg støyter borti heile tida.

Ikkje skulle litt valfridom på systemnivå gjera nynorsken nemnande meir uryddig og komplisert å lære heller: At ein f.eks. kan velja mellom -e og -i i supinum av sterke verb (t.d. funne el. funni), er ein enkel regel som kan gjera mye for skrivaren.

Eg nemner også ein stor ordlagingskategori: Det skal bli slutt på å bruke -lig som ending i adjektiv. Ein annan viktig kategori er frå lydverket, nemleg monoftongering: ikkje meir "drøm", "drømme", "høre", "kjøre" osv. Pronomena "noe" og "noen" er så frekvente at eg nemner dei i same slengen – dei skal ut.

Mindre valfridom når det gjeld gjennomgåande drag i språket kan vise seg i store delar av ei tekst: Dei fleste tekster har meir av verb i supinum enn "ongel", "okle" og "bølgje"!

### **Bokmål eller austnorsk?**

På vesentlege punkt får nynorsk og bokmål mindre sams enn før (jf. delar av tabellen). Ei korrekt nynorsktekst kan mindre enn før likne ei bokmålstekst. Men det som slår hardt innover austnorske nynorskskrivarar, er at skrivinga i mindre grad kan tufte seg på talemålet vårt, enda det står i mandatet at norma skal vera slik at "nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet".

Eg vil tru at dei fleste av oss ikkje skriv nynorsk fordi vi hatar bokmål og derfor vil koma lengst muleg unna bokmålet. Ikkje skriv vi nynorsk fyrst og fremst for å halde liv i nynorsken heller, sjølv om det også er eit godt formål. Vi skriv nynorsk fordi det kjennest som språket vårt, det er det beste språket for oss når vi skal uttrykke oss. At ein del av ordformene vi bruker, er heilt maken på bokmål, skulle ikkje vera noko å skamme seg over – det kan elles ingen nynorskskrivar koma unna.

Det er ikkje moro for oss austnorske at talemålet vårt blir nedvurdert og nynorsken vår omtala som dårleg nynorsk eller utafornynorsk. Da 1959-rettskrivinga kom, kjendest det for somme av oss som oppvurdering av språket vårt og ei frigjering. Framlegget av i år er på fleire måtar eit tilbakesteg.

### **Kven eig nynorsken?**

Alle har lov å nyte og bruke nynorsk, og somme må. Vi skal ikkje definere ut ein del av brukarane. Også vi frå nynorske "randsoner" vil vera med, og nynorskforfattarar frå heile landet må reknast med. Som fleire høringssvar viser, bruker mange forfattarar austnorske former som det er meint skal ut. Forfattarar kan skrive som dei vil, blir det sagt, men ikkje er det fullt ut sant, og ikkje er det kjekt å falle utafor. Heller ikkje er det bra for nynorsken dersom mange forfattarar ser bort frå rettskrivinga eller fell av nynorsklasset eller aldri får lyst til å prøve seg på nynorsk. Og vi som mest skriv sak og fag, skal vi måtta kjempe både for å få skrive nynorsk og for nynorskforma vår? Inniblant kan vi oppleve motstand nok når vi held på nynorsk.

### **Liten innverknad av høringssvar**

---

Den demokratiske prosessen i rettskrivingssaka blir framheva, ikkje minst av leiaren i Språkrådet. Men er det nok å få koma med synspunkt, dersom synspunkta ikkje blir tatt omsyn til? Mange av høyringssvara var negative til fjerninga av austnorske former, med omtrent den rekka med eksempel som eg har med i tabellen. Nemnda har justert svært lite i den endelege innstillinga.

Ei av justeringane er viktig for oss det gjeld: Vi skal likevel få bruke kløyvd infinitiv, men det skulle eit ramaskrik til for å redde infinitiven – med god hjelp av Edvard Hoems tordnande røst. Det blir altså framleis rett å skrive "vera" og samtidig "hoppe" osv. Eit stort skår i gleda er likevel det rettskrivingsnemnda så stramt skriv: "Det er ikkje høve til å bruka kløyvd infinitiv fritt etter talemålet." Alf Hellevik skriv derimot vennleg i nynorskordlista si: "Målføra med kløyvd infinitiv følgjer litt ulike reglar når det gjeld kva verb som får endinga -a; her kan den einskilde følgje målføret sitt i skrift."

### **Kva skal vi finne på?**

Mange av oss sett vår ære i å skrive rett, og ofte må vi det. Eg vurderer sterkt å debutere som rettskrivingsulydig og halde fram med i-supinum og monoftongering, og sanneleg vil eg skrive "mye" og "muleg" og "hjerter", det kan endatil dukke opp eit "noe" ein sjeldan gong når eg treng noko lett og trykklaust. Kanskje rettskrivinga opnar seg att om vi er fleire som er stae nok?

Ei minstebønn til styret i Språkrådet og Kulturdepartementet: Ta bort den stygge setninga som skal tøyme den kløyvde infinitiven! Legg dessutan inn att supinum på -i, og aksepter monoftongeringa! Og la oss skrive "mye" utan blygsel! Ikkje gjer oss austlandsnynorske meir ulovleg norske enn nødvendig! Og hugs at det har gått fort i svingane – ikkje rart at saka har gått somme forbi!

Gjeldande norm

Framlegg til ny norm

Ut av nynorsken

Infinitiv på -a el. -e el.

[kløyvd infinitiv i samsvar med målføret til den einskilde]

Infinitiv på -a el. -e el. kløyvd infinitiv i samsvar med liste

Kløyvd infinitiv i samsvar med målføret til den einskilde

Supinum på -i el. -e i sterke verb: lesi el. lese, funni el. funne osv.

Supinum på -e i sterke verb: lese, funne osv.

Supinum på -i i sterke verb: lesi, funni osv.

Refleksiv- og passivform på -st [s]: kjennast [kjennas] osv.

Refleksivform på -st: kjennast osv.

Refleksivform på -s: kjennas osv.

draum [drøm], drøyme [drømme], kjøre el. køyre, høre el. høyre osv.

draum, drøyme, køyre, høyre osv.

---

drøm, drømme, kjøre, høre osv.

Adjektiv på -leg [-lig]

Adjektiv på -leg

Adjektiv på -lig

utafor el. utanfor, innafor el. innanfor osv.

utanfor, innanfor osv.

utafor, innafor osv

noko [noe], nokon[noen], nokre [noen] noko osv.

noe, noen

hennar [hennes], deira [deires]

hennar, deira

hennes, deires

Frekvente einskildord, eksempel:

annan [annen], berre [bare], mye el. mykje, framand [fremmend], haldning el. holdning, mog(e)leg [muleg, mulig m.m.]

annan, berre, mykje, framand, haldning, mog(e)leg

annen, mye, bare, fremmend, holdning, muleg, mulig m.m.

Tordis Irene Fosse

førsteamanuensis i norsk

ved Høgskolen i Oslo